


Tilstandsrapport for høgare yrkesfagleg utdanning 2026



Tilstandsrapport for høgare yrkesfagleg utdanning 2026

Redaktør:

Magnus Fodstad Larsen

Forfattarar:

Andreas Ask

Kjerstin Bruvold Klokkeide

Stine Viddal Øi

Terje Kolbu Jacobsen

Therese H. Røst

ISSN: 2703-9102

Ope tilgjengeleg CC-BY 4.0

Forord

Tilstandsrapporten for høgare yrkesfagleg utdanning 2026 er utarbeidd av Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet. Rapporten gir eit samla oversyn over utviklinga i sektoren og skal vere eit kunnskapsgrunnlag for styring, forvalting og vidare utviklingsarbeid innan høgare yrkesfagleg utdanning.

Tilstandsrapporten for 2026 byggjer på statistikk og analysar for 2025. Database for statistikk om høgare yrkesfagleg utdanning (DBH-HYU) er hovudkjelda for tala i rapporten, supplert med data frå Statistisk sentralbyrå. Datagrunnlaget er kvalitetssikra og sett i samanheng for å gi eit mest mogleg heilskapleg bilete av sektoren. Rapporten omtalar studentar, fagskular, utdanningstilbod og finansiering, og analyserer utviklingstrekk over tid, med hovudvekt på perioden 2021–2025.

HK-dir arbeider kontinuerleg med å vidareutvikle tilstandsrapporten i takt med endringar i sektoren og brukarane sine behov. I årets rapport er sektorbilete innleiingsvis presentert med nasjonale nøkkeltal for dei tre siste åra. Til kvar figur og tabell er det tilgjengelege vedlegg med grunnlagsdata og supplerande statistikk. I tillegg er det utarbeidd eit eige fylkesvedlegg med sektorbilete, utvalde nøkkeltal og korte omtalar av fagskulesektoren i kvart fylke.

Vi vil rette ein takk til kollegaene våre i avdeling for data og statistikk for godt samarbeid. Dei har hatt ansvar for uttrekk og klargjering av data frå Database for statistikk om høgare yrkesfagleg utdanning (DBH-HYU). Analysane og sjølv rapporten er utarbeidd i samarbeid mellom tilsette i avdeling for undersøkingar og analyse og avdeling for høgare yrkesfagleg utdanning.

HK-dir takkar Kunnskapsdepartementet for oppdraget, og for konstruktive tilbakemeldingar og samarbeid i arbeidet med rapporten.

Sektorbilete

Fagskular og studiestader	2023	2024	2025
Tal på skular	60	63	61
Fagskular med offentleg eigarskap	16	18	18
Av desse fylkeskommunalt eigarskap	11	13	12
Fagskular med privat eigarskap	44	45	43
Fagskular med færre enn 50 studentar	20	20	18
Fagskular med mellom 50 og 500 studentar	23	26	25
Fagskular med fleire enn 500 studentar	17	17	18
Tal på studiestader	175	178	188
Studiestader ved offentlege fagskular	73	79	80
Studiestader ved private fagskular	102	99	108

Utdanningstilbod etter fagområde (FKF)	2023	2024	2025
Helse og velferd	658	581	608
IT	126	181	220
Kreativ	143	145	120
Samferdsel	46	49	48
Teknisk	394	625	585
Økonomi- og administrasjon	391	445	466
Anna	61	75	85
Uoppgitt	47	6	0

Studentar	2023	2024	2025
Tal på nye studentar ¹	17 377	18 044	19 331
Tal på studentar ²	31 491	34 016	36 086
Andel kvinner	47 %	47 %	48 %
Andel menn	53 %	53 %	52 %
Tal på studentar ved offentlege fagskular	14 884	16 258	17 318
Tal på studentar ved private fagskular	16 607	17 758	18 768
Tal på uteksaminerte studentar	11 386	13 045	14 197

¹ Talet inkluderer nye studentar på utdanningstilbod over 30 studiepoeng på teljetidspunktet 1. oktober, og studentar (enkeltindivid) på studietilbod under 30 studiepoeng frå heile året.

² Talet inkluderer aktive studentar på utdanningstilbod over 30 studiepoeng på teljetidspunktet 1. oktober, og studentar (enkeltindivid) på studietilbod under 30 studiepoeng frå heile året.

Studentar fordelt på fagområde (FKF)	2023	2024	2025
Helse og velferd	7 588	8 418	9 528
Kreativ	2 506	2 399	1 998
Samferdsel	1 395	1 621	1 783
Teknisk	9 643	10 711	11 566
IT-fag	3 774	3 768	3 663
Økonomi- og administrasjon	5 657	6 102	6 734
Anna	711	810	746
Uoppgitt	217	187	68
Totalt	31 491	34 016	36 086

Kjønnsfordeling på dei største fagområda	2023	2024	2025
Teknisk, andel kvinner	8 %	9 %	12 %
Helse og velferd, andel kvinner	86 %	87 %	86 %
Økonomi- og administrasjon, andel kvinner	69 %	67 %	68 %

Opptaksgrunnlag for nye studentar	2023	2024	2025
Generell studiekompetanse	3 636	3 731	3 846
Høgare yrkesfagleg utdanning	93	226	115
Realkompetanse	3 254	4 197	4 158
Spesielle opptakskrav	185	287	262
Utanlandsk utdanningsbakgrunn	160	148	248
Yrkesfagleg kompetanse	10 014	9 455	10 702
Anna kompetansegrunnlag	35	0	0
Tal på nye studentar	17 377	18 044	19 331

Finansiering	2023	2024	2025
Statleg tilskot til drift av fagskular	1,2 mrd.	1,4 mrd.	1,6 mrd.
Tilskot frå fylkeskommunanes frie inntekter	173 mill.	170 mill.	215 mill.
Tilskot til statlege fagskular	134 mill.	287 mill.	286 mill. ³
Skulepengar, private skular	755 mill.	815 mill.	830 mill.
Skulepengar, offentlege skular	29 mill.	31 mill.	29 mill.
Statlege prosjektmidlar	128 mill.	118 mill.	147 mill.

Vedlegg: [S0](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

³ Tilskot til dykkarutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet er ikkje inkludert i 2025, slik det har vore i tidlegare år, då vi ikkje har tilgang til opplysningar om driftsmidlar for dette året. Tilskot til Sjøforsvarets fagskule er ikkje inkludert i nokon av åra.

Samandrag

Studentvekst driven av dei største fagområda

I 2025 var det 36 100 studentar i høgare yrkesfagleg utdanning, ein auke på seks prosent frå året før.

Den totale studentveksten er i hovudsak konsentrert til dei største fagområda. Tekniske fag, helse- og velferdsfag og økonomi- og administrasjonsfag omfattar til saman over tre firedelar av studentane, og det er òg innanfor desse fagområda den sterkaste veksten dei siste åra har kome. Innan helse- og velferdsfag har særleg oppvekstfaga hatt ein markant auke i studenttal. IT-fag er for første gong skilt ut som eige fagområde i rapporten. Etter fleire år med vekst har talet på IT-studentar flata ut. Samstundes veks studenttalet ved dei offentlege fagskulane.

Auke i samlingsbaserte tilbod

Dei fleste studentane tek fleksible tilbod. Rundt tre firedelar av studentane tek utdanning på deltid i 2025. Nettbaserte utdanningar med og utan samling har etablert seg som dei mest vanlege utdanningsformane, og i 2025 tok nærare halvparten av studentane eit samlingsbasert tilbod, og ein tredel eit tilbod som var heilt nettbasert.

Høg studiepoengproduksjon

Utviklinga i opptak og talet på uteksaminerte følgjer i hovudsak veksten i studentmassen. Studiepoengproduksjonen er gjennomgåande høg, noko som indikerer god gjennomføring i ein sektor der deltidsstudium og digitale løysingar er dominerande. Det er likevel variasjonar i studiepoengproduksjon mellom ulike utdanningsformer, fagområde og mellom studentar på heiltid og deltid.

Større fagskular og meir geografisk tilgjenge

I 2025 omfattar fagskulesektoren 61 fagskular, fordelte på 18 offentlege og 43 private, med samla aktivitet på 188 studiestader. Det er stor variasjon i institusjonsstorleik, men utviklinga peikar i retning av fleire større fagskular med brei geografisk fordeling av studiestader.

Fleire utdanningstilbod og vekst i fleksible løysingar

Hausten 2025 var det registrert over 450 unike utdanningstilbod, og når ein tek omsyn til variasjonar i geografisk plassering, organisering og utdanningsform, omfattar dette over 2 000 ulike utdanningstilbod. Det er flest tilbod innan helse- og velferdsfag, tekniske fag og økonomi- og administrasjonsfag. Dei siste åra har talet på utdanningstilbod innan IT-fag og økonomi- og administrasjonsfag auka. Korte

utdanningar under 60 studiepoeng og deltidsutdanningar utgjer ein vesentleg del av tilbudsstrukturen og har hatt ein særleg sterk vekst innan tekniske fag.

Akkreditering gir større fagleg handlingsrom

I 2025 hadde 17 fagskular fagområdeakkreditering på eitt eller fleire fagområde, med totalt 38 fagområdeakkrediteringar. Dette gir fagskulane større fagleg handlingsrom og høve til å utvikle og endre utdanningstilbod i takt med endra kompetansebehov i arbeidslivet. Dette er ein auke på om lag⁴ ni fagskular og 24 fagområdeakkrediteringar sidan 2021.

Offentlege midlar er hovudgrunnlaget for sektoren

I 2025 vart det brukt om lag tre milliardar kroner på høgare yrkesfagleg utdanning. Det statlege driftstilskotet utgjorde 1,6 milliardar kroner, medan tilskot frå fylkeskommunane sine frie inntekter utgjorde 215 millionar kroner. Skulepengar utgjorde samla 857 millionar kroner, der hovuddelen kom til private fagskular.

Auka offentleg finansiering gir fleire studieplassar og høgare produksjon

Utviklinga viser at offentlege midlar løyvde til nye studieplassar gir auka aktivitet i form av fleire heiltidsekvivalentar og høgare studiepoengproduksjon, i tråd med forventa vekst. Samstundes har offentleg finansierte utdanningstilbod gjennomgåande høgare studiepoengproduksjon enn skulepengefinansierte tilbod.

Vedlegg

- Datagrunnlag for alle figurar og tabellar er tilgjengeleg på: <https://vedlegg.hkdir.no/TRHYU/2026>. Der finn ein òg datagrunnlag for tidsseriar og andre tabellar som ikkje er viste i sjølve rapporten.
- Fylkesoversikter – statistikk og omtale av dei einskilte fylka. Her presenterer vi eit utval av statistikk om høgare yrkesfagleg utdanning ved studiestadene i kvar enkelt fylkeskommune.

Sjå og last ned fylkesoversikta som PDF: [Fylkesoversikter, vedlegg til Tilstandsrapport for høgare yrkesfagleg utdanning 2026](#)

⁴ Vi nyttar omgrepet «om lag» grunna institusjonsendringar som fusjon og nedlegging i perioden

Summary in English

Student growth driven by the largest fields of study

In 2025, there were 36,100 students enrolled in higher vocational education, representing an increase of six per cent from the previous year.

Overall student growth is largely concentrated in the largest fields of study. Technical subjects, health and welfare subjects, and economics and administrative subjects together account for more than three quarters of all students, and these fields have also experienced the strongest growth in recent years. Within health and welfare subjects, early childhood education and care-related programmes have seen a particularly marked increase in student numbers. For the first time, IT subjects are presented as a separate field of study in the report. After several years of growth, the number of IT students has levelled off. At the same time, student numbers continue to increase at publicly owned vocational colleges.

Growth in blended and campus-based provision

Most students make use of flexible learning provisions. In 2025, around three quarters of students were enrolled on a part-time basis. Online programmes, both with and without campus-based sessions, have become the most common modes of delivery. Nearly half of all students followed a blended programme with in-person sessions, while one third were enrolled in fully online programmes.

High credit attainment

Trends in admissions and the number of graduates broadly mirror the growth in the student population. Credit attainment is generally high, indicating good completion rates in a sector where part-time study and digital delivery models are predominant. At the same time, there are variations in credit attainment across different modes of delivery, fields of study, and between full-time and part-time students.

Larger vocational colleges and increased geographical accessibility

In 2025, the vocational college sector comprised 61 institutions, including 18 publicly owned and 43 privately owned colleges, with a total of 188 study locations. While there is considerable variation in institutional size, developments point towards a growing number of larger vocational colleges with a broad geographical distribution of study locations.

More programmes and growth in flexible provision

In autumn 2025, more than 450 distinct educational programmes were registered. When differences in geographical distribution, organisation and mode of delivery are

considered, this corresponds to over 2,000 registered programmes. The largest number of programmes is found within health and welfare subjects, technical subjects and economics and administrative subjects. The number of programmes has increased within IT subjects and economics and administrative subjects. Short and flexible programmes constitute a substantial part of the overall provision and have experienced particularly strong growth within technical subjects.

Accreditation provides greater academic autonomy

In 2025, 17 vocational colleges held subject-area accreditation in one or more fields, with a total of 38 such accreditations. This provides vocational colleges with greater academic autonomy and opportunities to develop and adapt educational provisions in line with changing skills needs in the labour market. This represents an increase of approximately nine institutions and 24 subject-area accreditations since 2021.

Public funding remains the main source of financing

In 2025, approximately NOK three billion was spent on higher vocational education. Central government operating grants amounted to NOK 1.6 billion, while contributions from county authorities' general revenues totalled NOK 215 million. Tuition fees amounted to a total of NOK 857 million, the majority of which was generated by privately owned institutions.

Increased public funding leads to more study places and higher output

Developments show that public funding allocated to new study places results in increased activity in the form of more full-time equivalents and higher credit attainment, in line with the assumptions underlying the funding system. At the same time, publicly funded programmes generally demonstrate higher credit attainment than programmes financed through tuition fees.

Appendices

- The underlying data for all figures and tables are available online. This also includes data for time series and additional tables not presented in the report itself.
- County-level overviews provide statistics and descriptive information for each county. These present selected data on higher vocational education at study locations within each county authority.

[The county-level overviews can be viewed and downloaded as a PDF file.](#)

Innhald

Forord.....	3
Sektorbilete	4
Samandrag.....	6
Studentvekst driven av dei største fagområda	6
Auke i samlingsbaserte tilbod	6
Høg studiepoengproduksjon	6
Større fagskular og meir geografisk tilgjenge	6
Fleire utdanningstilbod og vekst i fleksible løysingar	6
Akkreditering gir større fagleg handlingsrom.....	7
Offentlege midlar er hovudgrunnlaget for sektoren	7
Auka offentleg finansiering gir fleire studieplassar og høgare produksjon	7
Vedlegg.....	7
Summary in English	8
Student growth driven by the largest fields of study	8
Growth in blended and campus-based provision.....	8
High credit attainment	8
Larger vocational colleges and increased geographical accessibility	8
More programmes and growth in flexible provision	8
Accreditation provides greater academic autonomy	9
Public funding remains the main source of financing.....	9
Increased public funding leads to more study places and higher output.....	9
Appendices	9
1 Innleiing.....	15
2 Metode og datagrunnlag	18
2.1 Om tidsseriar og val av analyseperiode	18
2.2 Datakjelder	18
2.3 Teljing av studentar	18
2.4 Avrunda og anonymiserte studenttal	19
2.5 Nye alderskategoriar	19
2.6 Gradar	20

2.7 Heiltidsekvivalentar	20
2.8 Studiepoengeiningar	20
2.9 Felles klassifiseringssystem for fagskuleutdanningar	21
3 Studentane	22
3.1 Talet på studentar og omfang av utdanninga	23
3.1.1 Omtrent like mange studentar ved offentlege og private fagskular	24
3.1.2 Størst samla auke i heiltidsekvivalentar ved offentlege skular	24
3.1.3 Dei fleste studentane tek ei gradsutdanning	25
3.2 Fordeling av studentar på fagområde	28
3.2.1 Dei største fagområda aukar mest	28
3.2.2 Elektro- og energifaga aukar, bygg- og anleggsgag går ned	29
3.2.3 Oppvekst aukar mest innanfor helse- og velferd	30
3.2.4 Leiingsfag aukar mest innan økonomi- og administrasjonsfag	32
3.2.5 Talet på studentar i kreative fag går tydeleg ned	32
3.2.6 Studenttalet aukar for maritime fag	33
3.2.7 Talet på IT-studentar flatar ut	34
3.3 Tilgang til utdanning og geografisk spreiding	35
3.3.1 Studentane er spreidd på studiestader i alle fylke	36
3.3.2 Utdanningsform varierer etter bustadfylke	37
3.3.3 Fagprofilen varierer mellom studiefylka	38
3.4 Alder, kjønn og innvandrarbakgrunn	39
3.4.1 Helse og velferd med dei eldste, og samferdsel med dei yngste studentane	40
3.4.2 Kjønnssfordelinga følg mønster i arbeidslivet	41
3.4.3 Stadig fleire studentar med innvandringsbakgrunn	43
3.5 Studentar på fleksible utdanningstilbod	44
3.5.1 Dei fleste er deltidsstudentar	44
3.5.2 Deltidsstudium speglar ein vaksen studentmasse	46
3.5.3 Auke i studentar på nettbaserte utdanningar med samling	47
3.5.4 Variasjonar i utdanningsform mellom fagområda	49
3.5.5 Auke i kortare studietilbod under 30 studiepoeng	51
3.6 Opptaksgrunnlag	54
3.6.1 Over halvparten av studentane har yrkesfagleg bakgrunn	54

3.6.2 Grad av yrkesfagleg bakgrunn varierer mellom fagområde	55
3.6.3 Yrkesfagleg bakgrunn er vanlegare ved dei offentlege fagskulane	57
3.6.4 Delen studentar med realkompetanse varierer mellom utdanningar.....	57
3.7 Uteksaminerte studentar	61
3.7.1 Utvikling i talet på uteksaminerte studentar	61
3.7.2 Uteksaminerte studentar fordelt på fagområda	62
3.7.3 Uteksaminerte studentar etter utdanningsform	63
3.8 Studiepoengproduksjon og fullføring av utdanningar	64
3.8.1 Meir enn 80 prosent av alle forventa studiepoeng vert avlagd	65
3.8.2 Kvifor studiepoengproduksjon og ikkje fullføring på normert tid?	65
3.8.3 Skilnader mellom fagområda	65
3.8.4 Lågare studiepoengproduksjon i nettbaserte utdanningar	66
3.8.5 Noko høgare studiepoengproduksjon blant heiltidsstudentar	67
3.9 Overgangar mellom fagskule og universitet eller høgskule	68
3.9.1 Overgang frå høgskule eller universitet til fagskule.....	68
3.9.2 Overgang frå fagskule til universitet eller høgskule	69
4 Fagskular og utdanningstilbod	73
4.1 Fagskular og studiestader	74
4.1.1 Endra institusjonslandskap	74
4.1.2 Talet på studiestader aukar framleis.....	76
4.1.3 Strukturelle skilnader i den geografiske spreinga	76
4.2 Storleiken på fagskulane	79
4.2.1 Stor variasjon blant dei største fagskulane.....	79
4.2.2 Studentmassen ved private fagskular er konsentrert hos nokre få aktørar	80
4.2.3 Store skilnader i storleiken blant offentlege fagskular.....	81
4.2.4 Færre, men større fagskular	82
4.2.5 Fleire og større studiestader i fagskulesektoren	83
4.3 Fagskular og studiestader i dei ulike fylka	85
4.3.1 Både offentlege og private fagskular har studiestader på tvers av fylke	86
4.3.2 Studiestader ved offentlege skular har flest studentar i dei fleste fylka.....	90
4.3.3 Geografisk spreing av studiestader ved fagskular av ulik storleik.....	90
4.4 Fagområdeakkreditering	91

4.4.1 Fleire fagområdeakkrediteringar og større fullmakter for fagskulane.....	92
4.5 Utdanningstilboda.....	93
4.5.1 Over 450 unike utdanningstilbud med mange variantar som gir bredde i tilbudet	94
4.5.2 Utvikling i tal på utdanningstilbud varierer mellom fagområde	95
4.6 Gradar og omfang av studiepoeng.....	97
4.6.1 Variantar av utdanningstilbud, studiepoeng og gradar	97
4.6.2 Utdanningstilbud etter fagområde og omfang	98
4.6.3 Flest korte tilbod innan tekniske fag	100
4.7 Utdanningstilbud på heiltid og deltid	101
4.8 Utdanningstilbud etter utdanningsform	102
4.8.1 Auke i samlingsbaserte tilbod og nedgang i stadbaserte.....	102
4.8.2 Samlingsbaserte tilbod er utbreidd i helse- og velferdsfag og tekniske fag	104
5 Finansiering av høgare yrkesfagleg utdanning	106
5.1 Samansetjing av finansieringskjelder	107
5.2 Statleg tilskot til drift av fagskular	108
5.2.1 Fylkeskommunane forvaltar det meste av driftstilskotet	109
5.2.2 Private fagskular mottar ein tredel av det offentlege driftstilskotet	110
5.3 Fylkeskommunane sine frie inntekter	111
5.4 Skulepengar.....	112
5.4.1 Fleire studentar på lengre utdanningar som er delvis offentleg finansiert.....	113
5.4.2 Auke i skulepengefinansierte utdanningar på under 30 studiepoeng.....	115
5.5 Dei statlege fagskulane.....	116
5.6 Statlege prosjektmidlar	117
5.6.1 Tilskotsordning for utviklingsmidlar til fagskular	117
5.6.2 Svak auke i tildeling gjennom Erasmus+	118
5.6.3 Ei dobling av tildelingar gjennom treparts bransjeprogram for kompetanse	119
5.6.4 Sentra for framifrå utdanning mottar framleis støtte.	119
5.7 Heiltidsekvivalentar og studiepoengproduksjon etter finansieringskjelder	121
5.7.1 Offentleg finansierte tilbod utgjer tre fjerdedelar av aktiviteten	121
5.7.2 Tekniske fag og helse- og velferdsfag er i størst grad offentleg finansiert.....	123
5.7.3 Mest deltidsløp og yrkesfagleg rekruttering i offentleg finansierte tilbod	124

5.7.4 Vekst gjennom nye studieplassar	125
5.7.5 Auka studiepoengproduksjon med nye studieplassar	127
5.7.6 Høg gjennomføring i dei offentleg finansierte utdanningane	129
5.7.7 Nedgang i den skulepengefinansierte aktiviteten	129
5.7.8 Mest heiltids- og nettbasert undervisning på skulepengefinansierte tilbod	131
5.7.9 Meir variabel gjennomføring i dei skulepengefinansierte utdanningane	132
Vil du fordjupe deg i statistikken?	133
Figurliste	134
Tabelliste	135
Tekstboksar	136
Vedlegg: Datagrunnlag for figurar og tabellar	137
Vedlegg: Fylkesoversikter	139
Referansar	140

1 Innleiing

Høgare yrkesfagleg utdanning har ei sentral rolle i det norske utdannings- og kompetansesystemet. Sektoren er i vekst, både i talet på studentar og i omfanget av utdanningstilbod. Fagskulane tilbyr utdanningar som er arbeidslivsnære og retta mot yrkesrelevant kompetanse.

Studentane er eldre enn i andre delar av utdanningssystemet, og mange kombinerer utdanning med arbeid. Dei har ofte fagkompetanse og erfaring frå arbeidslivet, noko som bidreg til tett samspel mellom utdanning og arbeidsliv. I denne samanhengen utgjør høgare yrkesfagleg utdanning ein viktig del av samfunnsoppdraget knytt til livslang læring, omstilling og verdiskaping.

Utviklinga i sektoren dei siste åra viser ein samla auke i studenttal og utdanningsaktivitet, særleg innan fagområde med store og vedvarande kompetansebehov i arbeidslivet. Samstundes er høgare yrkesfagleg utdanning kjenneteikna av høg grad av fleksibilitet, med utstrekt bruk av deltidsløp, nett- og samlingsbaserte tilbod. Dette gjer det mogleg for yrkesaktive å ta utdanning i ulike livssituasjonar og bidreg til geografisk tilgjenge i alle delar av landet.

Utviklinga i sektoren skjer parallelt med fleire viktige strukturelle endringar. I 2025 vedtok Stortinget å opne for høgare yrkesfagleg utdanning på nivå 6 og 7 i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk, i tillegg til nivå 5. Som del av oppfølginga av stortingsmeldinga *Fagfolk for ei ny tid* (Meld. St. 11 (2024–2025)) er det sett i gang arbeid med å utvikle ei yrkesfagleg søyle i kvalifikasjonsrammeverket. Arbeidet omfattar revisjon av nivåskildringane på nivå 5, 6 og 7, og inngår i ei breiare oppdatering av rammeverket. Det er òg vedteke å knyte høgare yrkesfagleg utdanning til European Credit Transfer and Accumulation System (ECTS).

I same periode er studentombodsordninga etablert, og arbeidet med institusjonsakkreditering er sett i gang. Det er vidare varsla at det skal fremjast forslag om eit lovfesta samfunnsoppdrag for fagskulane.

Meldinga understrekar samstundes tydinga av å styrkje fylkeskommunane si rolle som kompetansepolitisk aktør. Fylkeskommunane har eit ansvar for å analysere kompetansebehov i arbeidslivet, leggje til rette for samarbeid mellom utdanningstilbydarar og arbeidsliv, og bidra til at det vert utvikla relevante utdanningstilbod i tråd med regionale og nasjonale behov. Dette stiller krav til eit godt og tilgjengeleg kunnskapsgrunnlag om utviklinga i høgare yrkesfagleg utdanning, både nasjonalt og regionalt.

Tilstandsrapporten for høgare yrkesfagleg utdanning 2026 gir ei samla framstilling av utviklinga i sektoren, med utgangspunkt i statistikk og analysar for 2025. Rapporten omtalar studentar, fagskular, utdanningstilbod og finansiering, og skal vere eit kunnskapsgrunnlag for vidare forvalting og politikkutforming på området.

[Fylkesvedlegget](#) gir oversikter over fagskulesektoren i kvart fylke. Vedlegget er meint å støtte fylkeskommunane i arbeidet med å ivareta rolla si som kompetansepolitisk aktør, ved å bidra med relevante tal og samanliknbart kunnskapsgrunnlag.

Tekstboks 1 Høgare yrkesfagleg utdanning på nivå 6 og 7 i nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk

Oppdraget med å utvikle og revidere nivåskildringane på nivå 5–8 i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk (NKR) er eit sentralt tiltak i oppfølginga av stortingsmeldinga *Fagfolk for ein ny tid – med høgare yrkesfagleg utdanning* (Meld. St. 11 (2024–2025)). I 2025 vedtok Stortinget å opne for høgare yrkesfagleg utdanning på nivå 6 og 7 i NKR, i tillegg til nivå 5. Samstundes var det allereie bestemt at læringsutbyteskildringar for høgskule- og universitetsutdanningar på nivå 6–8 skal reviderast for å spegle nye kompetansebehov, mellom anna innan internasjonalisering, innovasjon, digitalisering og norsk fagspråk.

NKR er ramma som plasserer norske utdanningskvalifikasjonar på ein felles skala frå grunnskule til doktorgrad. Nivå 5 i NKR omfattar i dag kvalifikasjonar frå fagskuleutdanning, medan kvalifikasjonar frå universitets- og høgskuleutdanningar er plassert på nivåa 6 til 8. Skildringane av læringsutbyta for desse nivåa har stått uendra sidan NKR vart lansert i 2011.

No er HK-dir i samarbeid med NOKUT i gang med å utarbeide eit forslag til nye og oppdaterte nivåskildringar for kvart av nivåa 5, 6, 7 og 8. Dette arbeidet inneber mellom anna at NKR skal få ein eigen yrkesfagleg søyle frå vidaregåande fag- og yrkesopplæring på nivå 4A til fagskuleutdanning på nivåa 5–7, parallelt med ein søyle frå 4B til 8 som dekker vidaregåande studieførebuande utdanning til universitets- og høgskuleutdanning.

Dei nye nivåskildringane i begge søylene skal vere i samsvar med nivåa i det europeiske kvalifikasjonsrammeverket (EQF) slik at norske kvalifikasjonar lett kan samanliknast internasjonalt. Oppdraget til HK-dir skal avsluttast i 2026, og deretter vil Kunnskapsdepartementet arbeide vidare med implementering i lov- og regelverk.

Kjelde: HK-dir

2 Metode og datagrunnlag

2.1 Om tidsseriar og val av analyseperiode

Dei siste åra har tilstandsrapport for høgare yrkesfagleg utdanning lagt vekt på å vise utviklinga i sektoren over lengre tidsrom, med tidsseriar frå 2017 og framover. Dette har mellom anna hatt samanheng med behovet for å synleggjere oppbygginga av sektoren over tid, utviklingstrekk i studenttal og utdanningstilbod, og oppfølginga av førre fagskolemelding (Meld. St. 9 (2016–2017)). Lange tidsseriar har vore viktige for å dokumentere omfanget av veksten i sektoren og endringar i samansetjinga av fagområde, eigarskap og utdanningsformer.

I årets rapport har vi vald å leggje hovudvekt på dei fem siste åra (2021–2025), av omsyn til oversikt og lesarheit i presentasjonen av data og analysar. Avgrensinga kan òg sjåast i samanheng med behovet for å gi eit presist og oppdatert bilete av sektoren.

Der det er relevant, vert hovudtrekk i utviklinga sidan 2017 omtala i teksten, og tidsseriar frå 2017–2025 vert tilgjengeleg i vedlegget til rapporten.

2.2 Datakjelder

Data til tilstandsrapporten er i hovudsak henta frå fagskulestatistikken i Database for statistikk om høgare utdanning (DBH-HYU) som er drifta av Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir). Tala er innrapporterte frå fagskular og fylkeskommunar til DBH-HYU.

Vi har òg brukt tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB) for å kople studentar til bustadfylke og studiefylke og for å kople studiestadene si lokalisering med sentralitetsindeks.

2.3 Teljing av studentar

Fagskulane rapporterer studentar til DBH-HYU to gonger i året, 15. mars og 15. oktober. Det vert rapportert både studentar som er aktive på teljetidspunkta 1. mars og 1. oktober, og studentar som er aktive mellom teljetidspunkta.

Alle studentar som er tekne opp til vitnemålgivande utdanningar, kortare modular eller einskildemne frå akkrediterte utdanningstilbod, vert talde. Det inneber at dersom ein student er registrert på fleire utdanningstilbod, vert studenten talt fleire gonger i DBH-HYU.

I tilstandsrapporten nyttar vi studenttalet frå teljinga om hausten i DBH-HYU. Talet for haustsemesteret omfattar både studentar som er aktive på teljetidspunktet, og studentar som har vore aktive mellom teljetidspunkta. For haustsemesteret gjeld dette studentar som er aktive i periodane 2. august til 30. september og 2. oktober til 14. januar. Sidan studentar på studietilbod under 30 studiepoeng kan vere melde opp til fleire kortare studietilbod vår, sommar og haust, vel vi å telje desse som unike individ for heile året.

Studenttalet for 2025 i tilstandsrapporten (36 086) er difor ein kombinasjon av to tal. Det omfattar aktive studentar på utdanningstilbod på 30 studiepoeng eller meir i haustsemesteret, og studentar (individ) på studietilbod under 30 studiepoeng gjennom heile året. I tabell 3.3 fokuserer vi på utviklinga i kortare studietilbod under 30 studiepoeng i dei ulike fagområda. I denne tabellen tel vi alle aktive studentar per studietilbod, det vil seie at same student kan verte talt fleire gonger dersom han er aktiv på fleire korte studietilbod. Vi omtalar difor desse tala som oppmeldingar.

Statistikk frå Statistisk sentralbyrå (SSB) er òg basert på DBH-HYU. SSB koplar likevel data om studentar til andre nasjonale register, og kvar student vert då talt som eitt individ ved teljetidspunktet 1. oktober. Tal frå SSB kan difor avvike frå tala i DBH-HYU og i tilstandsrapporten, særleg når studentar er registrerte på fleire utdanningstilbod.

2.4 Avrunda og anonymiserte studenttal

Små studenttal er anonymiserte når verdien er 1 eller 2. I slike tilfelle vert verdien prikka, det vil seie at talet vert erstatta med kolon («:»). Dersom berre éi celle i ein tabell vert prikka, vert totalen òg justert for å ivareta anonymiseringa.

For å gjere teksten meir lesarvennleg er studenttala avrunda i tekstleg omtale etter følgande reglar:

- 0–500 vert avrunda til nærmaste heile 10
- 500–1 000 vert avrunda til nærmaste heile 50
- 1 000 og over vert avrunda til nærmaste heile 100

2.5 Nye alderskategoriar

I årets tilstandsrapport har vi gjort ei mindre justering i aldersgrupperinga i figurar og tabellar som syner studentane sin alder.

Tidlegare var aldersgruppa 41–50 år samla i eitt tiårsintervall, medan dei andre aldersgruppene var delte i femårsintervall. I år har vi valt jamne femårsintervall for

alle aldersgruppene mellom 20 og 49 år, i tillegg til eigne samlegrupper for under 20 år og over 49 år.

2.6 Gradar

Når vi omtalar utdanningar av ulikt omfang, nyttar vi følgjande inndelingar:

- Høgare fagskulegrad (120–180 studiepoeng)
- Fagskulegrad (60–119 studiepoeng)
- Korte utdanningstilbod (30–59 studiepoeng)
- Kortare studietilbod (<30 studiepoeng)

2.7 Heiltidsekvivalentar

Ein heiltidsekvivalent vil seie ein student som er meldt opp til eit utdanningstilbod på totalt 60 studiepoeng per år, altså ein fulltidsstudent. Fordi det er mange deltidssstudentar i høgare yrkesfagleg utdanning, og stadig fleire som tek kortare utdanningar på færre enn 30 studiepoeng totalt, vert det fleire studentar per heiltidsekvivalent. Til dømes vil to studentar som tek eit eittårig tilbod på deltid med 50 prosent, til saman utgjere ein heiltidsekvivalent.

Utrekninga av heiltidsekvivalentar tek omsyn til omfanget av utdanninga, målt i studiepoeng. Dersom studiepoeng / del heiltid er mindre enn eller lik 30, vert formelen $1 \times (\text{studiepoeng}/30)$ nytta. Dersom studiepoeng / del heiltid er over 30, vert formelen $1 \times \text{del heiltid}$ nytta.

I førre rapport vart det brukt feil formel for utrekning av heiltidsekvivalentar i kapittel 3, kapittel 4 og i tabellvedlegget. Dette førte til ei underestimering av talet på heiltidsekvivalentar. Vi har korrigert tidsseriane i den inneverande rapporten, og opererer med dei oppdaterte tala, òg når vi omtalar tidlegare år

2.8 Studiepoengeiningar

Ei studiepoengeining er 60 studiepoeng, tilsvarande eitt års studiar på full tid. Studiepoengeiningar vert utrekna ved å dele talet på (forventa eller produserte) studiepoeng på 60. Utrekninga av forventa studiepoengeiningar tek omsyn til omfanget av utdanninga, målt i studiepoeng. Dersom talet på studiepoeng for utdanningstilbodet er under 30, vert dette talet nytta. For utdanningstilbod på 30 studiepoeng eller meir vert det teke omsyn til del heiltid for utdanningstilbodet i utrekninga av forventa studiepoeng per semester og år.

I førre rapport vart det ved ein feil oppgitt tal for 30-studiepoengeiningar – tilsvarende studiar på eitt semester på full tid – i staden for 60-studiepoengeiningar i kapittel 3, 5⁵ og i vedleggstabellar. Vi har korrigert tidsseriane i denne rapporten, og opererer med dei oppdaterte tala, òg når vi omtalar tidlegare år.

2.9 Felles klassifiseringssystem for fagskuleutdanningar

Vi nyttar felles klassifiseringssystem for fagskuleutdanningar (FKF) ved inndeling i fagområde og type utdanning.

I april 2026 vart ny versjon 2-1 av FKF publisert. I denne versjonen er Data/IT flytta frå type utdanning under tekniske fag til å bli eigen FKF-kategori/fagområde. Det nye fagområdet heiter Informasjonsteknologiske fag, med IT som kort namn. Type utdanning under dette fagområdet er:

- Dataanalyse og kunstig intelligens
- Design og brukaroppleving
- IT-drift og infrastruktur
- Utvikling og programmering
- Anna

Behovet for denne endringa har vorte tydeleg gjennom analysane våre, der studentane innan Data/IT skil seg frå studentar i andre tekniske fag, mellom anna når det gjeld opptaksgrunnlag og studentprofil.

Dette inneber at Data/IT i årets tilstandsrapport er skilt ut frå tekniske fag og presentert som eige fagområde, òg bakover i tid. Endringa medfører at tal knytte til tekniske fag er lågare enn det som er presentert i tidlegare rapportar.

I figurar der fagområda er inkluderte, har vi ekskludert kategorien uoppgitt fagområde. Denne kategorien er likevel tilgjengeleg saman med datagrunnlaget i vedlegget for figurar og tabellar. Uoppgitt fagområde tyder at fagområdet ikkje er klassifisert eller oppgitt. Uoppgitt skil seg frå kategorien anna, som inneheld type utdanningar som friluftsliv og idrett, grønne fag, havbruksfag, mat og drikke, religion og skjønnheitspleie.

⁵ Med unntak av figur 5.6 i 2025-rapporten.

3 Studentane

Studentane i høgare yrkesfagleg utdanning er i aukande grad vaksne og yrkesaktive, og studentveksten er konsentrert til fagområde med store og vedvarande etterspurnader etter utdanningar. Dette speglar seg i korleis studentane tek utdanninga si, der fleksible utdanningsløp, særleg deltids- og samlingsbaserte løp, har etablert seg som den dominerande utdanningsforma i sektoren.

I 2025 tel vi 36 100 studentar, noko som svarar til ein auke på seks prosent frå året før. Den største veksten ser vi i dei største fagområda: tekniske fag, helse- og velferdsfag og økonomi- og administrasjonsfag. Over tre firedelar av studentane er knytte til desse tre fagområda. Innanfor helse- og velferdsfag er det samstundes verdt å merke seg at vi finn den største veksten i oppvekstfaga dei siste åra. IT-fag har hatt stor vekst i talet på studentar over lang tid, men denne veksten ser nå ut til å flate ut. Bak utflatinga ser vi ein nedgang i talet på studentar ved private fagskular, samstundes som talet på studentar ved dei offentlege fagskulane aukar. Innanfor kreative fag har det vore ei betydeleg nedgang i talet på studentar det siste året.

Studentmassen er samansett, og det er store skilnader mellom fagområda når det gjeld alder, kjønn, studiemønster og opptaksgrunnlag. Den sterke veksten i dei største fagområda bidreg til ein aukande snittalder, som i 2025 ligg på 34 år. Dette understrekar at høgare yrkesfagleg utdanning i hovudsak rekrutterer vaksne studentar med tett tilknytning til arbeidslivet. Samla sett er det omtrent like mange kvinner som menn i høgare yrkesfagleg utdanning, men her er det store variasjonar mellom fagområda.

Det same gjeld opptaksgrunnlag. Sjølv om over halvparten av studentane vart tekne opp på grunnlag av yrkesfagleg kompetanse hausten 2025, varierer opptaksgrunnlaget betydeleg mellom fagområde og enkeltutdanningar. Realkompetansevurdering utgjør samstundes opptaksgrunnlaget for ein betydeleg del av studentane. Dette speglar både breidda i studentmassen og rolla høgare yrkesfagleg utdanning har som ein tilgjengeleg og fleksibel utdanningsveg for personar med ulik bakgrunn og erfaring frå arbeidslivet.

Tekstboks 2 Studentombodet sitt arbeid i høgare yrkesfagleg utdanning

Studentombodet gir studentar i høgare yrkesfagleg utdanning uavhengig rettleiing og støtte i saker som gjeld studiesituasjonen deira. Arbeidet omfattar mellom anna spørsmål om vurdering, klage og grunngiving, skikkaheit, tilrettelegging, organisering av studiet, varsling og formelle prosessar etter regelverket. Studentombodet er eit lågterskeltilbod der studentar kan ta kontakt for råd og avklaring, både tidleg i ei sak og når det ligg føre konflikt eller usemje.

Ein viktig del av arbeidet handlar om å gjere regelverk, rutinar og rollar forstålege for studentane. Mange førespurnader gjeld ikkje naudsynleg brot på regelverk, men manglande informasjon eller uklar praktisering. Gjennom rettleiing bidreg studentombodet til at studenten kan følgje opp saka si på eit formålstenleg nivå, og dette kan førebyggje eskalering og unødige klageprosessar. Dette er med på å styrkje både studentane si rettstryggleik og institusjonane si saksbehandling.

Studentombodet har òg ei systemretta rolle. Erfaringar frå enkeltsaker gir innsikt i korleis regelverk og interne retningslinjer fungerer, og kan peike på behov for betre informasjon, tydelegare rutinar eller kompetanseheving ved institusjonane. Slik bidreg studentombodet til kvalitetsutvikling i sektoren, utan å gå inn i institusjonane sitt faglege eller administrative ansvar.

Studentombodet har vore operativt sidan hausten 2025, og har i perioden frå september til mai behandla om lag 70 saker frå studentar over heile landet. Førespurnadene spenner over fleire område, men det peikar seg ut nokre gjennomgåande tema. Mange saker gjeld vurdering, spesielt knytte til arbeidskrav og eksamen, og læringsmiljø og kvalitet i undervisninga. Det er òg fleire førespurnader knytte til rettleiing og støtte til tillitsvalde. I tillegg omfattar sakene spørsmål om finansiering, mistanke om fusk og eit mindre tal saker om skikkaheit og disiplinære sanksjonar. Samla gir erfaringane frå studentombodet kunnskap om utfordringar studentane møter, som kan nyttast i fagskulane sitt vidare kvalitetsarbeid.

Kjelde: HK-dir

3.1 Talet på studentar og omfang av utdanninga

Talet på studentar i høgare yrkesfagleg utdanning held fram med å auke. I 2025 var det 36 100 studentar i høgare yrkesfagleg utdanning, ein auke på seks prosent frå året før. Veksten er ganske lik, men noko høgare ved offentlege enn ved private fagskular. Utviklinga stadfestar ein langsiktig veksttrend der høgare yrkesfagleg utdanning har

fått ei stadig viktigare rolle i å møte kompetansebehov i arbeidslivet og hos den enkelte student.

3.1.1 Omtrent like mange studentar ved offentlege og private fagskular

I 2025 gjekk 18 800 av studentane ved private fagskular, og 17 300 studentar ved offentlege fagskular. Dette svarar til om lag 52 og 48 prosent av studentane. Studenttalet ved private fagskular auka med rundt 1 000 studentar frå 2024 til 2025, tilsvarende ein vekst på om lag seks prosent. Offentlege fagskular hadde ein noko større auke på om lag 1 100 studentar, det vil seie sju prosent.


Offentlege og private fagskular tilbyr ulike utdanningar, noko som bidreg til skilnader mellom studentgruppene, mellom anna når det gjeld alder, kjønn, utdanningsomfang og utdanningsform. Desse skilnadene vert nærare omtala i dei påfølgjande delkapitla i kapittel 3, medan skilnader i utdanningstilbodet mellom offentlege og private fagskular er omtala i kapittel 4.

Eigarskap og finansieringsform fell ikkje alltid saman (sjå [vedleggstabell 1](#)). Ein stor del av studentane ved private fagskular går på utdanningar som er fullfinansiert med skulepengar eller andre eksterne tilskot, men private fagskular tilbyr òg i stor grad heilt eller delvis offentleg finansierte utdanningar. Ved offentlege fagskular betaler ein mindre del av studentane skulepengar. Ei nærare omtale av finansieringa av utdanningane er gitt i kapittel 5.

3.1.2 Størst samla auke i heiltidsekvivalentar ved offentlege skular

I Figur 3.1 ser vi at veksten i talet på studentar er høgare enn veksten i talet på heiltidsekvivalentar, både for offentlege og private fagskular. Sidan studieomfanget og andelen som tar utdanning på deltid varierer mellom blant anna fagområde, vil ein vekst i talet på studentar kunne gi ulik vekst i heiltidsekvivalentar i ulike deler av fagskolesektoren.

Sjølv om veksten i talet på studentar er nokolunde lik mellom offentlege og private fagskular, ser vi at veksten i heiltidsekvivalentar er høgare for dei offentlege fagskulane (fem prosent, mot ein prosent for dei private). Dette tyder på at veksten i studentar ved offentlege fagskular kjem i utdanningar med høgare studiebelastning per student enn ved private fagskular. Totalt auka talet på heiltidsekvivalentar med om lag 590 frå 2024 til 2025, tilsvarende ein vekst på om lag tre prosent. Sjå [vedleggstabell 3](#) for utviklinga i talet på studentar og heiltidsekvivalentar per fagskule over tid.

Figur 3.1 Studentar og heiltidsekvivalentar etter eigarskap, 2021–2025

Merknad: Ein heiltidsekvivalent vil seie ein student som tar 60 studiepoeng per år, altså ein fulltidsstudent. Fordi det er mange deltidsstudentar og studentar som tar kortare utdanningar, er det fleire studentar per heiltidsekvivalent. Grunna ein feil i utrekninga er talet på heiltidsekvivalentar blitt justert samanlikna med førre rapport. Sjå kapittel 2.7 for nærare omtale. Tabellvedlegget inneheld ein tidsserie for åra 2017–2025.

Vedlegg: [F3.1](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

3.1.3 Dei fleste studentane tek ei gradsutdanning

Høgare yrkesfagleg utdanning omfattar eit breitt spekter av utdanningstilbod, frå vitnemålsgivande⁶ kortare studietilbod på nokre få studiepoeng, til høgare fagskulegrad på inntil 180 studiepoeng. Utdanningane er utforma for å kunne møte ulike kompetansebehov i arbeidslivet og tilpassa ulike livsfasar hos studentane, og spenner difor frå avgrensa kompetansepåfyll til meir omfattande, samanhengande utdanningsløp.


Figur 3.2 viser korleis studentane fordeler seg etter utdanningsomfang i perioden 2021–2025. Figuren viser at dei fleste studentane i heile perioden er tekne opp på utdanningar som fører til fagskulegrad eller høgare fagskulegrad. I 2025 var om lag

⁶ Frå og med 2021 vart kravet om minimum 30 studiepoeng for fagskuleutdanningar fjerna, noko som opna for at også korte utdanningstilbod kan vere vitnemålsgivande (jf. fagskoleforskrifta, endra ved forskrifter i kraft 1. januar og 1. august 2021).

28 600 av totalt 36 100 studentar, tilsvarande 79 prosent, registrerte på utdanningar på 60 studiepoeng eller meir. Av desse tok nær 14 500 studentar høgare fagskulegrad (120 studiepoeng eller meir), og nesten tilsvarande tok om lag 14 100 studentar fagskulegrad (60–119 studiepoeng). Dette stadfestar at høgare yrkesfagleg utdanning i hovudsak dekker et behov for omfattande utdanningsløp. Samstundes er desse ofte organiserte som deltids- og fleksible utdanningsløp som kan kombinerast med arbeid.

Sjølv om gradsutdanningane dominerer i heile perioden, har fordelinga mellom fagskulegrad og høgare fagskulegrad endra seg noko sidan 2021. Delen studentar på fagskulegrad (60–119 studiepoeng) har auka, medan delen studentar på høgare fagskulegrad (120 studiepoeng eller meir) har gått noko ned. I 2021 utgjorde studentar på høgare fagskulegrad om lag 43 prosent av studentmassen, medan studentar på fagskulegrad utgjorde rundt 35 prosent. I 2025 er fordelinga jamnare, med om lag 40 prosent av studentane på høgare fagskulegrad og 39 prosent på fagskulegrad.

Figur 3.2 Studentar fordelt på utdanningsomfang, 2021–2025



Merknad: Tabellvedlegget inneheld ein tidsserie for åra 2017–2025.

Vedlegg: [F3.2](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Tabell 3.1 viser tydelege skilnader i omfang på utdanningar mellom offentlege og private fagskular i 2025. Ved dei offentlege fagskulane tek ein større del av studentane høgare fagskulegrad (57 prosent), mot 24 prosent ved dei private. Ved dei private fagskulane tek ein større del av studentane fagskulegrad (54 prosent),

samanlikna med 23 prosent ved dei offentlege. Dette peikar på systematiske skilnader i korleis studentane fordeler seg på omfang på utdanning etter eigarskap.

Tabell 3.1 Studentar på kortare studietilbod, korte utdanningstilbod og fagskulegradar etter eigarskap, 2021 og 2025

	2021			2025		
	Offentleg	Privat	Totalt	Offentleg	Privat	Totalt
Kortare studietilbod, under 30 stp.	0	957	2 668	2 344	1 195	3 539
Korte utdanningstilbod, 30–59 stp.	250	3 121	3 680	1 061	2 921	3 982
Fagskulegrad, 60–119 stp.	2 106	6 572	9 763	3 982	10 130	14 112
Høgare fagskulegrad, 120–180 stp.	6 678	4 074	12 117	9 931	4 522	14 453
Totalt	9 034	14 724	28 228	17 318	18 768	36 086

Merknad: Studentar på kortare studietilbod under 30 studiepoeng er her talte som individ for heile året. Talet er lågare enn i tabell 3.3 kor vi har talt oppmeldingar til kortare studietilbod under 30 studiepoeng. Det var totalt 3 539 individ og 4 629 oppmeldingar til kortare tilbod i 2025, og 2 668 individ og 4 255 oppmeldingar til kortare tilbod i 2021. Tabellvedlegget inneheld ein tidsserie for åra 2017–2025.

Vedlegg: [T3.1](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Samstundes har talet på studentar i utdanningar med omfang under 60 studiepoeng auka i absolutte tal i perioden 2021–2025. I 2025 var til saman om lag 7 500 studentar registrerte på slike utdanningar, tilsvarende i overkant av 20 prosent av studentmassen. Av desse tok om lag 3 500 studentar kortare studietilbod på under 30 studiepoeng, medan rundt 4 000 studentar var registrerte på korte utdanningstilbod på 30–59 studiepoeng.

Talet på studentar på kortare studietilbod og korte utdanningstilbod har vore relativt stabilt i perioden frå 2021 til 2025. Ser ein derimot tilbake over ein lengre periode (jf. vedleggstabell [T3.1](#)) har veksten vore særleg tydeleg i desse korte tilboda, som ofte er retta mot yrkesaktive deltakarar med behov for avgrensa og målretta kompetansepåfyll. Framveksten av dei korte tilboda frå 2020 må sjåast i samanheng med politiske prioriteringar og statlege tilskotsordningar retta mot fleksible og arbeidslivsnære tilbod, mellom anna gjennom bransjeprogram og Industrifagskulen. Dette omtalar vi nærare i kapittel 5.2 og 5.6.3. I kapittel 3.5.5 ser vi nærare på studentane som tek studietilbod på under 30 studiepoeng, og inkluderer òg dei som er meldt opp til fleire tilbod same år.

Trass i framvekst av kortare utdanningar er det framleis gradsutdanningane som utgjør kjernen i høgare yrkesfagleg utdanning. Samstundes viser utviklinga at fordelinga mellom dei fire utdanningsomfangane har forskyvd seg noko sidan 2021, med ein viss auke i delen studentar på fagskulegrad og vekst i dei kortare tilboda. Veksten omfattar likevel alle nivå, noko som tyder på at auken i korte og kortare

utdanningstilbod i hovudsak kjem i tillegg til, og ikkje på kostnad av, dei lengre utdanningsløpa. I stor grad vert òg gradsutdanningane organiserte som deltids- og fleksible studieløp, slik at dei kan kombinerast med arbeid. Organiseringa av utdanningane som heiltid, deltid og fleksible studieløp er omtalt nærare i kapittel 3.5 og 4.7.

3.2 Fordeling av studentar på fagområde

Studentfordelinga på fagområde speglar både etterspurnad frå studentane og etterspurnaden etter yrkesretta kompetanse i arbeidslivet. Korleis utdanningstilboda er utforma og tilgjengelege for studentar i ulike livs- og arbeidssituasjonar verkar òg inn på deltakinga.

Utviklinga i studenttalet innanfor dei ulike fagområda må sjåast i lys av breiare samfunnstrekk, som demografiske endringar, teknologisk utvikling, grøn omstilling og endringar i trygging- og beredskapssituasjonen. Desse utviklingstrekk påverkar kompetansebehova i arbeidslivet og val hos studentane og dannar eit viktig bakteppe.

I dette kapittelet analyserer vi korleis studentane i høgare yrkesfagleg utdanning fordeler seg på ulike fagområde, og korleis denne fordelinga kan sjåast i samanheng med dokumenterte kompetansebehov i arbeidslivet. Overordna viser utviklinga at studenttalet aukar innan fagområde med store og vedvarande kompetansebehov, medan enkelte fagområde, som kreative fag og delar av IT-faga, har hatt svakare utvikling.

I kapittel 5.7.2 og 5.7.7 omtalar vi fordelinga mellom fagområde i høvesvis offentleg finansierte og skulepengefinansierte utdanningar.

3.2.1 Dei største fagområda aukar mest


Dei tre største fagområda i høgare yrkesfagleg utdanning er framleis tekniske fag, helse- og velferdsfag og økonomi- og administrasjonsfag. Som vi kan sjå i figur 3.3, er det òg desse fagområda som har størst auke dei fem siste åra. Samla utgjer dei tre fagområda nå heile 77 prosent av studentane i høgare yrkesfagleg utdanning. I år er IT-fag splitta ut av kategorien tekniske fag for første gang, likevel er tekniske fag framleis det største fagområdet målt i talet på studentar.

I tekniske fag var det 11 600 studentar i 2025. Dette svarar til ein auke på 850 studentar (åtte prosent) frå året før, og 3 100 (37 prosent) sidan 2021. Helse- og velferdsfag og økonomi- og administrasjonsfag følgjer på plassane bak, med høvesvis 9 500 og 6 700 studentar i 2025. Helse- og velferdsfag hadde ein betydeleg auke på 1 100 (13

prosent) studentar frå året før, og 3 400 (55 prosent) studentar sidan 2021. Innanfor økonomi- og administrasjonsfag var det òg stor auke med 650 (ti prosent) studentar frå året før, og 1 400 (26 prosent) sidan 2021. Auken er særleg tydeleg innanfor leiingsfag, sjå [vedleggstabell 35](#).

At tekniske fag og helse- og velferdsfag er store og i vekst, er positivt med tanke på eit aukande kompetansebehov, og regjeringas prioritering av desse fagområda (Prop.1 S (2025–2026), Meld. St. 14 (2022–2023)). Vi vil i det vidare sjå nærare på utviklinga i dei ulike fagområda.

Figur 3.3 Studentar per fagområde, 2021–2025



Merknad: Grunna ny FKF-versjon er «IT» no blitt eiga fagområde og er ikkje lenger del av fagområdet «Tekniske fag». Endringa gjeld heile tidsserien. Studentar med uoppgitt fagområde vert ikkje vist i figuren. Sjå tabellvedlegg for tal på desse studentane og ein tidsserie for åra 2017–2025. Endringa i FKF er nærare skildra i kapittel 2.9.

Vedlegg: [F3.3](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

3.2.2 Elektro- og energifaga aukar, bygg- og anleggsfag går ned

NHOs kompetansebarometer for 2025 viser at mangel på kvalifisert arbeidskraft framleis er omfattande, særleg innan yrkesfaglege og tekniske fag. Mange

verksemdar melder om vedvarande udekte kompetansebehov som påverkar både omstillingsevne og verdiskaping (Furholt et al., 2026).

Talet på studentar innanfor tekniske fag aukar, og det er særleg elektro- og energifaga som aukar mest det siste året (sjå [vedleggstabell 35](#)). Dei 4 000 studentane i elektro- og energifaga i 2025 utgjer ein auke på 700 studentar frå året før. Petroleumsfaga har samstundes ein 24 prosent auke i talet på studentar, men frå eit langt lågare nivå. I 2025 var det 290 studentar i petroleumsfaga.

Petroleumsindustrien har hatt høg aktivitet som følgje av høge investeringar i oljerelatert verksemd dei siste åra, og norske verksemdar har oppgitt stor mangel på fagarbeidarar knytt til denne næringa (Skjøstad et al., 2025). Forventningar om lågare aktivitet framover, kombinert med geopolitiske forhold som kan påverke olje- og gassprisar, har samstundes gjort arbeidskraftbehova meir usikre (Skjøstad & Danielsen, 2026)

Bygg- og anleggsfag er med sine 4 100 studentar i 2025 den største kategorien innanfor tekniske fag, men her ser vi ein nedgang på 150 studentar (fire prosent) frå året før. Talet på studentar i bygg- og anleggsfag hatt ein jamn auke frå 3 100 studentar i 2021 til 4 200 studentar i 2024, før nedgangen i år 2025. Bygg og anlegg har stor mangel på arbeidskraft nasjonalt, til tross for låg aktivitet i næringa og redusert sysselsetting dei siste åra (Skjøstad & Danielsen, 2026).

Industri og kjemifag utgjer òg ein betydeleg del av studentane, og dei 2 300 studentane i 2025 utgjer ein auke på 80 studentar (tre prosent) frå året før.

Innanfor modellering har det vore ein 48 prosent auke i talet på studentar frå 2021, til 600 studentar i 2025, med ei minimal endring det siste året.

I dei tekniske faga er det òg ein betydeleg del studentar i kategorien anna. 260 av dei 440 studentane i denne kategorien er studentar ved brann- og redningsskolen. Her har det vore ein auke på 180 studentar sidan første gong utdanninga vart gjennomført i 2024. Etter nokre år med oppbygging er fagskolen no å rekne som i full drift.

3.2.3 Oppvekst aukar mest innanfor helse- og velferd

Helsepersonellkommisjonen peikar på behov for personell med breiare og meir samansett kompetanse innan helse- og omsorgstenestene, mellom anna som følgje av demografisk utvikling og endra oppgåver i tenestene (NOU 2023:4). Endringar i bemanningskrav, oppgåver og forventingar i barnehage, skule og SFO har dessutan bidrege til auka etterspurnad etter formell kompetanse innan oppvekstfaga.

Ser vi på fagområdet helse- og velferdsfag er det vekst innanfor både helse og oppvekst, men det er særleg oppvekstfaga som har hatt ein stor auke i talet på studentar dei siste åra (sjå [vedleggstabell 35](#)). Oppvekstfaga har òg ein langt kortare tradisjon som vidareutdanning enn helsefaga (Høst et al., 2025). Etter ein auke på 157 prosent frå 2021, utgjer dei 3 400 studentane i oppvekstfaga rundt ein tredel (35 prosent) av alle studentane i helse- og velferdsfag i 2025. Auken frå 2022 i oppvekstfaga har ein tydeleg samanheng med opprettinga av nye studietilbod ved Din Kompetanse fagskule, som hadde heile 2 300 studentar innanfor oppvekstfag i 2025.⁷

I år vart det dessutan lyst ut midlar for barnehagesektoren innanfor treparts bransjeprogram for første gong, noko som kan verke inn på talet studentar i oppvekstfaga i åra framover. Utviklinga kan sjåast i samanheng med stortingsmeldinga *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO* (Meld. St. 6 (2019–2020)) der det mellom anna vart sett fokus på at skulen og barnehagane må ha den kompetansen som er naudsynt for å gi alle barn eit godt pedagogisk og inkluderande tilbod. I 2025 innførte òg regjeringa eit system for kompetanse og karriereutvikling i barnehage og skule. Systemet skal gi dei tilsette i barnehage og skule betre forutsetningar til å møte dei krava og forventningane dei står ovanfor i jobben (Kunnskapsdepartementet, 2025).

Helsefaga har hatt ein jamn, men klart lågare vekst, med ein auke på 24 prosent frå 2021. Med 5 500 studentar i 2025 utgjer helsestudentane 58 prosent av fagområdet helse- og velferd. Det er stort behov for både kompetanse og arbeidskraft i helsesektoren, og behova kjem til å auke i åra framover. Helsefagarbeidarar er dessutan den yrkesgruppa norske verksemdar oppgjer at det er størst mangel på (Skjøstad & Danielsen, 2026). Helsepersonellkommisjonen vurderer samstundes at å auke kompetansen gjennom høgare yrkesfagleg utdanning kan kvalifisere helsefagarbeidarar for fleire oppgåver (NOU 2023:4).

Stor etterspurnad etter kompetanse og arbeidskraft i arbeidslivet kan gjere det ekstra utfordrande for helsefagarbeidarar og arbeidsgjevarane deira å prioritere vidareutdanning. Det er òg store variasjonar i kva grad arbeidsgjevarar legg til rette (Breines et al., 2026). Som vi vil omtale nærare i kapittel 3.5 går studentane innanfor helse og velferd i stor grad på fleksible utdanningstilbod, noko som legg til rette for å

⁷ I april 2026 fatta NOKUT vedtak om tilbakebetaling av 27,8 millionar kroner i offentlege tilskot frå Din Kompetanse fagskule, etter eit økonomisk tilsyn som avdekte det NOKUT meiner er alvorlege og systematiske brot på fagskolelova. Vedtaket omfattar òg tilbaketrekking av fagskulens akkrediteringar. Vedtaket er påklaga, og saka er difor ikkje endeleg avgjort. Det er uklart korleis dette vil påverke studenttala i åra framover.

kombinere utdanning med jobb for yrkesgrupper der det allereie er store behov for kompetansen og arbeidskrafta i arbeidslivet.

3.2.4 Leiingsfag aukar mest innan økonomi- og administrasjonsfag

Studenttalet innan økonomi- og administrasjonsfag har auka markant dei siste åra, men veksten er ulikt fordelt mellom utdanningstypene (sjå [vedleggstabell 35](#)). Den klart viktigaste drivaren bak veksten er leiingsfag, der studenttalet har auka jamt og i 2025 utgjør den største delen av studentmassen innan fagområdet. Aukninga gjeld særleg yrkes- og fagspesifikke leiingstilbod, til dømes innan prosjektleiing, arbeidsleiing og fagleg leiing i ulike bransjar, og peikar mot ei tydeleg dreining mot leiingskompetanse med praktisk og yrkesretta innhald.

Øg HR-fag samt løn- og rekneskapsfag har hatt ein vekst, men meir moderat utvikling, som kan tolkast som uttrykk for stabile og vedvarande kompetansebehov innan personalforvaltning, rekneskap og administrasjon. Samstundes har fleire tradisjonelle fag, som kontorlag, marknadsføring og særleg reiselivsfag, hatt stabilt eller fallande studenttal, kombinert med ein smalare tilbodsstruktur.

Samla sett tyder utviklinga på at studentane i aukande grad vel utdanningar som kombinerer administrativ kompetanse med praktisk og arbeidslivsnær kompetanse, særleg innan leiing. Dette kan knytast til endringar i arbeidsoppgåver på grunn av aukande kompleksitet i arbeidslivet. Dette gir behov for yrkesretta kompetanse som kombinerer fagkunnskap med fagleg leiing, koordinering og prosjektarbeid (HK-dir, 2024; Kompetansebehovsutvalget, 2022). For mange handlar dette ikkje om overgang til formelle leiarstillingar, men om å ta større ansvar for planlegging, samhandling og oppfølging på tvers av faggrupper i den jobben dei allereie har, noko som òg vert løfta fram som sentralt for å styrkje samfunnets beredskap og handteringsevne (Meld. St. 9 (2024–2025); NOU 2023:7).

Kandidatundersøkinga viser at rett i overkant av 60 prosent av kandidatane frå økonomisk-administrative fagskuleutdanningar svara at dei var i jobb innanfor fagområdet, som er lågare enn snittet (Lyckander et al., 2026).

3.2.5 Talet på studentar i kreative fag går tydeleg ned

I motsetjing til dei andre fagområda har kreative fag ei tydeleg negativ utvikling i talet på studentar (sjå [vedleggstabell 35](#)). I 2025 var det 2 000 studentar, som svarar til ein nedgang på 400 studentar, heile 17 prosent færre enn året før. Det har vore ei negativ trend dei siste fem åra, med ein nedgang på 29 prosent frå 2021. Det er ein nedgang i dei fleste kategoriane, med ein særleg nedgang i design.

Kreative fag har over tid sett ut til å ha eit svakare feste i arbeidslivet enn dei andre fagområda i høgare yrkesfaglege utdanning. Nedgangen i talet på studentar kan ha samanheng med auka utfordringar i arbeidslivet. I den siste kandidatundersøkinga svarar berre 39 prosent av kandidatane innanfor kreative fag at dei har jobb innanfor fagområdet, ein nedgang på over 20 prosent frå førre undersøking. 26 prosent av 2024-kandidatane gjekk i vidare utdanning, anten som hovudaktivitet eller i kombinasjon med arbeid (Lyckander et al., 2026). Bransjeundersøkingar tyder på ein utfordrande arbeidsmarknad for nyutdanna innan design og illustrasjon, og tap av oppdrag på grunn av kunstig intelligens (Grafill, 2025).

Nedgangen i studenttal innan kreative fag er ikkje avgrensa til høgare yrkesfagleg utdanning. Både opptakstal og kandidatdata frå universitets- og høgskulesektoren peikar i same retning, med svakare utvikling og større overgangsutfordringar for delar av dei humanistiske og estetiske fagområda samanlikna med fleire andre fagfelt (HK-dir, 2026).

3.2.6 Studenttalet aukar for maritime fag

Samferdselsfag har med sine 1 800 studentar i 2025 òg hatt ein betydeleg auke på ti prosent siste året, med 160 fleire studentar enn i 2024 (sjå [vedleggstabell 35](#)). Bak auken på 18 prosent sidan 2021, finn vi nedgang innanfor jernbane og auke innanfor maritime fag.

Innanfor jernbane var det i 2025 berre 100 studentar ved Norsk fagskole for lokførarar, som dimensjonerer utdanninga etter innspel frå togselskapa. Luftfartsfaga har i same periode snudd ein nedgang til oppgang i talet på studentar. Samstundes er det knytt noko usikkerheit til vidare utvikling innan luftfartsfaga, sidan Pilot Flight Academy har avvikla verksemda si. Det er førebels uklart korleis dette vil påverke kapasitet og studenttal innan luftfartsutdanningane framover.

Når det gjeld dei maritime utdanningane har særleg dekksoffisersutdanninga hatt ei betydeleg auke på 62 prosent sidan 2021. Over halvparten av veksten heng saman med oppretting av nye nettbaserte tilbod med samling. Maskinoffisersutdanninga har i same periode hatt ein vekst på 24 prosent. Samla sett har det blitt 380 (45 prosent) fleire studentar innan dei maritime utdanningane sidan 2021.

Innan maritim næring vert det meldt om store kompetansebehov i åra som kjem. Maritim verdiskapingsrapport 2025 peikar på høg aktivitet og vidare vekst, samstundes som tilgang på kvalifisert arbeidskraft vert løfta fram som ein sentral føresetnad for teknologiutvikling, grøn omstilling og auka internasjonal konkurranse (Haug et al., 2025). Utviklinga i talet på studentar innanfor maritime fag kan dermed sjå ut til å vere i tråd med regjeringas prioriteringar innanfor grøn omstilling (Meld. St.


14 (2022–2023)). Rekruttering og kompetanse er òg eit prioritert område i regjeringas kommande maritime strategi (Nærings- og fiskeridepartementet, 2026).

3.2.7 Talet på IT-studentar flatar ut

Det har vore ein stor auke i studentar innanfor IT-fag det siste tiåret, men dei siste åra har han flata ut (sjå figur 3.4). Den store auken, sett i samanheng med at desse utdanningane og studentgruppa på fleire område skil seg frå dei andre tekniske faga, har resultert i at IT-fag frå i år er skild ut som eit eige fagområde (sjå nærare omtale i kapittel 2.7). IT-fag er no det fjerde største fagområdet i høgare yrkesfagleg utdanning (sjå figur 3.3).

Med bakgrunn i at dette er første gong IT-fag er skild ut som eit eige fagområde, presenterer vi utviklinga heilt tilbake til 2017 i figur 3.4. Det var 490 studentar innanfor IT-fag i 2017, medan det var heile 3 700 studentar i 2025. Det vil seie at det er nesten sju og en halv gongar fleire studentar. Særleg var det stor vekst etter pandemien og endringane i fagskuleforskrifta i 2021. Dei siste åra kan det sjå ut til at talet på IT-studentar flatar ut, med ein nedgang på tre prosent frå 2024 til 2025. Ein liknande tendens ser vi ved universitet og høgskuler, der talet på søkjarar til informasjonsteknologi har gått nedover dei siste åra (HK-dir, 2026c) .

Figur 3.4 Studentar på utdanningar innanfor IT-fag, 2017–2025



Merknad: Grunna ny FKF-versjon er «IT» no blitt eiga fagområde og er ikkje lenger del av fagområdet «Tekniske fag». Endringa gjeld heile tidsserien. Endringa i FKF er nærare skildra i kapittel 2.9.

Vedlegg: [F3.4](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Sjølv om behovet er stort for spesialisert digital kompetanse, ser det ut til å vere utfordringar med arbeidsmarknadstilpasningar for dette fagområdet i høgare yrkesfagleg utdanning (Kompetansebehovsutvalget, 2025). Blant anna peiker forsking kompetansebehovsutvalet viser til, på teikn på låg arbeidslivsrelevans eller låg kvalitet som ikkje kompenserer for manglande erfaring hos studentane (Høst et al., 2024). Som vi kjem tilbake til i kapittel 3.6.3, kan utdanningane i IT-fag i større grad reknast som grunnutdanningar samanlikna med anna høgare yrkesfagleg utdanning, og fleire oppgjer at dei tar utdanninga som omskolering (Lyckander et al., 2026). I lys av dette kan utflatinga i talet på studentar vere ei tilpassing til eit avgrensa behov i arbeidslivet for kandidatar frå nokre av desse utdanningane. Men det kan òg henge saman med generelle trendar i arbeidsmarknaden.

Over 90 prosent av studentane innanfor IT-fag går på private fagskular, og det er her vi finn ein nedgang i talet på studentar. Det har derimot vore ein auke på 18 prosent i talet på studentar ved dei offentlege fagskulane, med 49 fleire studentar i 2025 samanlikna med året før. Som vi omtalar nærare i kapittel 3.6.3, har studentane innanfor IT-fag ved dei offentlege fagskulane i større grad yrkesfagleg bakgrunn. Sjå vedleggstabell [F3.4](#) for fleire detaljar om fagkategoriane innan IT.

3.3 Tilgang til utdanning og geografisk spreiding

Det er eit overordna mål at høgare yrkesfagleg utdanning skal vere tilgjengeleg for studentar i alle delar av landet. Kombinasjonen av stadbaserte, samlingsbaserte og nettbaserte utdanningar gir fleire moglege inngangar til utdanning uavhengig av bustad.


Studentar busette i fylke med mindre tilgang til stadbaserte tilbod er oftare registrerte i nettbaserte utdanningar, særleg nettbaserte utdanningar med samling (sjå [vedleggstabell 9](#)). Samstundes er det tydelege skilnader i fagprofil mellom studiefylka, der enkelte fylke har ein klar dominans av tekniske fag, medan andre har større innslag av helse- og velferdsfag eller ei meir samansett fagleg fordeling. Nettbaserte utdanningar bidrar til å utjamne geografiske skilnader i tilgang, men inneber òg at enkelte fagområde er mindre synlege i fylkesvise oversikter.

Kor studentane vel å studere, heng saman med tilbodet av utdanning i ulike delar av landet og korleis utdanningane er organisert. I kapittel 4 omtaler vi fagskular, studiestader og utdanningane som vert tilbydd, og i [fylkesvedlegget](#) er det nærare omtale av utdanningstilbodet i kvart fylke.

3.3.1 Studentane er spreidd på studiestader i alle fylke

Figur 3.5 viser fordelinga av studentar på stadbaserte og samlingsbaserte utdanningar, fordelt på offentlege og private fagskular i dei ulike fylka. I tillegg er det ei eiga søyle for nettbaserte utdanningar.⁸ Om lag 10 700 studentar tek nettbaserte utdanningar, medan dei resterande 25 400 studentane er knytte til bestemte studiestader. Sjå kapittel 4.1 for meir omtale av studiestader.

Figur 3.5 Studentar etter studiefylke og eigarskap, 2025



Merknad: Studentar på nettbaserte tilbod vert ikkje plasserte i fylke, men i kategorien nettbaserte utdanningar.

Vedlegg: [F3.5](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Som tidlegare er flest studentar knytt til studiestadar i Oslo, Rogaland, Vestland og Innlandet. Oslo har flest studentar totalt, om lag 4 000, medan Rogaland og Vestland har rundt 3 000 studentar kvar. Innlandet følgjer med om lag 2 750 studentar. I tillegg kjem studentar busett i fylka som tar rein nettbasert utdanning. At desse fylka skil seg

⁸ Nettbaserte utdanningar er presenterte som ein eigen kategori, sidan desse utdanningane ikkje er knytte til ein bestemt studiestad eller eit enkelt fylke. Dette skiljet er gjort for å gi eit meir presist bilete av den geografiske fordelinga av studentane ved stadbaserte og samlingsbaserte utdanningstilbod.

ut må sjåast i samanheng med folketal, arbeidsmarknad og omfanget av utdanningstilbod i fylka.

Finnmark har færrest studentar totalt, med litt over 120 studentar i 2025. òg Møre og Romsdal har eit lågt studenttal samanlikna med dei største studiefylka. I begge fylka studerer dei fleste studentane ved offentlege fagskular. Dette må sjåast i samanheng med både lågare folketal og eit avgrensa tilbod av utdanningar lokalt.


3.3.2 Utdanningsform varierer etter bustadfylke

Figur 3.6 viser korleis studentar busette i ulike fylke fordeler seg på utdanningsform i 2025. På landsbasis er nettbaserte utdanningar med samling den mest utbreidde utdanningsforma, etterfølgd av reine nettbaserte utdanningar og stadbaserte utdanningar (sjå kapittel 3.5). Sjølv om alle dei tre utdanningsformene er representerte, er det stor variasjon i fordelinga mellom fylke.

Blant studentar busette i fylke med spreidd busetnad og lange avstandar, som Troms, Finnmark, Nordland, Innlandet og Telemark, er nettbaserte utdanningar med samling den klart mest vanlege utdanningsforma. For studentar som bur i desse fylka, er rundt 60 prosent eller meir registrerte i slike tilbod, medan ein relativt liten del er knytte til reine stadbaserte utdanningar.

Eit liknande, men noko meir samansett mønster finn vi blant studentar busette i fylke med høgt samla studenttal og fleire studiestader, som Vestland, Trøndelag og Rogaland. òg her er nettbaserte utdanningar med samling den mest brukte utdanningsforma blant studentane, og omfattar rundt halvparten. Samstundes er ein større del av studentane enn i dei mest spreiddbygde fylka registrerte i stadbaserte utdanningar, noko som tyder på at fleire utdanningsformer er reelt tilgjengelege for studentane.

I alle fylke utgjør studentar som går på reine nettbaserte utdanningar ein betydeleg del av studentmassen. Dette gjeld særleg studentar busette i Oslo og Akershus, der rundt ein tredel er registrerte på slike tilbod. Oslo, saman med Agder, er òg blant fylka med størst del studentar på stadbaserte utdanningar, med over ein tredel på denne utdanningsforma. Delen studentar på samlingsbaserte utdanningar er forhaldsvis låg blant studentar busett i Oslo, samanlikna med andre fylke.

Figur 3.6 Andel studentar etter registrert bustadfylke og utdanningsform, 2025

Merknad: Studentar der bustadfylket er ukjend, vert ikkje viste i figuren. Sjå tabellvedlegg for talet på desse studentane og ein gjennomgang av forskjellane mellom talet på studentar frå HK-dir/DBH-HYU og Statistisk sentralbyrå.

Vedlegg: [F3.6](#)

Kjelde: Utdanningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

3.3.3 Fagprofilen varierer mellom studiefylka


Figur 3.7 viser at det er tydelege skilnader i kva slags utdanningar studentane tek i kvart studiefylke, når vi ser på stad- og samlingsbaserte utdanningar.

I fleire fylke er tekniske fag den største kategorien blant studentane som studerer der. Dette gjeld mellom anna Telemark, Troms, Innlandet og Buskerud, der over halvparten av studentane er knytte til tekniske utdanningar. Desse fylka verkar dermed å ha ein profil prega av tekniske og yrkesretta utdanningstilbod. I andre fylke, som Akershus, Rogaland og Finnmark, er helse- og velferdsfag meir sentrale.

Storbyfylke, særleg Oslo, har ein meir samansett fagprofil. Her er studentane fordelte på fleire store fagområde, mellom anna helse- og velferdsfag, kreative fag, økonomi- og administrasjonsfag og tekniske fag. Dette tyder på at eit breitt utdanningstilbod gir studentane større valmoglegheiter mellom fagområde innanfor same fylke.

At tekniske fag kjem høgt opp i fleire fylke, må òg sjåast i samanheng med at tekniske fag i mindre grad vert tatt som rein nettutdanning. I oversikta per fylke vert nokre fagområde òg underrepresentert, sidan mange av studentane tar rein nettbasert utdanning. Dette gjeld særleg IT-fag og økonomi- og administrasjonsfag. Sjå kapittel 3.5.4 for nærare omtale av variasjon i utdanningsform mellom fagområde.

Figur 3.7 Andel studentar, fordelt på fagområde og studiefylke, 2025



Merknad: Studentar på nettbaserte tilbod vert ikkje plassert i fylke, men i kategorien nettbaserte utdanningar.

Vedlegg: [F3.7](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

3.4 Alder, kjønn og innvandrarbakgrunn

Høgare yrkesfagleg utdanning rekrutterer i hovudsak frå arbeidslivet, og derfor er snittalderen høgare enn ved universitet og høgskule. I 2025 var snittalderen på 34 år, 36 år for kvinner og 32 år for menn. Ser ein på alle studentar i høgare yrkesfagleg

utdanning, er det relativt jamn spreiding i dei ulike aldersgruppene (sjå figur 3.8). Samstundes er det store skilnader mellom fagområda.


Snittalderen har stige jamt over dei siste åra, frå 33 år i 2021 til 34 år i 2025. Auken ser ut til å henge saman med både endring i samansetning av fagområda, og ein auke i snittalder innan dei fleste fagområda (sjå [vedleggstabell 32](#)). Som omtala i kapittel 3.2.1 har det vore særleg vekst i helse- og velferdsfag, tekniske fag og økonomi- og administrasjonsfag sidan 2021, alle med relativt høg snittalder.

Skilnaden i snittalder mellom kvinner og menn på rundt fire år har vore relativt stabil sidan 2021 (sjå [vedleggstabell 32](#)). Det er om lag like mange kvinner som menn som tek høgare yrkesfagleg utdanning, men fordelinga varierer mellom fagområda. Den høge delen kvinner i helse- og velferdsfaga, der snittalderen er høg, bidreg til ein høgare snittalder for kvinner samla sett.

3.4.1 Helse og velferd med dei eldste, og samferdsel med dei yngste studentane

Som ein kan sjå i figur 3.8 er det fleire studentar i dei høgaste aldersgruppene innanfor helse og velferd, samanlikna med dei andre. Snittalderen i dette fagområdet er 39 år. òg innanfor økonomi- og administrasjonsfag er studentane relativt sett eldre, med eit snitt på 37 år. På motsett side skil kreative fag og samferdselsfag seg ut med å ha mange unge studentar i aldersgruppa 20 til 24 år. Snittalderen i desse fagområda er høvesvis 28 og 25 år. Særleg innanfor maritime fag er det mange som tek vidareutdanning rett etter læretid i vidaregåande opplæring. Tekniske fag og IT-fag plasserer seg på midten, med relativ jamn spreiding mellom dei ulike aldersgruppene, og ein snittalder på 32 år i begge fagområde.

I [vedleggstabell 31](#) kan ein sjå korleis studentane fordelar seg etter kjønn og i ulike aldersgrupper. I kapittel 3.5.2 omtaler vi fordelinga av heiltids- og deltidsstudentar for ulike aldersgrupper.

Figur 3.8 Andel studentar etter fagområde og alder, 2025

Merknad: Studentar med uoppgitt fagområde vert ikkje vist i figuren. Sjå tabellvedlegg for tal på desse studentane.


Vedlegg: [F3.8](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

3.4.2 Kjønnsfordelinga følg mønster i arbeidslivet

Det er omtrent like mange kvinner som menn som tek høgare yrkesfagleg utdanning, men skilnadene er store mellom dei ulike fagområda. I 2025 var det 48 prosent kvinner og 52 prosent menn i høgare yrkesfagleg utdanning.

Som ein kan sjå i figur 3.9, følgjer fordelinga mellom kvinner og menn tradisjonelle mønstre i arbeidslivet (SSB, 2025). Innanfor helse og velferd er heile 85 prosent kvinner, medan det er høvesvis 72 og 68 prosent kvinner i kreative og økonomisk-administrative fag. I den andre enden av skalaen finn vi samferdsels- og tekniske fag, der høvesvis 89 og 88 prosent er menn. I tillegg er det 66 prosent menn innan IT-fag. At IT-fag er skild ut som eige kategori i år, bidreg dermed til at delen menn innanfor tekniske fag er høgare enn i tidlegare tilstandsrapportar. Kjønsskilnadene har vore relativt stabile i alle fagområde dei siste fem åra.

Figur 3.9 Kjønnssfordeling etter fagområde, 2025

Merknad: Studentar med uoppgitt fagområde vert ikkje vist i figuren. Sjå tabellvedlegg for tal på desse studentane. Tabellvedlegget inneheld ein tidsserie for åra 2017–2025.

Vedlegg: [F3.9](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Fagskulane har avgrensa moglegheiter til å påverke kjønnssfordelinga i vidareutdanningar, fordi rekrutteringsgrunnlaget i stor grad er forma gjennom tidlegare utdanningsval. Ei utjamning føreset difor endringar i dei utdanningsløpa som studentane vert rekrutterte frå, særleg i vidaregåande opplæring, der dei fleste tek sine første fagspesifikke val (Lyckander et al., 2026). I tråd med dette rettar tiltaka i hovudmålet om færre kjønnsdelte utdanningsval i regjeringas strategi for likestilling seg i større grad mot vidaregåande opplæring enn høgare yrkesfagleg utdanning (Kultur- og likestillingsdepartementet, 2024). Sjølv om det blant anna er fleire jenter som søker seg til elektro og datateknologi og teknologi- og industrifag i vidaregåande opplæring enn før, er det framleis gutar som dominerer. Med tanke på høg snittalder hos fagskulestudentane, vil det i alle tilfelle ta lang tid før endringar i utdanningsval i vidaregåande opplæring når fagskulane.

Lokomotivførarutdanninga er eit døme på eit fagområde som er sterkt mannsdominert, og der Lokførerskolen sjølv har peika på behov for og iverksett tiltak for betre kjønnsbalanse (Jensen, 2023). Sjølv om talet på kvinnelege søkjarar har auka, gjer ekstrapoeng for relevante fagbrev at få kvinner får plass. Hausten 2025 var

berre seks av 101 studentar ved lokomotivførarutdanninga kvinner. Tilsvarande var seksten av 257 studentar ved Brann- og redningsskolen kvinner.

I [vedleggstabell 31](#) kan ein sjå korleis studentane fordeler seg etter kjønn og i ulike aldersgrupper.

3.4.3 Stadig fleire studentar med innvandringsbakgrunn

Analysar frå NIFU visar ei stor auke i delen fagskulestudentar med innvandringsbakgrunn⁹, frå under sju prosent i 2008 til om lag 20 prosent i 2023 (Lyckander et al., 2026).¹⁰ Denne auken har nær samanheng med ein generell auke i innvandrarbefolkninga, særleg prega av arbeidsinnvandring frå EØS-området. Blant kandidatane som er fødde utanfor Noreg, er den største delen fødde i andre europeiske land (åtte prosent), medan delen fødde i Asia og Afrika ligg på om lag to prosent i kvar region. Samansetjinga er forholdsvis lik fordelinga i førre undersøking (Lyckander et al., 2026).

Når det gjeld innvandrarandel er det store variasjonar mellom fagområde. I helse- og velferdsfaga har over lengre tid om lag ein firedel av studentane hatt innvandrarbakgrunn (Lyckander et al., 2026). Studentane vert her rekrutterte frå sektorar som helse og oppvekst, som har ein høg del innvandrarar. I åra fram mot 2023 har økonomi- og administrasjonsfag og IT-fag likevel vakse fram som fagområda med høgast del innvandrarar, noko som både kan spegle breiare samfunnstrendar og rolla høgare yrkesfagleg utdanning kan spele som ein tilgjengeleg utdanningsveg (Lyckander et al., 2026). Som vi omtalar nærare i kapittel 3.6, er helse- og velferdsfag, økonomi- og administrasjonsfag og IT-fag òg fagområda der realkompetanse er mest utbreidd som opptaksgrunnlag. Vi manglar tal for å kunne analysere om realkompetanse er meir utbreidd blant dei med innvandrarbakgrunn. I dei resterande fagområda er det òg ei svak auke i delen innvandrarar over tid.

I [vedleggstabell 21](#) har vi tal for statsborgarskap blant fagskulestudentane. Desse tala fangar ikkje opp alle studentar med innvandrarbakgrunn og kan omfatte studentar med fleire ulike statsborgarskap.

⁹ I tråd med SSB definerer dei NIFU? innvandrarar som personar fødd i utlandet med to utanlandskfødde foreldre, og norskfødde med innvandrarforeldre er fødd i Norge med to utanlandskfødde foreldre.

¹⁰ I den nyaste kandidatundersøkinga for studentar i høgare yrkesfagleg utdanning har NIFU-forskarane brukt spørjeskjema- og registerdata frå perioden 2008 til 2023 for å analysere endringar i delen med innvandrarbakgrunn (Lyckander et al., 2026).

3.5 Studentar på fleksible utdanningstilbod

Fleksibilitet i høgare yrkesfagleg utdanning handlar ikkje berre om valfridom, men og om strukturelle tilpassingar til ein studentmasse med ulike føresetnader og livssituasjonar.

Høgare yrkesfagleg utdanning er i stor grad utvikla for ein studentmasse som er tett knytt til arbeidslivet. Utdanningane er i hovudsak retta mot vaksne, yrkesaktive deltakarar og vert ofte organiserte som deltids- og fleksible utdanningar, der arbeidsplassen i mange tilfelle fungerer som ein sentral læringsarena.


Den tette koplinga mellom fagskulane og arbeidslivet bidreg til praksisnære og relevante utdanningstilbod, samstundes som ho stiller særlege krav til korleis utdanningane vert organiserte og tilrettelagde (Høst et al., 2024, 2025). Dette gir eit viktig bakteppe for analysane i dette kapittelet, der vi ser nærare på deltid, nettbaserte utdanningar og kortare studietilbod som sentrale former for fleksibilitet i høgare yrkesfagleg utdanning. Samstundes er geografisk tilgjenge ein viktig dimensjon ved fleksibiliteten i sektoren. Dette er nærare drøfta i kapittel 3.3.

3.5.1 Dei fleste er deltidsstudentar

Dei fleste studentane i fagskulen tek utdanninga på deltid. I 2025 tok 27 300 studentar utdanninga si på deltid, noko som svarar til 76 prosent av alle studentar. Frå å utgjere 70 prosent i 2021 har andelen deltidsstudentar fortsett å auke jamt dei siste åra. Denne utviklinga samsvarar med korleis utdanningstilboda i fagskulesektoren i aukande grad er organiserte som deltidsløp, noko vi ser nærare på i kapittel 4.7.

Kandidatundersøkinga viser at òg mange heiltidsstudentar i høgare yrkesfagleg utdanning er i jobb under studiet. Behovet for fleksible utdanningstilbod gjeld difor ikkje berre deltidsstudentar, men òg studentar som er registrerte på heiltidsutdanningar (Lyckander et al., 2026).

Figur 3.10 viser fordelinga av heiltids- og deltidsstudentar etter fagområde i 2025. I tabellvedlegget ([F3.10](#)) ser vi utviklinga over tid. Skilnadene mellom fagområda når det gjeld heiltids- og deltidsutdanningar er store, og i hovudsak stabile over tid. Endringane sidan 2021 handlar først og fremst om vekst i studenttal, der auken i stor grad har skjedd innan deltidsutdanningar. Dette stadfestar at fleksible studieløp er ein berebjelke i høgare yrkesfagleg utdanning, og tett knytt til ein studentmasse som i stor grad kombinerer utdanning med arbeid.

Figur 3.10 Studentar på heiltid og deltid etter fagområde, 2025

Merknad: Studentar med uoppgitt fagområde vert ikkje vist i figuren. Sjå tabellvedlegg for tal på desse studentane.

Vedlegg: [F3.10](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Helse- og velferdsfag skil seg klart ut ved å ha ein nærast reindyrka deltidspol. I 2025 er 9 400 av 9 500 studentar deltidssstudentar, tilsvarande 99 prosent, medan berre 110 studentar studerer på heiltid. Som vi kan sjå i tabellvedlegget ([F3.10](#)) er dette ei vidareføring av utviklinga frå 2021, då deltidssstudentar allereie dominerte fagområdet. Sidan 2021 har talet på deltidssstudentar i helse og velferd auka frå om lag 6 100 til over 9 400, utan at andelen heiltidsstudentar har endra seg nemnande. Dette heng òg naturleg saman med ein eldre studentgruppe innafor helse- og velferdsfaga (sjå kapittel 3.4.1 og 3.5.2), og understrekar at utdanningane i stor grad fungerer som kompetanseheving for yrkesaktive i sektoren.

I tekniske fag studerer 9 900 av om lag 11 600 studentar på deltid, tilsvarande 86 prosent, medan om lag 1 700 er heiltidsstudentar. I økonomi- og administrasjonsfag er 5 600 av 6 700 studentar deltidssstudentar (83 prosent). For begge fagområda har studenttalet auka betydeleg sidan 2021, men veksten har i hovudsak kome blant deltidssstudentar.

IT-faga skil seg frå dette mønsteret. Her er heiltidsstudentar i fleirtal i 2025, med 2 500 heiltidsstudentar (69 prosent) og 1 200 deltidsstudentar (31 prosent). Samstundes har andelen deltidsstudentar gått ned med ni prosent sidan 2021. Dette indikerer at heiltidsstudium framleis dominerer og til og med har auka.

I samferdselsfag er heiltidsstudentar òg i fleirtal. I 2025 er om lag 1 500 av 1 800 studentar heiltidsstudentar, tilsvarande 82 prosent, medan 330 studerer på deltid. Deltidsdelen har likevel auka sidan 2021, då berre litt over ein prosent var deltidsstudentar i dette fagområdet. Trass i veksten er heiltidsstudium framleis den klart viktigaste studiemodellen.

Kreative fag har den høgaste delen heiltidsstudentar av alle fagområde, med 1 700 heiltidsstudentar (85 prosent) og 300 deltidsstudentar (15 prosent) i 2025. Samanlikna med 2021 har både det totale studenttalet og talet på heiltidsstudentar gått noko ned, medan deltidsdelen har vore relativt stabil. Dette har ført til ein noko mindre dominans av heiltidsstudium enn tidlegare, men heiltid er framleis hovudmodellen.

3.5.2 Deltidsstudium speglar ein vaksen studentmasse

Tabell 3.2 viser fordelinga av heiltids- og deltidsstudentar etter alder i 2025. Som i tidlegare år er det ein klar samanheng mellom alder og utdanningsform, der andelen deltidsstudentar aukar markant med aukande alder. Blant studentar under 25 år er heiltidsstudium mest vanleg, medan deltid dominerer frå og med aldersgruppa 25–29 år.

I aldersgruppa 20–24 år studerer om lag 54 prosent på heiltid og 46 prosent på deltid. For studentar i alderen 25–29 år har dette forholdet snudd, med rundt 71 prosent deltidsstudentar. Denne utviklinga held fram i dei eldre aldersgruppene. Nær 80 prosent av studentane i alderen 30–34 år og over 85 prosent av studentane i alderen 35–39 år studerer på deltid. For studentar over 40 år er deltidsstudium den dominerande studiemodellen, med rundt 90 prosent eller fleire deltidsstudentar i alle aldersgrupper frå 40 år og oppover. Blant studentar over 49 år er heile 95 prosent deltidsstudentar.

Tabell 3.2 Studentar på heiltid og deltid etter alder, 2025

Alder	Studentar på deltid	Andel deltid per aldersgruppe	Studentar på heiltid	Andel heiltid per aldersgruppe	Totalt
Under 20 år	50	15 %	278	85 %	328
20–24	3 136	46 %	3 622	54 %	6 758
25–29	4 855	71 %	1 995	29 %	6 850
30–34	4 595	79 %	1 185	21 %	5 780
35–39	4 658	86 %	786	14 %	5 444
40–44	3 881	89 %	466	11 %	4 347
45–49	2 942	92 %	248	8 %	3 190
Over 49 år	3 205	95 %	184	5 %	3 389
Totalt	27 322	76 %	8 764	24 %	36 086

Vedlegg: [T3.2](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Mønsteret i 2025 samsvarer i hovudtrekk med utviklinga over tid, og stadfestar at deltidsutdanning er den viktigaste studiemodellen for eldre studentar i høgare yrkesfagleg utdanning. Dette reflekterer ein studentmasse som i stor grad kombinerer utdanning med arbeid og andre forpliktingar. Samstundes viser tabellen at heiltidsstudentar i hovudsak er konsentrerte i dei yngste aldersgruppene, særleg under 25 år.

Sett i samanheng med alder og fagområde peikar dette i retning av eit delt studentmønster, der yngre studentar oftare tek høgare yrkesfagleg utdanning som eit samanhengande heiltidsløp, medan eldre studentar i større grad nyttar deltidsutdanning som kompetanseheving ved sidan av arbeid.


3.5.3 Auke i studentar på nettbaserte utdanningar med samling

Nett- og samlingsbaserte utdanningar gir studentane fleksibilitet både i tid og stad. Med ei betydeleg auke dei siste åra, har nettbaserte utdanningar med samlingar etablert seg som den mest vanlege typen utdanning for studentane. I 2025 tok nærare halvparten av studentane denne type utdanning (17 300, 48 prosent), medan høvesvis 10 700 (30 prosent) og 8 100 (23 prosent) av studentane tok reine nettbaserte og stadbaserte utdanningar. Går ein tilbake til 2023 var det til dømes omtrent like mange studentar på stadbaserte som på nettbaserte utdanningar med samling (sjå figur 3.11).

Auka i nettbaserte utdanningar skjer parallelt med ein nedgang i talet på studentar som tar reine stadbaserte utdanningar. Talet på studentar som tar nettbasert utdanning med samling har meir enn dobla seg sidan 2021, med ein auke på om lag 9 200 studentar. I same periode har det vore ein nedgang på 31 prosent, med 3 700

færre studentar på reine stadbasererte utdanningar. På nettbasererte utdanningar har det samstundes vore ein auke på 28 prosent, med 2 400 fleire studentar. Denne utviklinga må òg sjåast i samanheng med endringar i fagområdesamansetninga i sektoren. Dei største og raskast veksande fagområda, særleg helse- og velferdsfag og tekniske fag, har mange studentar på nettbasererte utdanningar med samling, noko som bidreg til den samla veksten i denne utdanningsforma, sjå figur 3.12.

Figur 3.11 Studentar etter utdanningsform, 2021–2025



Merknad: Tabellvedlegget inneheld ein tidsserie for åra 2017–2025 og ei fordeling av studentar etter utdanningsform ved offentlege og private fagskular.

Vedlegg: [F3.11](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

At nettbasererte utdanningar med samling aukar meir enn stadbasererte utdanningar går ned, kan tyde på at denne utdanningsforma møter eit behov. I kandidatundersøkinga svarer over 70 prosent av fagskulekandidatane som hadde valt nettbasert utdanning med samling at dette passa best med jobbsituasjonen (Lyckander et al., 2026). Vidare legg kombinasjonen av nettbasert undervising og fysiske samlingar i større grad til rette for bruk av praktiske øvingar, sosialt samhald og bygging av relasjonar, samanlikna med reine nettbasererte tilbod (Andresen & Breines, 2024).

Tidlegare undersøkingar frå Studiebarometeret for fagskolestudentar viser at studentane generelt er tilfredse med organiseringa av utdanningane. Samstundes varierer vurderingane mellom ulike utdanningsformer og organiseringsformer. Nokre nettbaserte utdanningar får gjennomgåande gode vurderingar knytte til fleksibilitet og struktur, medan samlingsbaserte utdanningar i større grad er avhengige av korleis samlingar og nettundervisning er organiserte og koordinerte. Undersøkingane gir likevel ikkje grunnlag for å trekkje eintydige konklusjonar om at éi organiseringsform systematisk vert vurdert betre enn dei andre (NOKUT, 2024).

Kombinasjonen av ulike undervisningsformer stiller store krav til fagmiljøa, og intervju blant studentar og fagskular tyder på at det pedagogiske opplegget er i stadig utvikling for å heve kvaliteten på utdanningane (Andresen & Breines, 2024). I 2025 fekk Fafo tildelt midlar frå Forskingsrådet til å undersøke korleis nettbasert fagskoleutdanning påverkar tilgang til kompetanse, inkludert kvalitet, og korleis utdanninga vert opplevd og verdsett. Prosjektet MovingSkills vert gjennomført i samarbeid med Nord universitet og University of Edinburgh, og varer frå 2026 til 2030 (Fafo, 2025).

Sjå omtale av utviklinga i kva slags utdanningsform fagskulane tilbyr i kapittel 4.8.

3.5.4 Variasjonar i utdanningsform mellom fagområda

Medan talet på studentar på nettbaserte utdanningar med samling har auka kraftig sidan 2021, viser figur 3.12 at val av utdanningsform varierer tydeleg mellom fagområda. Samlingsbaserte utdanningar er særleg utbreidde i dei største fagområda, tekniske fag og helse- og velferdsfag.

Fordelinga av utdanningsformer kan forståast som eit resultat av eit samspel mellom krav til praksis og fysiske læringsarenaer, og behov for fleksibilitet. Samlingsbaserte nettstudium gjer det mogleg å kombinere felles opplæring og ferdigheitsreining på samlingar med praktisk utøving og refleksjon i eiga verksemd mellom samlingane. Dette legg til rette for tett kopling mellom utdanning og arbeid, samstundes som utdanninga kan gjennomførast utan at studentane er heilt ute av arbeidslivet over lengre tid. Samstundes forklarar dette, og det at utdanningane tradisjonelt var stadbaserte, kvifor det framleis er eit visst innslag av reine stadbaserte utdanningar, særleg der opplæringa krev tilgang til spesialisert utstyr, verkstader eller praksisnære læringsarenaer.


Desse samanhengane kjem tydeleg til uttrykk i fordelinga av utdanningsformer mellom fagområda i figur 3.12. Fagområde med læringsaktiviteter som krev at ein er fysisk til stades er i hovudsak stadbaserte, medan fagområde som i større grad kan gjennomførast digitalt, har ei høgare utbreiing av nettbaserte og samlingsbaserte

løysingar. Samlingsbaserte og nettbaserte tilbod spelar samstundes ei viktig rolle i fagområde der mange studentar kombinerer utdanning med arbeid.

Studentar ved private fagskular skil seg frå studentar ved offentlege ved i større grad å ta nettbaserte utdanningar. Dette gjeld både reine nettstudium og nettbaserte tilbod med samling, medan stadbaserte heiltidsløp er mindre utbreidde. Mønsteret må sjåast i samanheng med fagporteføljen ved dei private fagskulane og ein studentmasse der mange kombinerer utdanning med arbeid. Samstundes er studentprofilen samansett: innan enkelte fagområde er det òg eit relativt stort innslag av heiltidsstudentar. Dette kjem tydeleg til uttrykk i fordelinga av utdanningsformer på fagområde i figur 3.12.

Som vi ser i figur 3.12 går den store overvekta av studentar innan samferdselsfag i 2025 (82 prosent) på stadbaserte utdanningar, medan ingen av studentane går på reine nettbaserte utdanningar. Den høge delen stadbaserte utdanningar innan samferdselsfag heng saman med at utdanningane i stor grad krev fysisk oppmøte, mellom anna gjennom bruk av simulatorar, verkstad og anna praksisnær opplæring. Dette samsvarar med at samferdselsfag òg har ein høg del heiltidsstudentar, som vist i Figur 3.10. Læringsaktivitetane føreset tilgang til spesialisert utstyr og fysiske læringsarenaer, og let seg difor vanskeleg gjennomføre som reine nettbaserte tilbod.

Figur 3.12 Andel studentar etter utdanningsform og fagområde, 2025



Merknad: Studentar med uoppgitt fagområde vert ikkje vist i figuren. Sjå tabellvedlegg for tal på desse studentane.

Vedlegg: [F3.12](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Kreative fag er òg i stor grad stadbaserte (70 prosent), medan rundt ein tredel tar nettbasert utdanning eller nettbasert utdanning med samling. Dette kan forklarast med behov for praktisk og kunstnarisk arbeid, til dømes innan sceniske uttrykk, design eller handverksaktivitetar. Samstundes er det i kreative fag større innslag av nettbaserte og samlingsbaserte løysingar enn i samferdselsfaga, noko som kan reflektere at delar av undervisninga er meir eigna for digital gjennomføring.

For tekniske fag og helse- og velferdsfag går nesten ein tredel av studentane i 2025 (63 og 64 prosent) på nettbaserte utdanningar med samling. Fordi ein stor del av studentane i desse fagområda er i jobb medan dei tek utdanning, gjer denne utdanningsforma blant anna moglegheit til å øve på eiga arbeidsplass mellom samlingar (Andresen & Breines, 2024). 22 prosent av studentane innanfor tekniske fag tar i 2025 reine stadbaserte utdanningar, medan det tilsvarande talet er berre åtte prosent for helse- og velferdsfag. Høvesvis 14 og 28 prosent av studentane i desse to fagområda tar reine nettbaserte utdanningar. Fordi dei er to store fagområde, utgjer dei til saman 4 300 studentane innanfor tekniske fag og helse- og velferdsfag om lag 40 prosent av studentane på nettbaserte utdanningar.

Det er innanfor økonomi- og administrasjonsfag og IT-fag vi finn størst utbreiing av rein nettbasert utdanning. Om lag halvparten av studentane innanfor økonomi- og administrasjonsfag (49 prosent) tar reine nettbaserte utdanningar, medan to tredeler av studentane innanfor IT-fag (67 prosent) gjer det same. I begge fagområda er studentane som tar reine nettbaserte utdanningar i hovudsak knytt til private fagskular. Som vi vil sjå nærare i kapittel 3.7.3 er det studentane ved nettbaserte tilbod som har lågast gjennomføring i utdanninga, og gjennomføringa i IT-fag og økonomi- og administrasjonsfag ligg òg under snittet. Sjå omtale av utviklinga i utdanningsformane fagskulane tilbyr i dei ulike fagområda i kapittel 4.8.

3.5.5 Auke i kortare studietilbod under 30 studiepoeng

Kortare, fleksible studietilbod under 30 studiepoeng spelar ei viktig rolle i høgare yrkesfagleg utdanning. Desse tilboda gjer det mogleg å tileigne seg avgrensa og målretta kompetanse som kan kombinerast med jobb og andre forpliktingar. For somme studentar kan kortare studietilbod òg opne for å ta fleire tilbod parallelt eller over tid. Samla sett kan kortare studietilbod både senke terskelen for å starte på utdanning og leggje til rette for gradvis kompetanseheving gjennom yrkeslivet.

Som omtala i kapittel 2.3 er studenttalet vi nyttar i rapporten ein kombinasjon av aktive studentar per 1. oktober, og individ som er aktive på kortare studietilbod under 30 studiepoeng i løpet av heile året. I dette delkapittelet ønskjer vi å vise omfanget av den faktiske utdanningsaktiviteten, og tel difor alle aktive studentar per studietilbod.

Nokre studentar vert då talde fleire gonger, og vi nyttar difor omgrepet *oppmeldingar* framfor *studentar*.

I 2025 vart det registrert til saman 4 600 oppmeldingar til kortare studietilbod, ein tydeleg auke frå 3 600 oppmeldingar i 2024. Dette svarar til ein vekst på om lag 28 prosent på eitt år.

Veksten i oppmeldingar er særleg markant innan tekniske fag, som òg utgjer det klart største fagområdet for kortare studietilbod. I 2025 vart det registrert 2 200 oppmeldingar innan tekniske fag, opp 25 prosent frå 2024. Teknisk fagområde står dermed for nær halvparten av alle oppmeldingar til kortare studietilbod i 2025. Utviklinga peikar på aukande bruk av korte, målretta utdanningar for å møte endringar i kompetansebehov innan tekniske og industrielt retta yrke. Veksten må òg sjåast i samanheng med tilskotsordninga Industrifagskulen, der det er løyvd 598 studieplassar til korte, fleksible vidareutdanningstilbod utvikla i samarbeid med arbeidslivet og Industriens kompetansefond som gir økonomisk støtte i form av lønnskompensasjon til arbeidstakarar som tek bransjerelevante, korte utdanningstilbod. Desse tiltaka har styrkt både tilbodet av og etterspurnaden etter slike utdanningar, og lagt til rette for kompetansepåfyll som kan kombinerast med arbeid. Om lag 1 700 av oppmeldingane var i 2025 knytt til eit tilbod på under 30 studiepoeng finansierte via Industrifagskulen.

Øg økonomi- og administrasjonsfag har hatt ein betydeleg auke. Talet på oppmeldingar steig frå 1 100 i 2024 til 1 400 i 2025, og fagområdet er det nest største innan kortare studietilbod. Dette tyder på at korte utdanningar i aukande grad vert nytta til kompetansepåfyll innan leiing, administrasjon og økonomi, ofte i kombinasjon med arbeid.

Den sterkaste relative veksten finn vi innanfor helse- og velferdsfag. Etter fleire år med låge tal, auka oppmeldingane frå 210 i 2024 til 600 i 2025, ein nesten tredobling på eitt år. Denne utviklinga kan sjåast i samanheng med behovet for rask og målretta kompetanseheving i helse- og omsorgstenestene, der kortare studietilbod under 30 studiepoeng kan senke terskelen for å ta utdanning ved sida av arbeid. Meir enn 40 prosent av oppmeldingane er knytt til tilbodet *Spesialisering i medisinske prosedyrer og observasjonskompetanse* på ti studiepoeng ved Fagskolen Diakonova.

IT-fag viser eit meir samansett bilete. Etter ein nedgang frå 2022 til 2024, auka talet på oppmeldingar noko i 2025 til 300, opp frå 240 året før. Trass i denne auken er nivået framleis lågare enn i 2022, noko som kan indikere at etterspurnaden etter korte IT-tilbod har stabilisert seg etter ein periode med sterk vekst.

Auken i oppmeldingar peikar på at slike tilbod i aukande grad vert nytta for rask, arbeidsretta kompetanseheving, særleg innan tekniske fag, økonomi- og administrasjonsfag og helse- og velferdsfag. Dette støttar opp om biletet frå førre tilstandsrapport, der kortare studietilbod vart framheva som eit verkemiddel for å senke terskelen for å starte på utdanning, spesielt for vaksne i arbeid (HK-dir, 2025).

Tabell 3.3 Oppmeldingar til kortare studietilbod under 30 studiepoeng fordelt på fagområde, 2021–2025

Fagområde	2021	2022	2023	2024	2025
Helse og velferd	129	45	193	208	623
IT	341	474	383	243	303
Kreativ	0	0	0	0	20
Teknisk	645	645	1 553	1 727	2 155
ØkAdm	1 021	622	1 136	1 102	1 446
Anna	120	68	119	205	82
Uoppgitt	412	170	216	133	.
Totalt	2 668	2 024	3 600	3 618	4 629

Merknad: Merknad: Kortare studietilbod under 30 studiepoeng skil seg frå dei lengre tilboda frå og med 30 studiepoeng ved at studentane oftare er meldt opp til fleire korte tilbod i løpet av eit år.

Vedlegg: [T3.3](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

For å få eit heilskapleg bilete av kortare studietilbod er det viktig å supplere med utdanningar på til og med 30 studiepoeng. Dette er fordi tilskotsordningar som Industrifagskulen og bransjeprogram tilbyr korte og fleksible utdanningar som omfattar denne kategorien.

Når det gjeld Industrifagskulen, var 410 studentar i 2025 oppmelde til eit tilbod registrert som 30 studiepoeng. Av desse var 340 studentar innan tekniske fagområde, medan 80 studentar var innan økonomi og administrasjon. Desse studentane vert likevel ikkje rekna med i kategorien «kortare studietilbod», sjølv om tilskotsordningane tilseier at dei høyrer heime der. Dette betyr at dei ikkje vert talt med i statistikken for kortare studietilbod under 30 studiepoeng i tabellen over. Totalt var 2 100 studentar meldt opp til tilbod finansiert gjennom tilskotsordninga Industrifagskulen i 2025. Totalt 950 studentar var meldt opp til tilbod finansiert gjennom bransjeprogram, 70 av desse tok tilbod på 30 studiepoeng i 2025.

3.6 Opptaksgrunnlag

Opptaksgrunnlaget seier noko om kva kompetanse som krevst for å komme inn på ei utdanning. Hausten 2025 starta det 19 300 nye studentar på ei høgare yrkesfagleg utdanning. I figur 3.13 ser vi kva opptaksgrunnlag som var lagt til grunn ved opptak av desse studentane. Samansettinga av opptaksgrunnlag gir eit bilete av breidda i studentgrunnlaget og kven utdanningane i fagskulesektoren er retta mot.


Opptaket til høgare yrkesfagleg utdanning byggjer på ulike former for kompetanse. Dei viktigaste opptaksgrunnlaga er fullført og bestått vidaregåande opplæring, til dømes fagbrev eller annan yrkesfagleg bakgrunn, generell studiekompetanse, og realkompetansevurdering. I tillegg kjem opptak på grunnlag av utanlandsk utdanning, høgare yrkesfagleg utdanning eller spesielle opptakskrav. Spesielle opptakskrav kan til dømes vere opptaksprøve, krav om sertifikat, autorisasjon, dokumentert praksis eller relevant yrkeserfaring utover formell utdanning. For nokre tilbod kan det òg vere krav om gjennomført intern opplæring i verksemd, fag- eller bransjespesifikke kurs, eller annan dokumentert kompetanse som er vurdert som nødvendig for å kunne gjennomføre utdanninga. Desse krava kan komme i tillegg til anna opptakskrav. Til dømes kan ein ved brann- og redningsskulen verte teken opp på grunnlag av fagbrev, men må i tillegg bestå ein opptaksprøve, levere helse- og politiattestar og ha førarkort klasse B.

Ein søkar kan kvalifisere til fleire opptakskrav samtidig, men vert berre registrert med det opptakskravet som vert vurdert som mest relevant eller avgjerande for utdanninga han eller ho vert teken opp til.

3.6.1 Over halvparten av studentane har yrkesfagleg bakgrunn

10 700 (55 prosent) av dei nye studentane hausten 2025 vart teke opp på grunnlag av yrkesfagleg kompetanse. Som vi kan sjå i figur 3.13, har yrkesfagleg kompetanse vore det mest utbreidde opptaksgrunnlaget over tid.

Opptak på grunnlag av realkompetanse har samstundes blitt meir utbreidd dei siste åra, og 22 prosent av dei nye studentane vart tekne opp på dette grunnlaget hausten 2025, medan rundt 20 prosent av studentane vart tekne opp på grunnlag av generell studiekompetanse. Med andre ord vart nesten alle nye studentar tekne opp på grunnlag av anten yrkesfagleg kompetanse, realkompetanse eller generell studiekompetanse. Elles vart 120 nye studentar tekne opp på grunnlag av høgare yrkesfagleg utdanning. Tilsvarande var høvesvis 250 studentar tekne opp på grunnlag av utanlandsk utdanning og 260 hadde spesielle opptakskrav. Sjå fleire tal i vedleggstabell [F3.13](#).

Figur 3.13 Nye studentar etter opptaksgrunnlag, haust 2021–2025

Merknad: Følgande opptaksgrunnlag er ikkje viste i figuren: Høgare yrkesfagleg utdanning, spesielle opptakskrav, utanlandsk utdanningsbakgrunn og anna. Tala for desse opptaksgrunnlaga finn ein i tabellvedlegget saman med ein tidsserie for åra 2017–2025.


Vedlegg: [F3.13](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

3.6.2 Grad av yrkesfagleg bakgrunn varierer mellom fagområde

Det er stor variasjon i opptaksgrunnlag mellom fagområda. Som vi kan sjå i figur 3.14 er det særleg innanfor tekniske fag, samferdselsfag og helse- og velferdsfag studentane vert tekne opp på grunnlag av yrkesfagleg kompetanse. Sjå [vedleggstabell 16](#) for utviklinga over tid.

Delen studentar med yrkesfagleg bakgrunn er høgst innanfor tekniske fag med 84 prosent, etterfølgt av samferdselsfag og helse- og velferdsfag med høvesvis 71 og 68 prosent av studentane hausten 2025. Dei resterande studentane vart i stor grad tekne opp på bakgrunn av realkompetanse i desse tre fagområda. For samferdselsfag er det òg ein del av studentane (12 prosent) som vart tekne opp på grunnlag av generell studiekompetanse. Dette gjeld særleg studentane innanfor luftfart. I tillegg vart fire prosent av studentane innan samferdselsfag tekne opp på grunnlag av utanlandsk utdanning. Òg her er størsteparten av studentane innanfor luftfart.

Figur 3.14 Nye studentar etter opptaksgrunnlag per fagområde, hausten 2025

Merknad: Studentar med uoppgitt fagområde vert ikkje vist i figuren. Sjå tabellvedlegg for tal på desse studentane.

Vedlegg: [F3.14](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

I motsett ende finn vi IT-fag og kreative fag der høvesvis berre 13 og fem prosent av studentane vart tekne opp på grunnlag av yrkesfagleg kompetanse hausten 2025. Størstedelen av studentane i desse fagområda vart tekne opp på grunnlag av generell studiekompetanse. Opptak på grunnlag av realkompetanse er òg utbreidd. Kreative fag skil seg ut med at heile 17 prosent av studentane vart tekne opp på grunnlag av spesielle opptakskrav, til dømes opptaksprøver.

I økonomi- og administrasjonsfag er studentane jamnare fordelt rundt dei tre vanlegaste opptaksformene. Ein tredel (33 prosent) vart tekne opp på grunnlag av yrkesfagleg kompetanse, medan ein tredel (35 prosent) av studentane vart tekne opp på grunnlag av generell studiekompetanse. Òg her er realkompetanse utbreidd som opptaksgrunnlag (27 prosent). I tillegg vart tre prosent av studentane tekne opp på grunnlag av utanlandsk utdanning.

Det er òg store skilnader i opptaksgrunnlag når det kjem til alder (sjå [vedleggstabell 30](#)). Dette heng igjen saman med skilnader i alder mellom fagområde. Dette omtalte vi nærare i kap. 3.4.1.

3.6.3 Yrkesfagleg bakgrunn er vanlegare ved dei offentlege fagskulane

Innanfor IT-fag og økonomi- og administrasjonsfag ser vi eit tydeleg skilje i opptaksgrunnlaget mellom dei som går på utdanningar ved offentlege og private fagskular. Studentane ved offentlege fagskular har i større grad yrkesfagleg bakgrunn innanfor desse fagområda. Skilnadene kan tyde på at tilboda ved dei offentlege og private skulane dekkjer ulike behov og treff ulike typar studentar. Som vi omtalte i kapittel 3.2.7 er det ein auke i talet på IT-studentar ved dei offentlege fagskulane, sjølv om talet går ned totalt sett.

Dei offentlege fagskulane tilbyr nokre utdanningar innanfor IT-fag som krev fagbrev, mens kandidatane innan IT-fag generelt er dei som i størst grad oppgjev at dei tar utdanninga som omskolering (Lyckander et al., 2026). Det ser vi igjen i at nesten halvparten (46 prosent) av dei nye studentane innanfor IT-fag ved offentlege fagskular vart tekne opp på grunnlag av yrkesfagleg kompetanse hausten 2025, medan det tilsvarande talet for studentar ved private fagskular berre var ti prosent.

Informasjonsteknologi vart styrka som fagområde i vidaregåande fag- og yrkesopplæring gjennom opprettinga av eit nytt utdanningsprogram hausten 2020 (Kompetansebehovsutvalget, 2025). Denne styrkinga vil kunne bidra til å auke rekrutteringsgrunnlaget for IT-studentar med relevant yrkesfagleg bakgrunn i fagskulen.

Innanfor økonomi- og administrasjonsfag vart 58 prosent av dei nye studentane ved dei offentlege fagskulane teke opp på grunnlag av yrkesfagleg kompetanse, samanlikna med 27 prosent ved dei private. Sjølv om dei fleste utdanningane innanfor økonomi- og administrasjonsfag tradisjonelt sett kan reknast som grunnutdanningar er det òg døme på at utdanningar kan forutsette og bygge vidare på yrkesfeltet (Høst et al., 2019). Ei slik utvikling ser vi i samanheng med veksten i leiingsfag innan økonomi- og administrasjonsfag, omtalt i kapittel 3.2.4, der yrkes- og fagspesifikke leiingstilbod i stor grad ser ut til å rekruttere studentar med yrkesfagleg bakgrunn.

3.6.4 Delen studentar med realkompetanse varierer mellom utdanningar

Bruk av realkompetansevurdering som opptaksgrunnlag i høgare yrkesfagleg utdanning har hatt ein markant auke sidan 2021, og i 2025 utgjorde realkompetanse opptaksgrunnlaget for over ein femdel av alle nye studentar. Som vi ser i figur 3.15 har det vore ein auke i delen med realkompetansevurdering innanfor alle fagområda


sidan 2021. Det er helse- og velferdsfag (1 300) og økonomi- og administrasjonsfag (1 200) som har dei høgaste tala på studentar som er tekne opp på grunnlag av realkompetanse hausten 2025 (sjå [vedleggstabell 16](#) for absolutte tal i alle fagområde).

Ser vi på det siste året, frå 2024 til 2025, har delen av dei nye studentane som vart tekne opp på grunnlag av realkompetanse derimot gått ned i dei fleste fagområda. Unntaket er IT-fag, der 190 fleire studentar enn i 2024 har vorte realkompetansevurdert. Auken er knytt til utdanningar i IT-drift og infrastruktur.

Utviklinga det siste året viser at endringar i delen studentar tekne opp på grunnlag av realkompetanse i stor grad kan forklarast av variasjonar mellom enkeltutdanningar, heller enn av endra praksis på fagområdenivå. Særleg i små fagområde kan endringar i opptak ved einskilde utdanningar gi tydelege utslag i statistikken. Dette kan ein til dømes òg sjå på grafen for fagområdet anna. Der gjer enkeltutdanningar relativt store prosentvise utslag.

Dette peikar mot at utviklinga i 2025 i hovudsak speglar endringar i samansetjinga av utdanningstilbodet, snarare enn ein overordna trend i bruken av realkompetanse som opptaksgrunnlag. Det er framleis auken frå 2021 til 2025 som dominerer utviklinga.

HK-dir arbeider for å fremje bruken av realkompetansevurdering på ulike nivå i opplæring, utdanning og arbeid, og har samla ein rekkje ressursar på sine nettsider (HK-dir, 2026a). Som del av arbeidet med å utvikle eit kvalitetsrammeverk for realkompetansevurdering er HK-dir i ferd med å kartleggje korleis realkompetanse vert nytta i fagskulane (sjå tekstboks 3).

Figur 3.15 Andel nye studentar tatt opp på grunnlag av realkompetanse per fagområde, 2021–2025

Merknad: Nye studentar på fagområdet anna, og dei med uoppgitt fagområde vert ikkje viste i figuren. Sjå tabellvedlegg for tal på desse studentane. Tabellvedlegget inneheld ein tidsserie for åra 2017–2025.

Vedlegg: [F3.15](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Som omtalt i fjorårets rapport er ein betydeleg del av studentane som er tekne opp på grunnlag av realkompetanse innanfor helse- og velferdsfag knytt til oppvekstfag ved Din Kompetanse Fagskole (HK-dir, 2025). Mange av desse studentane har utdanning frå universitet eller høgskule. Som vi kan sjå i [vedleggstabell 34](#), hadde 290 av studentane som vart tekne opp til oppvekstutdanningar hausten 2025 fullført lærarutdanning eller utdanning innan pedagogikk. 120 av studentane som vart tekne opp til helseutdanningar hausten 2025 hadde fullført utdanningar innanfor helse-, sosial- og idrettsfag. Fleire tal om fullført utdanning frå universitet og høgskule innanfor helse- og velferdsfag finst i [vedleggstabell 34](#).

Tekstboks 3 Realkompetansevurdering

Realkompetanse er all den kompetansen ein person har tileigna seg gjennom livsløpet. Det vil seie kompetanse tileigna gjennom formell læring som skulegang og studiar, ikkje-formell læring som ulike typar kurs, og uformell læring, til dømes gjennom løna eller ulønt arbeid, omsorgsarbeid i heimen eller aktivitetar i fritida. Ei realkompetansevurdering er å vurdere og verdsetje denne kompetansen, sett opp mot kriteria for opptak eller læringsutbytebeskrivingar i formell utdanning.

Kva kan fagskulane nytte realkompetansevurdering til?

Realkompetansevurdering kan nyttast som opptaksgrunnlag når søkjaren ikkje oppfyller dei formelle opptakskrava. Realkompetansesøklarar blir ikkje rangerte etter ordinær poengberekning, men får ei individuell og skjønsmessig vurdering.

Realkompetansevurdering kan òg nyttast som grunnlag for fritak frå delar av utdanningstilbodet. Dette føreset ei fagleg vurdering av om den dokumenterte kompetansen er jamgod med læringsutbyttet i dei aktuelle utdanningstilboda.

Alle som søker opptak på bakgrunn av realkompetanse, må kartleggje og dokumentere eiga erfaring. Døme på dokumentasjon kan vere utfyllande attest frå arbeidsgivar, samtale eller intervju, eller digitale medium som dokumenterer praktisk arbeid.

Kvar enkelt fagskule fastset nærare kriterium for kva som vert godkjend som realkompetanse til eigne utdanningar.

Kartlegging av realkompetansevurdering i fagskulesektoren

HK-dir er i ferd med å kartleggje bruken av realkompetansevurdering i fagskulane, både som grunnlag for opptak og fritak. Formålet er å etablere eit godt kunnskapsgrunnlag om korleis realkompetansevurdering vert gjennomført i fagskulane, og å undersøkje om det er systematiske skilnader i praksis mellom fagskulane.

Kartlegginga inngår i arbeidet til HK-dir med å utvikle eit kvalitetsrammeverk for realkompetansevurdering.

Rettleiar for bruk av realkompetansevurdering

HK-dir har oppdatert rettleiar for opptak og fritak i høgare yrkesfagleg utdanning på bakgrunn av realkompetansevurdering. Rettleiaren og annan informasjon retta mot institusjonar som forvaltar ordninga, finst på: <https://hkdir.no/kvalitet-i-realkompetansevurdering/realkompetansevurdering>

Kjelde: HK-dir

3.7 Uteksaminerte studentar

Arbeidslivet har eit vedvarande og dokumentert behov for yrkesretta kompetanse. Behovet gjeld både fagleg spesialisert kompetanse og kompetanse til å ta større ansvar og meir komplekse oppgåver i verksemdene. Samstundes viser Kandidatundersøkinga (Lyckander et al., 2026) at fagskulekandidatar er ettertrakta i arbeidsmarknaden. Undersøkinga syner at om lag ni av ti av kandidatane er i jobb etter fullført fagskuleutdanning, og at utdanninga i hovudsak vert opplevd som relevant for arbeidsoppgåvene dei utfører. For mange handlar fagskuleutdanning òg om kompetanseheving i eksisterande stilling, ikkje berre overgang til ny jobb. I lys av dette er det relevant å sjå nærare på utviklinga i talet på uteksaminerte studentar frå høgare yrkesfagleg utdanning, både over tid og på tvers av fagområde. I dette kapittelet analyserer vi omfanget av uteksaminerte studentar og korleis utviklinga heng saman med veksten i sektoren.

Personar som har fullført eit vitnemålsgivande utdanningstilbod vert rekna som ein uteksaminert student. Tilbodet kan vere alt frå eit lite vitnemålsgivande tilbod på nokre få studiepoeng til ein høgare fagskulegrad.

3.7.1 Utvikling i talet på uteksaminerte studentar

Det har vore ein kraftig auke i talet på uteksaminerte dei siste åra. I 2025 vart det uteksaminert 14 200 kandidatar, ein auke på om lag ni prosent frå i fjor og 44 prosent sidan 2021. Denne utviklinga må sjåast i samanheng med den sterke veksten i studenttalet i sektoren, slik den vert omtala i kap. 3.1 og 3.2.


Auken i talet på uteksaminerte kandidatar frå 2021 til 2025 følgjer veksten i studenttalet i same periode, men med eit tydeleg tidsforskyvingsmønster. Veksten i studenttalet tok særleg til frå 2020 og 2021, medan effekten i form av fleire uteksaminerte kandidatar først kjem klårt til syne frå 2023 og utover. Dette heng mellom anna saman med at ein stor del av utdanningane i høgare yrkesfagleg utdanning er organiserte som deltidsløp og lengre utdanningsløp, der det kan gå fleire år frå opptak til fullført utdanning.

Som det kjem fram av Figur 3.16 er det dei tre største fagområda tekniske fag, helse- og velferdsfag og økonomi- og administrasjonsfag, som òg har flest uteksaminerte. Der vi ser ein fortsett vekt i talet på uteksaminerte innan tekniske utdanningar, og helse- og velferdsutdanningar, har talet på uteksaminerte gått ned i økonomiske- og administrative utdanningar.

3.7.2 Uteksaminerte studentar fordelt på fagområda

I 2025 vart det uteksaminert 4 000 kandidatar innan tekniske fag, tilsvarande om lag 28 prosent av alle uteksaminerte studentar. Helse- og velferdsfag stod for 3 800 kandidatar, rundt 27 prosent av totalen. Desse to fagområda stod samla for om lag 55 prosent av alle uteksaminerte studentar i 2025. Vidare vart det uteksaminert 2 900 kandidatar innan økonomi- og administrasjonsfag (om lag 20 prosent) og 1 600 innan IT-fag (om lag elleve prosent). IT-faga utmerkar seg saman med tekniske fag med særleg sterk relativ vekst sidan 2021. Ser ein tilbake til 2017, var det 100 uteksaminerte innan IT-fag. Denne fordelinga samsvarer i stor grad med utviklinga i studenttalet innan dei same fagområda, jf. figur 3.1.

Figur 3.16 Uteksaminerte studentar per fagområde, 2021–2025



Merknad: Studentar med uoppgitt fagområde vert ikkje vist i figuren. Sjå tabellvedlegg for tal på desse studentane. Tabellvedlegget inneheld ein tidsserie for åra 2017–2025.

Vedlegg: [F3.16](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Kreative fag og samferdselsfag har hatt stabile eller svakt fallande tal uteksaminerte dei siste åra, og stod i 2025 for høvesvis 1 100 og 430 uteksaminerte studentar, tilsvarande om lag åtte prosent og tre prosent av totalen.

Samla sett viser figur 3.16 at høgare yrkesfagleg utdanning leverer stadig fleire ferdige kandidatar til arbeidslivet, i takt med den langsiktige veksten i studenttalet, særleg slik han har utvikla seg sidan 2021. Samstundes peikar skilnaden i utvikling mellom

studenttal og uteksaminerte på ei tidsforskyving i sektoren, der auke i heiltidsekvivalentar og studenttal først gir utslag i talet på uteksaminerte etter nokre år, og varierer mellom fagområde og utdanningsløp.

3.7.3 Uteksaminerte studentar etter utdanningsform


Figur 3.17 viser fordelinga av uteksaminerte studentar i 2025 etter utdanningsform: kortare studietilbod under 30 studiepoeng, korte utdanningstilbod på 30–59 studiepoeng, fagskulegrad (60–119 studiepoeng) og høgare fagskulegrad (120–180 studiepoeng). På tvers av fagområda vert flest studentar uteksaminerte med fagskulegrad eller høgare fagskulegrad, men fordelinga mellom omfanget av utdanninga, målt i studiepoeng, varierer tydeleg mellom fagområda.

Samla sett viser figur 3.17 at fagskulegradar står for hovuddelen av dei uteksaminerte i 2025, særleg innan dei største fagområda. Samstundes viser fordelinga at kortare studietilbod og korte utdanningstilbod spelar ei viktig rolle i fleire fagområde, og bidreg til ein brei og fleksibel utdanningsstruktur i høgare yrkesfagleg utdanning.

I tekniske fag har dei lengre utdanningsløpa ein sentral plass. 49 prosent av dei uteksaminerte har høgare fagskulegrad, medan 37 prosent har fullført kortare studietilbod under 30 studiepoeng. Dei resterande kandidatane er fordelte mellom fagskulegrad (sju prosent) og korte utdanningstilbod på 30–59 studiepoeng (sju prosent). Dette viser at tekniske fag kombinerer lange, gradsgivande utdanningar med eit relativt stort innslag av korte og fleksible tilbod.

Innan helse- og velferdsfag er fagskulegrad det dominerande utdanningsomfanget, og utgjer 68 prosent av dei uteksaminerte. Vidare har 20 prosent fullført korte utdanningar med eit omfang på 30–59 studiepoeng, medan tolv prosent kjem frå kortare studietilbod under 30 studiepoeng. Høgare fagskulegrad utgjer ein heilt marginal del av dei uteksaminerte i dette fagområdet. I økonomi- og administrasjonsfag er fordelinga meir jamn mellom utdanningar av ulikt omfang. Fagskulegrad utgjer 40 prosent av dei uteksaminerte, korte utdanningstilbod 34 prosent og kortare studietilbod under 30 studiepoeng 21 prosent. Høgare fagskulegrad utgjer fem prosent.

Figur 3.17 Andel uteksaminerte studentar frå kortare studietilbod, korte utdanningstilbod og fagskulegrad per fagområde, 2025



Merknad: Studentar med uoppgitt fagområde vert ikkje vist i figuren. Sjå tabellvedlegg for tal på desse studentane. Tabellvedlegget inneheld ein tidsserie for åra 2017–2025.

Vedlegg: [F3.17](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

I IT-fag har 44 prosent av dei uteksaminerte fagskulegrad, medan 41 prosent har høgare fagskulegrad. Korte utdanningstilbod utgjer fire prosent, og kortare studietilbod under 30 studiepoeng utgjer elleve prosent. Dette peikar i retning av eit fagområde der dei lengre utdanningsløpa dominerer.

I kreative fag og samferdselsfag utgjer høgare fagskulegrad ein stor del av dei uteksaminerte, med høvesvis 63 prosent i kreative fag og 76 prosent i samferdselsfag. I kreative fag utgjer fagskulegrad 32 prosent, korte utdanningstilbod fem prosent, medan kortare studietilbod under 30 studiepoeng utgjer ein marginal del. I samferdselsfag utgjer fagskulegrad 24 prosent, medan det ikkje er registrert uteksaminerte frå utdanningar under 60 studiepoeng.

3.8 Studiepoengproduksjon og fullføring av utdanningar

Når ein student er rapportert inn som aktiv student på eit studietilbod har vi ei forventning til kor mange studiepoeng han skal ta kvart år. Ved å undersøkje kor stor del av dei planlagde studiepoenga som faktisk vert tekne, kan vi seie noko om i kva grad studentane i høgare yrkesfagleg utdanning fullfører utdanninga som planlagd.

3.8.1 Meir enn 80 prosent av alle forventa studiepoeng vert avlagd

I tabell 3.4 ser vi kor mange studiepoengeiningar (SPE), altså einingar på 60 studiepoeng, som er forventa produsert kvart studieår, med utgangspunkt i kva studentane er melde opp til, og kva dei faktisk produserer.

Det er ein jamn høg del produserte studiepoengeiningar på 80 prosent av forventa SPE produsert kvar einaste studieår frå hausten 2021. Dette teiknar eit overordna bilete av at studentane i høgare yrkesfagleg utdanning i stor grad fullførar utdanninga.

På grunn av etterrapportering og forskyvingar vil det alltid vere nokre variasjonar frå år til år. Vi ser likevel nokre skilnader, når vi ser på ulike variablar som fagområde, utdanningsform og heil- eller deltid, som vi skal sjå nærare på i dei neste kapitla. I kapittel 5.7 ser vi òg nærare på studiepoengproduksjon fordelt etter finansieringsform.

Tabell 3.4 Forventa og produserte studiepoengeiningar, studieåra 2021/22–2024/25

Studieår	Forventa studiepoengeiningar	Produserte studiepoengeiningar	Del av forventa
2021–2022	17 369	14 023	81 %
2022–2023	17 861	14 735	82 %
2023–2024	19 620	15 704	80 %
2024–2025	20 772	16 747	81 %

Merknad: Ei studiepoengeining er 60 studiepoeng, tilsvarande eitt års studiar på full tid.

Tabellvedlegget inneheld ein tidsserie for studieåra 2017/18–2024/25.

Vedlegg: [T3.4](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

3.8.2 Kvifor studiepoengproduksjon og ikkje fullføring på normert tid?

Auka fleksibilitet i tilbudsstrukturen, til dømes gjennom deltidsløp, modulbaserte utdanningar og mogleg overgang mellom ulike studieformer, gjer det metodisk utfordrande å bruke normert tid som måleining. Fullføring på normert tid vektlegg tidsbruk framfor faktisk oppnådd kompetanse, og eignar seg dårleg i ei utdanning der mange studentar medvite brukar lengre tid utan at dette nødvendigvis seier noko om manglande progresjon eller lågt læringsutbytte. Som peikt på i tidlegare rapportar utfordrar denne utviklinga i normert tid som mål på kvalitet i høgare yrkesfagleg utdanning. Studiepoengproduksjon, som vektlegg gjennomførte emne og avlagde studiepoeng, gir difor eit meir relevant og treffsikkert bilete av gjennomføring.

3.8.3 Skilnader mellom fagområda

Tabell 3.5 viser klare skilnader mellom fagområda i kor stor del av dei forventa studiepoenga som vert produserte i studieåret 2024/2025. Studiepoengproduksjonen er høgast i kreative fag, der 88 prosent av dei forventa studiepoengeiningane vert

avlagde. Òg tekniske fag har relativt høg del studiepoengproduksjon, med 84 prosent. Helse- og velferdsfag og fagområdet anna ligg noko lågare på 82 prosent, men framleis over det samla gjennomsnittet.

Lågast studiepoengproduksjon finn vi i økonomi- og administrasjonsfag, der 73 prosent av dei forventa studiepoengeiningane vert produserte. Samferdselsfag ligg på 75 prosent, medan IT-fag har ein noko høgare produksjonsgrad på 79 prosent.

Ser ein nærare på type utdanningar, kjem det fram interne skilnader òg innan fagområda. Til dømes har luftfartsutdanningar innan samferdselsfag ein lågare studiepoengproduksjon (61 prosent) enn andre delar av fagområdet. Dette bidreg til å trekkje ned den samla studiepoengproduksjonen for samferdselsfag, og illustrer korleis enkelte type utdanningar kan ha betydning for tala på fagområdenivå.

Tabell 3.5 Forventa og produserte studiepoengeiningar etter fagområde, studieåret 2024/2025

Fagområde	Forventa studiepoengeiningar	Produserte studiepoengeiningar	Andel av forventa
Helse og velferd	4 087	3 361	82 %
IT	3 015	2 378	79 %
Kreativ	2 148	1 891	88 %
Samferdsel	1 484	1 119	75 %
Teknisk	6 258	5 236	84 %
ØkAdm	3 279	2 382	73 %
Anna	458	376	82 %
Uoppgitt	42	3	6 %
Totalt	20 772	16 747	81 %

Merknad: Ei studiepoengeining er 60 studiepoeng, tilsvarende eitt års studiar på full tid.

Vedlegg: [T3.5](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

3.8.4 Lågare studiepoengproduksjon i nettbaserte utdanningar

Tabell 3.6 viser at studiepoengproduksjonen varierer mellom utdanningsformer. Stadbaserte utdanningar har høgast studiepoengproduksjon, med 87 prosent av forventa studiepoeng avlagde i studieåret 2024/2025. Nettbaserte utdanningar har lågast studiepoengproduksjon, der 73 prosent av dei forventa studiepoenga vert produserte, medan nettbaserte utdanningar med fysiske samlingar ligg noko høgare, med 80 prosent.

Tabell 3.6 Forventa og produserte studiepoengeiningar etter utdanningsform, studieåret 2024/2025

Utdanningsform	Forventa studiepoengeiningar	Produserte studiepoengeiningar	Andel av forventa
Stadbasert undervisning	7 425	6 470	87 %
Nettbasert undervisning	6 017	4 404	73 %
Nettbasert undervisning med fysiske samlingar	7 330	5 872	80 %

Merknad: Ei studiepoengeining er 60 studiepoeng, tilsvarande eitt års studiar på full tid.

Vedlegg: [T3.6](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Skilnadene kan delvis knytast til ulik grad av organisering, progresjon og oppfølging i utdanningstilbodet, og krav til eigenorganisering. Nettbaserte utdanningar stiller større krav til studentane si eiga strukturering av studiekvardagen og til indre motivasjon over tid. I kombinasjon med at mange studentar i slike tilbod er yrkesaktive og studerer på deltid, kan dette bidra til lågare studiepoengproduksjon. Forsking peiker på at organiseringa av utdanningstilbod har betydning for læring og gjennomføring, men at samanhengane er samansette. Erfaringar frå pandemien viser at særleg heiltidsstudentar kan oppleve lågare læringsutbytte ved reint digitale tilbod med mindre sosial og fagleg kontakt, medan deltidsstudentar i større grad kan oppleve fleksible løysingar som velfungerande. Samstundes varierer resultata mellom utdanningar, og effektane av ulike utdanningsformer ser ut til å avhenge både av korleis tilboda er utforma og kva studentgrupper dei rettar seg mot (Syversen et al., 2026). Kunnskapsgrunnlaget er dermed avgrensa når det gjeld klare årsakssamanhengar, noko som understrekar behovet for meir kunnskap om korleis utdanningsform og studentkjenneteikn verkar saman.

3.8.5 Noko høgare studiepoengproduksjon blant heiltidsstudentar

Tabell 3.7 viser at heiltidsstudentar har noko høgare studiepoengproduksjon enn deltidsstudentar i studieåret 2024/2025. Heiltidsstudentar produserer 83 prosent av dei forventa studiepoengeiningane, medan tilsvarande del for deltidsstudentar er 79 prosent.

Skilnaden er relativt liten, men peikar i retning av at heiltidsstudium har betre føresetnader for jamn studieprogresjon. Samstundes må tala tolkast i lys av at ein stor del av deltidsstudentane kombinerer utdanning med arbeid og andre forpliktingar, og ofte har lågare studieintensitet per år. Lågare studiepoengproduksjon blant deltidsstudentar treng difor ikkje å indikere svak gjennomføring, men kan reflektere bevisste val om progresjon over lengre tid.

Tabell 3.7 Andel forventa og avlagde studiepoengeiningar etter heiltids- og deltidsutdanningar, studieåret 2024/25

Andel av heiltid	Forventa studiepoengeiningar	Produserte studiepoengeiningar	Andel av forventa
Deltid	12 129	9 531	79 %
Heiltid	8 643	7 215	83 %

Merknad: Ein studiepoengeining er 60 studiepoeng, tilsvarande eitt års studiar på full tid.

Vedlegg: [T3.7](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

3.9 Overgangar mellom fagskule og universitet eller høgskule

Studentane nyttar fagskuleutdanning både som grunnutdanning, vidareutdanning og omskolering, og kvart år er det studentar med tidlegare universitets- eller høgskuleutdanning som tek utdanning ved ein fagskule, mellom anna gjennom opptak basert på realkompetanse. Samstundes er det òg kandidatar frå høgare yrkesfagleg utdanning som går vidare til universitet og høgskular. I dette kapittelet skal vi sjå på overgangar mellom fagskule og universitet eller høgskule.


3.9.1 Overgang frå høgskule eller universitet til fagskule

I 2025 hadde 5 500 (28 prosent) av dei nye studentane tidlegare vore registrert som student ved eit universitet eller høgskule (UH). 53 prosent av desse hadde bestått ei UH-utdanning før dei søkte seg til fagskulen. Andelen fagskulestudentar som har ein bakgrunn frå eit universitet eller høgskule har auka med 52 prosent sidan 2021, som vi ser av figur 3.18 aukar andelen som har fullført ei UH-utdanning mest.

Av dei som hadde fullført ei UH-utdanning hadde om lag halvparten fullført ein bachelorgrad. Litt meir enn ein tredel (36 prosent) har fullført eit årsstudium på 60-studiepoeng. Om lag tre prosent hadde fullført ein mastergrad. Dei kjem frå fleire ulike fagområde, og det er ikkje eit eintydig mønster. 24 prosent kjem frå humanistiske og estetiske fag og 23 prosent frå lærarutdanningar og utdanningar innan pedagogikk. 14 prosent frå helse, sosial- og idrettsfag og litt under 14 prosent frå økonomiske og administrative fag.

Ein tredel av studentane som har fullført ei UH-utdanning søker seg til ei fagskuleutdanning innan helse- og velferdsfag, og primært oppvekstfag. 26 prosent tek ei fagskuleutdanning innan økonomiske- og administrative fag, 17 prosent tek ei utdanning innan IT, og 14 prosent tek ei teknisk fagskuleutdanning. Om ein tar omsyn til størrelsen på fagområda, er det størst del av studentane innanfor IT-fag, økonomi- og administrasjonsfag og kreative fag som oppgjer å ha tidlegare utdanning frå universitet og høgskule (Lyckander et al., 2026).

Figur 3.18 Nye studentar ved fagskular som tidlegare har vore registrerte som student ved eit universitet eller høgskule, 2021–2025



Merknad: Tabellvedlegget inneheld ein tidsserie for åra 2017–2025.

Vedlegg: [F3.18](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Tala indikerer at høgare yrkesfagleg utdanning i aukande grad framstår som relevant for personar med tidlegare høgare utdanning på ulike nivå. Dette gjeld både dei som har fullført ei høgare utdanning, og dei som ikkje har gjort det. Føremålet med høgare yrkesfagleg utdanning kan difor variere, og spenner frå ny utdanning, omskolering til vidareutdanning. Vi har lite kunnskap om kva som står bak utdanningsvala til desse studentane.

3.9.2 Overgang frå fagskule til universitet eller høgskule

Tabell 3.8 viser utviklinga i talet på fagskulekandidatar med fullført utdanningstilbod over 30 studiepoeng som seinare er registrerte ved universitet eller høgskule i perioden 2021–2025. Vi nyttar omgrepet *kandidatar* om studentar som har fullført og avslutta utdanninga si. Talet på fagskulekandidatar med fullført utdanningstilbod på over 30 studiepoeng auka kraftig i perioden, frå 5 600 i 2017 til 11 500 i 2025, medan talet som går vidare til UH er relativt stabilt. Av kandidatane som gjekk ut i 2021 har 22 prosent søkt seg vidare til eit universitet eller høgskule. Av dei som gjekk ut i 2024 har 14 prosent søkt seg vidare, og av dei som gjekk ut i 2025 har ti prosent allereie søkt seg til ein høgskule eller universitet.

Utviklinga må sjåast i samanheng med fleire ting. For det fyrste spelar tidsperspektivet ei rolle. Det er naturleg at andelen som går vidare til universitet eller høgskule aukar jo lengre tid som har gått sidan dei fullførte fagskuleutdanninga. For å få oversikt over mobiliteten må ein difor sjå utviklinga over tid. Overgangar til universitet og høgskule same året, eller året etter kandidatane fullførte høgare yrkesfagleg utdanning fangar berre ein del av den samla vidare utdanningsmobiliteten. Ser ein tilbake til 2017 (vedlegg [T3.8](#)) har 25 prosent av kandidatane som gjekk ut det året gått vidare til universitets- og høgskuleutdanning.

Den andre samanhengen er at utdanningane skal vere praksisnære og gi kompetanse som kan takast direkte i bruk i arbeidslivet. For mange studentar er fagskuleutdanning eit mål i seg sjølv, som grunnutdanning, vidareutdanning eller omskolering, snarare enn eit steg vidare til akademisk utdanning. Det er derfor naturleg at tala ikkje er høgare.

Samstundes veit vi at overgangane frå fagskule til universitet og høgskule i avgrensa grad er støtta av føreseielege overgangsordningar. Mobiliteten skjer i hovudsak på individnivå, og ikkje som del av eit samordna system for overgang og godkjenning. Tabellen illustrerer difor at mobiliteten i absolutte tal er relativt stabil, men svekka relativt til veksten i fagskulesektoren. Omfanget av vidare overgang frå høgare yrkesfagleg utdanning til universitet og høgskule kan òg i framtida bli påverka av pågåande arbeid med endringar i nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring og utviklinga av ei yrkesfagleg søyle i utdanningssystemet (tekstboks 1). Desse endringane kan på lengre sikt bidra til å endre samspelet mellom høgare yrkesfagleg utdanning og universitets- og høgskulesektoren.

Tabell 3.8 Fagskulekandidatar med fullført utdanningstilbod over 30 studiepoeng, seinare registrerte ved UH-institusjon, 2021–2025

Årstal	Tal på fagskulekandidatar	Tal på fagskulekandidatar seinare registrert ved UH	Andel fagskulekandidatar seinare registrert ved UH
2021	8 265	1 826	22 %
2022	8 865	1 734	20 %
2023	9 655	1 724	18 %
2024	10 950	1 501	14 %
2025	11 464	1 137	10 %

Merknad: Fagskulekandidatar seinare registrerte ved UH-institusjon per 15. mars 2026.

Tabellvedlegget inneheld ein tidsserie for åra 2017–2025

Vedlegg: [T3.8](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Tabell 3.9 viser kva fagområde fagskulekandidatane kom frå før dei vart registrerte som studentar ved universitet eller høgskule. Som i tidlegare år er det kandidatar frå kreative fag som i størst grad går vidare til universitets- og høgskuleutdanning. I 2025 gjekk 21 prosent av dei uteksaminerte kandidatane frå kreative fag direkte vidare til universitets- eller høgskuleutdanning same året.

I økonomi- og administrasjonsfaga var andelen som gjekk vidare ti prosent i 2025, tilsvarende nivået i IT-faga, der òg ti prosent av fagskulekandidatane vart registrerte som studentar ved universitet eller høgskule. I helse- og velferdsfaga var andelen åtte prosent, medan tekniske fag hadde ein noko lågare overgang, med sju prosent av kandidatane som gjekk direkte vidare.

Overgangen til universitet og høgskule er lågast i samferdselsfaga, der fire prosent av fagskulekandidatane gjekk vidare i 2025. Kategorien anna skil seg ut med ein høgare del, der 14 prosent av kandidatane vart registrerte i universitets- og høgskulesektoren, men her er talet på kandidatar relativt lågt.

Samla sett viser tabell 3.9 at ti prosent av alle fagskulekandidatar i 2025 gjekk vidare til universitets- og høgskuleutdanning. Samstundes er det klare skilnader mellom fagområda, der kreative fag i størst grad inngår i vidare utdanningsløp.

Tabell 3.9 Fagskulekandidatar med fullført utdanningstilbod over 30 studiepoeng, seinare registrerte ved UH-institusjon, fordelt på fagområde for fagskuleutdanninga. 2025

Fagområde	Tal på fagskulekandidatar	Tal på fagskulekandidatar seinare registrert ved UH	Andel fagskulekandidatar seinare registrert ved UH
Helse og velferd	3 354	282	8 %
IT	1 395	145	10 %
Kreativ	1 084	226	21 %
Samferdsel	434	18	4 %
Teknisk	2 538	178	7 %
ØkAdm	2 267	232	10 %
Anna	392	56	14 %
Totalt	11 464	1 137	10 %

Merknad: Fagskulekandidatar seinare registrerte ved UH-institusjon per 15. mars 2026.

Vedlegg: [T3.9](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Overgang til universitet og høgskule same året fangar berre ein del av den samla vidare utdanningsmobiliteten blant kandidatar frå høgare yrkesfagleg utdanning. Som nemnd viser tidlegare analysar at fleire kandidatar går vidare til universitets- og høgskuleutdanning nokre år etter fullført utdanning. Kandidatar frå fagområde der studentane oftare har generell studiekompetanse, særleg kreative fag, har gjennomgåande høgare overgang til universitets- og høgskuleutdanning enn kandidatar med yrkesfagleg kompetanse som opptaksgrunnlag.

4 Fagskular og utdanningstilbod

Fagskulesektoren har over tid vore prega av endring. Talet på fagskular har vore relativt stabilt, samstundes som sektoren har utvikla seg gjennom endringar i organisering, omfang og å vere geografisk utbreidd. Ei sentral utvikling er auken i talet på studiestader, noko som peikar mot ei utvikling der fagskulane samla sett har vorte større institusjonar, kombinert med fleire studiestader og ei breiare geografisk spreiding av utdanningstilboda. Denne utviklinga må sjåast i samanheng med vekst i studenttal og ei aukande vekt på tilgjengelege og fleksible utdanningstilbod.

Sektoren er samstundes kjenneteikna av stor breidde og variasjon i både tilbod og organisering. Utdanningane vert utforma med utgangspunkt i dokumenterte kompetansebehov i arbeidslivet, og i aukande grad òg i møte med behovet for fleksible utdanningstilbod. Tilbodsstrukturen omfattar både høgare gradsgivande utdanningar og eit aukande tal kortare og meir fleksible tilbod. Samlingsbaserte utdanningar, særleg innan helse- og velferdsfag og tekniske fag, illustrerer korleis fagskulane kombinerer praksisnære læringsformer med fleksible organiseringsløyningar.

Over tid har fagskulesektoren vorte meir mangfaldig og spesialisert, samstundes som fleire institusjonar har vorte større og meir robuste. Denne utviklinga skjer parallelt med endringar i dei overordna rammene for høgare yrkesfagleg utdanning, mellom anna gjennom vidareutvikling av Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR). Plasseringa av høgare yrkesfagleg utdanning på nivå 6 og 7 i NKR, og arbeidet med å utvikle ei meir heilskapleg yrkesfagleg søyle, skal bidra til tydelegare samanhengar mellom yrkesfagleg kompetanse, vidare utdanning og arbeidsliv.

I kombinasjon med auke i fagområdeakkrediteringar, innføring av institusjonsakkreditering, og ei vidare utvikling av digitale, desentraliserte og fleksible utdanningsformer, teiknar dette konturane av ein sektor i utvikling. Fagskulane arbeider parallelt med å styrkje kvalitet, relevans og struktur, og med å møte både arbeidslivet sine krav og studentane sine behov på ein meir heilskapleg måte.

Kapittel 4 gir eit samla oversyn over fagskulane og utdanningstilboda i sektoren, og beskriv sentrale strukturelle trekk og utviklingstrekk. Framstillinga tek for seg institusjonsstruktur og storleik, geografisk spreiding av studiestader, utvikling i fagområde og utdanningstilbod, samt organisering av utdanningstilboda når det gjeld omfang, andel av heiltid og utdanningsformer. Kapittelet synleggjer samstundes ein sektor i kontinuerleg utvikling, der tilbod vert etablerte, vidareutvikla eller avvika i takt med endringar i kompetansebehov, etterspurnad og nasjonale, regionale og lokale prioriteringar.

4.1 Fagskular og studiestader

Institusjonane for høgare yrkesfagleg utdanning endrar seg gjennom etablering av nye fagskular, avvikling eller konkurs av eksisterande, eller ved strukturendringar som oppkjøp, fusjonar eller splitting av institusjonar. Både talet på fagskular og studiestader er i stadig endring frå år til år. For å kunne samanlikne utviklinga over tid nyttar vi eit fast teljetidspunkt på hausten.

Hausten 2025 omfattar fagskulesektoren 61 fagskular med til saman 188 studiestader og 2 132 utdanningstilbod. Av desse er 18 offentlege fagskular med verksemd ved 80 studiestader, medan 43 private fagskular har aktivitet ved 108 studiestader. Talet på fagskular er relativt stabilt, medan talet på studiestader fortsett å auke. Dette tyder på ei utvikling der fagskulane samla sett veks i storleik i takt med auka studenttal, kombinert med ei større geografisk spreiding av utdanningstilboda.

For 2025 er det få institusjonelle endringar, men fleire fagskular held fram med å opprette nye studiestader. Det tyder på at fagskulane nyttar studiestader aktivt for å styrkje nærvær og trekke til seg studentar i fleire deler av landet.

4.1.1 Endra institusjonslandskap

Som følgje av institusjonelle endringar som fann stad i 2024, er det i teljeåret 2025 registrert to færre fagskular enn året før. Det vart ikkje etablert nye fagskular i 2025, og talet på offentlege fagskular er uendra samanlikna med 2024. Reduksjonen gjeld private fagskular, og heng saman med konkursen i International Stunt Academy AS og fusjonen der Folkeuniversitetets Fagskole AS frå 1. januar 2025 vart innlemma i Fagskolen Diakonova.

Tabell 4.1 Endringar i institusjonsbilette i 2025

Fagskule	Eigarform	Merknad
Folkeuniversitetets Fagskole AS	Privat	Oppkjøp og fusjon inn i Fagskolen Diakonova frå 1. januar 2025
International Stunt Academy AS	Privat	Konkurs
AOF Vestlandet-Agder	Privat	Namnendring til Tirna
Centric IT Academy	Privat	Namnendring til Eccera IT Academy
Hald Internasjonale Fagskole	Privat	Vedtak i desember 2025 om avvikling av fagskuleverksemda i juli 2026

Vedlegg: [T4.1](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU


Sjølv om dei ikkje påverkar tala for 2025, er det verdt å merke seg at Pilot Flight Academy vart slått konkurs i januar 2026. Dette medførte ei brå avslutning av

verksemda, med konsekvensar for studentane som måtte finne alternative løysingar for å fullføre utdanninga. Hald internasjonale Fagskole fatta derimot i desember 2025 vedtak om å avvikle fagskuleverksemda frå sommaren 2026. Dette innebar ei planlagd avvikling, der studentane i større grad kunne følgje opp og fullføre pågåande tilbod i tråd med planlagd utdanningsløp. Begge fagskulane hadde aktive studentar hausten 2025 og er difor inkluderte i statistikken og omtalen i denne rapporten.

I tillegg har sektoren hatt enkelte organisatoriske endringar som ikkje påverkar talet på fagskular eller studiestader direkte. Mellom anna har Centric IT Academy endra namn til Eccera IT Academy, og AOF Vestlandet-Agder endra namn til Tirna.

Ved teljetidspunktet hausten 2025 rapporterte 61 fagskular aktiv studentverksemd. Av desse var 18 offentleg eigde og 43 private.

Figur 4.1 Fagskular etter eigarskap, haust 2021–2025



Merknad: Tabellvedlegget inneheld ein tidsserie for åra 2017–2025.

Vedlegg: [F4.1](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Utviklinga i talet på fagskular over tid, fordelt på eigarskap, går fram av figur 4.1. Figuren viser at talet på offentlege fagskular har vore stabilt over fleire år. I den private delen av sektoren er det noko variasjon, med enkelte endringar knytt til oppkjøp, samanslåingar og konkursar. Trass i reduksjon i talet på private fagskular i 2025, utgjør dei framleis fleirtalet av institusjonane i sektoren.


4.1.2 Talet på studiestader aukar framleis

Utviklinga i talet på studiestader gir eit noko anna bilete enn utviklinga i talet på fagskular. Hausten 2025 var det 188 studiestadar, som er ein auke på ti studiestader frå året før. Av desse var 80 knytt til offentlege fagskular, medan 108 var knytt til private fagskular.

Figur 4.2 viser utviklinga i talet på studiestader ved offentlege og private fagskular over tid. Samstundes som talet på fagskular har vore stabilt, har talet på studiestader auka. Dette kan tyde på at fagskulane i aukande grad organiserer utdanningstilboda sine på fleire geografiske studiestader.

Utviklinga kan sjåast i samanheng med eit auka behov for geografisk tilgjenge og nærleik til utdanningstilbod, og med ein utvikling mot meir desentraliserte og fleksible utdanningsformer. Sjå nærare omtale om fleksible utdanningstilbod i kapittel 3.5. Sjå òg [fylkesvedlegget](#) for nærare omtale av fagskular og tilbodsstruktur i dei enkelte fylka.

Figur 4.2 Studiestader etter eigarskap, haust 2021–2025



Merknad: Tabellvedlegget inneheld ein tidsserie for åra 2017–2025.

Vedlegg: [F4.2](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

4.1.3 Strukturelle skilnader i den geografiske spreinga


Som tidlegare år er det store skilnader mellom fagområda når det gjeld fordelinga mellom offentlege og private fagskular. I figur 4.3 ser vi talet på offentlege og private fagskular med aktive studentar i dei ulike fagområda hausten 2025. Figur 4.4 viser tilsvarende tal for studiestader, fordelte etter fagområde og eigarskap. I vedlegga til

figurane ([F4.3](#) og [F4.4](#)) kan ein òg sjå fagområda brotne ned på type utdanning. Saman gir figurane eit bilete av både institusjonsstrukturen og den geografiske spreinga av høgare yrkesfagleg utdanning innan dei ulike fagområda.

Helse og velferdsutdanningar vert tilbydde ved 24 fagskular der nokon fleire er tilbydd ved offentlege enn private. Samstundes vert utdanningane gjennomført ved totalt 86 studiestader, med ei større geografisk utbreiing i privat regi enn offentleg. Tekniske utdanningar er samla sett det fagområdet som vert tilbydd av flest offentlege fagskular, med 16 offentlege og fem private fagskular. Òg samferdselsfaga er i hovudsak tilbydd på offentlege fagskular.

I økonomi- og administrasjonsfag, kreative fag og IT-fag er bilete motsett. Her står private fagskular for fleirtalet av institusjonar som tilbyr desse utdanningane. Dette gjeld særleg kreative fag, der berre to offentlege fagskular tilbyr slike utdanningar, mot tolv private. Òg IT-fag vert tilbydd av fleire private enn offentlege fagskular.

Figur 4.3 Fagskular etter fagområde og eigarskap, haust 2025



Vedlegg: [F4.3](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU


Når vi ser på fordelinga av studiestader etter fagområde og eigarskap i figur 4.4, kjem det fram tydelege strukturelle skilnader i korleis utdanningstilboda er organiserte geografisk. Nokre fagområde er prega av ei konsentrert studiestadstruktur, medan

andre er kjenneteikna av mange studiestader og ei brei geografisk spreiding. Om vi ser på kvart fagområde varierer fordelinga noko mellom offentlege og private fagskular.

Helse- og velferdsutdanningar har ei stor geografisk utbreiing med sine 86 studiestader. Det store talet studiestader indikerer at helse- og velferdsutdanningar i stor grad er organiserte desentralisert, nært der studentane bur og arbeider.

Dei kreative har ei meir konsentrert studiestadstruktur. Her er utdanningane knytte til totalt 20 studiestader frå 14 fagskular, som tyder på eit avgrensa tal lokasjonar per fagskule. Òg for samferdsel er studiestadene i hovudsak konsentrert til få lokasjonar. Av totalt 18 studiestader er 15 offentlege og tre private. Dette kan sjåast i samanheng med utdanningsforma i desse fagområda, som i stor grad er stadbaserte, og difor i mindre grad vert tilbydde på fleire lokasjonar (sjå kapittel 3.5.4, figur 3.12).

Figur 4.4 Studiestader etter fagområde og eigarskap, haust 2025



Merknad: Studiestader med uoppgitt fagfelt vert ikkje vist i figuren. Sjå vedlegg for tal på desse studiestadene.

Vedlegg: [F4.4](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Tekniske fag har totalt 48 studiestader, og er tydeleg flest ved offentlege fagskular. Av desse er 42 offentlege og seks private. Innan IT-faga er bilete motsett. Av totalt 24 studiestader er 19 private og fem offentlege.

Økonomi- og administrasjonsfag er eit fagområde som vert tilbydd ved mange studiestader, totalt 62, der 46 er knytt til private fagskular og 16 til offentlege fagskular.

At 14 private fagskular står bak 46 studiestadar, tyder det på at utdanningar innan økonomi og administrasjon i stor grad er organiserte for å kunne gi ei brei geografisk spreiding av tilboda. Fagområdet anna omfattar 28 studiestadar fordelt relativt jamt mellom offentlege og private fagskular, med høvesvis 17 og elleve studiestader.

Tala for hausten 2025 viser at skilnader i fagområde og eigarform heng saman med talet på fagskular og studiestader. Dette kan sjåast i samanheng med korleis tilboda er organiserte (sjå kapittel 3.5) og korleis studentane er fordelte på fagområde (sjå kapittel 3.2). Dei private fagskulane tilbyr òg i større grad reine nettbaserte utdanningar (sjå [vedleggstabell 36](#)). Desse utdanningane er likevel knytte til eit bestemt studiestad ved fagskulane si rapportering, sjølv om studentane i praksis ikkje nødvendigvis har noko fysisk oppmøte på fagskulen sitt studiestad.

4.2 Storleiken på fagskulane

Storleiken på fagskulane varierer betydeleg, både når det gjeld studenttal, organisering av utdanningane og geografisk utbreiing. Utviklinga dei siste åra viser eit samansett bilete, der fleire offentlege fagskular har hatt ein jamn vekst, medan utviklinga blant private fagskular er meir variert. Nokre store private aktørar har hatt ein jamn eller nedgåande studentmasse dei siste åra, medan andre har vakse raskt over kort tid.

Utviklinga peiker mot ein aukande konsentrasjon av studentar ved dei største institusjonane. Samstundes gir skilnader i organisering ved fagskulane sine utdanningstilbod, til dømes mellom heiltids- og deltidsbaserte tilbod, ulike utslag i storleik om ein måler i heiltidsekvivalentar. Vidare i kapittelet gir vi først ei oversikt over dei største fagskulane i landet, før vi ser nærare på storleiken ved dei største private fagskulane og dei største offentlege fagskulane. Avslutningsvis ser vi på utviklinga i storleiken ved fagskular og studiestadar over tid.

4.2.1 Stor variasjon blant dei største fagskulane

Dei ti største fagskulane er viste i tabell 4.2, målt etter studenttal hausten 2025. Andre indikatorar for storleik, slik som heiltidsekvivalentar og talet på studiestader, er teke med som supplerande informasjon for desse fagskulane.

Dei ti største fagskulane viser eit mangfald både når det gjeld eigarskap, geografisk spreiding og studenttal. Medan nokre har ein konsentrert struktur, har andre bygd opp landsdekkjande eller fleirfylkesvise nettverk av studiestader. Utviklinga blant dei største institusjonane har stor betydning for den samla strukturen og kapasitetsutviklinga i fagskulesektoren.

Tabell 4.2 Dei ti største fagskulane målt etter studenttal hausten 2025, med opplysningar om eigarskap, heiltidsekvivalentar og studiestader

Fagskule	Tal studentar	Eigarskap	Heiltids- ekvivalentar	Tal studiestader	Tal fylke med studiestad
Noroff Fagskole AS	3 149	Privat	2 633	5	4
Din Kompetanse fagskole	2 776	Privat	1 371	11	11
Fagskolen i Viken	2 531	Offentleg	1 388	10	8
Fagskolen Innlandet	2 366	Offentleg	1 109	20	8
Fagskulen Vestland	2 314	Offentleg	1 517	8	1
Fagskolen Rogaland	2 304	Offentleg	1 180	2	1
Fagskolen Kristiania	2 109	Privat	1 512	4	3
NKI Fagskoler AS	1 801	Privat	726	2	2
Fagskolen Vestfold og Telemark	1 796	Offentleg	1 011	3	2
MedLearn AS	1 738	Privat	869	1	1

Vedlegg: [T4.2](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

4.2.2 Studentmassen ved private fagskular er konsentrert hos nokre få aktørar

Dei 43 private fagskulane omfattar 52 prosent av studentmassen i høgare yrkesfagleg utdanning (sjå kapittel 3.1.1). Studentane ved private fagskular er fordelte på mange institusjonar, frå fleire små, spesialiserte fagskular til nokre få svært store aktørar med studentar i mange delar av landet.

Mykje av veksten i studenttal ved private fagskular dei siste åra har vore konsentrert til dei største institusjonane. Desse fagskulane har i aukande grad utvikla breie porteføljar av utdanningstilbod, ofte med fleire studiestader og eit høgt innslag av nettbaserte eller samlingsbaserte utdanningar. Samstundes viser skilnaden mellom talet på studentar og talet på heiltidsekvivalentar at tilboda ved nokre av fagskulane i hovudsak er organiserte som deltidstudium eller kortare utdanningsløp.

Blant dei største private fagskulane finn vi institusjonar som over tid har bygd opp ein landsdekkjande struktur og eit breitt tilbod innan fleire fagområde.

Noroff Fagskole AS er framleis den største fagskulen, med 3 100 studentar hausten 2025. Dette svarar til 2 633 heiltidsekvivalentar. Samanlikna med toppåret i 2023 har Noroff hatt ein nedgang i både studenttalet og heiltidsekvivalentar, men ligg framleis klart høgast målt etter studenttal. Fagskulen har studiestader ved fem ulike lokasjonar fordelt på fire fylke.

Din kompetanse fagskule har hatt den sterkaste veksten blant dei største fagskulane dei siste åra, og er i 2025 den nest største fagskulen målt etter studenttal, med om lag 2 800 studentar. Målt i heiltidsekvivalentar utgjer desse 1 371, noko som kjem av at alle

studentane er knytt til deltidsutdanning. Veksten har skjedd parallelt med ei rask utviding i tal på studiestader, og fagskulen har i 2025 studiestad i elleve fylke. Sjølv om omtalen i dette kapittelet tek utgangspunkt i studenttal og struktur i 2025, er ei pågåande sak der det er fatta vedtak om tilbakebetaling av offentlege midlar, relevant å nemne i lys av fagskulen sin storleik og betydning i sektoren¹¹. Verknader for studenttala, særleg innan oppvekstfag, er nærare omtala i kapittel 3.2.3.

Fagskolen Kristiania, saman med NKI Fagskole AS og Medlearn AS, utgjør samla nesten ein tredel av studentmassen ved private fagskular (5 600 studentar). Eigaren av Kristiania kjøpte både NKI og Medlearn i 2024. Sjølv om dei tre fagskulane enno ikkje er formelt fusjonerte, har dei samla eit studenttal som inneber at dei, dersom samanslåing vert gjennomført, vil kunne verte den største fagskulen i sektoren.

Skilnaden mellom studenttal og heiltidsekvivalentar (tabell 4.2) indikerer ulik organisering og bruk av deltidsløp mellom fagskulane. Dei tre fagskulane har noko ulik studiestadstruktur, frå Medlearn med ein studiestad og berre nettbasert utdanningar, til Kristiania med fire studiestader og aktivitet i tre fylke.

4.2.3 Store skilnader i storleiken blant offentlege fagskular

Dei offentlege fagskulane er fordelt på 18 ulike fagskular, der tolv er fylkeskommunalt eigde, fem er statlege og ein er eigd av statlege helseføretak. Òg blant dei offentlege fagskulane er det store skilnader i storleik på institusjonane. Nokre fagskular har fleire tusen studentar, medan andre har ei meir avgrensa verksemd med færre studentar og få utdanningstilbod. Dei største offentlege fagskulane vert ofte kjenneteikna av breie tilbodsporteføljor og fleire fagområdeakkrediteringar.

Av dei største offentlege fagskulane er Fagskolen Viken den største, med 2 500 studentar og 1 388 heiltidsekvivalentar hausten 2025. Fagskulen har ei brei geografisk utbreiing med ti rapporterte studiestader fordelte på åtte fylke. Sjølv om studenttalet har gått noko ned dei siste åra, er Fagskolen i Viken framleis den største offentlege aktøren i sektoren.

Fagskolen Innlandet har hatt ein jamn og tydeleg vekst i studenttalet dei siste åra, og har i 2025 2 400 studentar og 1 109 heiltidsekvivalentar. Fagskulen har eit omfattande

¹¹ I april 2026 fatta NOKUT vedtak om tilbakebetaling av 27,8 millionar kroner i offentlege tilskot frå Din Kompetanse fagskule, etter eit økonomisk tilsyn som avdekte det NOKUT meiner er alvorlege og systematiske brot på fagskolelova. Vedtaket omfattar òg tilbaketrekking av fagskulens akkrediteringar. Vedtaket er påklaga, og saka er difor ikkje endeleg avgjort.

nettverk av 20 rapporterte studiestader fordelt på åtte fylke, noko som gjer fagskulen til ein av dei mest geografisk spreidde fagskulane i landet.

Fagskulen Vestland og Fagskolen Rogaland er begge store regionale fagskular, men med ulik organisering. Fagskulen Vestland har 2 300 studentar og 1 517 heiltidsekvivalentar fordelt på åtte studiestader innan eitt fylke, medan Fagskolen Rogaland har 2 300 studentar omrekna til 1 180 heiltidsekvivalentar konsentrert til to studiestader i eitt fylke. Dette illustrerer godt korleis store fagskular med relativt lik storleik kan vere organiserte svært ulikt, både når det gjeld studiestader, geografisk spreiding og forholdet mellom studenttal og heiltidsekvivalentar.

Fagskolen Vestfold og Telemark er òg ein av dei største offentlege fagskulane, med 1 800 studentar omrekna til 1 011 heiltidsekvivalentar i 2025. Fagskulen har tre studiestader fordelt på to fylke, og har hatt ein jamn vekst i studenttal over fleire år.

4.2.4 Færre, men større fagskular

Figur 4.5 viser ei samanlikning av fagskular fordelt på ulike storleikskategoriar, målt i talet på studentar hausten 2017, 2021 og 2025. Figuren viser eit tydeleg utviklingstrekk mot færre små og fleire store fagskular.


Særleg markant er auken i talet på fagskular med over 1 000 studentar. I 2017 var det fire fagskular med over 1 000 studentar. Dette talet auka til elleve i 2021, og ligg i 2025 på 15 fagskular. Utviklinga omfattar både fagskular med mellom 1 001 og 2 000 studentar og fagskular med over 2 000 studentar, og indikerer ei klar konsentrasjon av studentar ved dei største institusjonane.

Samstundes har talet på små fagskular gått ned over tid. Talet på fagskular med færre enn 50 studentar gjekk betydeleg ned frå 2017 til 2021, og har sidan halde seg relativt stabilt. Òg gruppa med 50–100 studentar har vorte mindre over tid. Endringane mellom dei ulike storleikskategoriene heng i stor grad saman med vekst i individuelle fagskular, men òg med strukturendringar ved samanslåingar og oppkjøp.

Utviklinga peiker på ein sektor der færre, men større fagskular får ein aukande del av studentmassen, medan talet på mindre fagskular er redusert. Denne konsentrasjonen samsvar med føringane i stortingsmelding *Fagfolk for en ny tid – med høyere yrkesfaglig utdanning* (Meld. St. 11 (2024–2025)), der det vert lagt vekt på å at finansiering og regelverk skal leggje til rette for solide fagskular med tilstrekkeleg sterke fagleg og administrative miljø for å forvalte fagskulanes fullmakter og drive kvalitetsarbeid. Samstundes peiker meldinga på betydinga av å ta vare på mangfaldet i fagskulesektoren. Utviklinga bør difor sjåast i lys av ei balansering

mellom behovet for å skape store robuste institusjonar i saman med verdien av eit breitt og differensiert utdanningstilbod i høgare yrkesfagleg utdanning.

Figur 4.5 Fagskular etter storleik målt i talet på studentar, haust 2017, 2021 og 2025



Merknad: Tabellvedlegget inneheld ein tidsserie for åra 2017–2025.

Vedlegg: [F4.5](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

4.2.5 Fleire og større studiestader i fagskulesektoren

Tabell 4.3 viser korleis fagskulane òg har utvikla seg når det gjeld talet på studiestader i åra 2017, 2021 og 2025. Utviklinga peiker mot ei gradvis forskyving frå fagskular med berre ein studiestad til fagskular med fleire studiestader, og speglar dei same strukturelle endringane som vi ser i utviklinga i storleiken på fagskulane.

I 2017 hadde fleirtalet av fagskulane berre éin studiestad. Denne gruppa vart vesentleg mindre fram mot 2021, men har sidan halde seg relativt stabil fram til 2025. Samstundes har talet på fagskular med mange studiestader auka. Særleg har det vore vekst i gruppa med over ti studiestader, som i 2025 omfattar fem fagskular, mot ingen i 2017 og to i 2021.

Utviklinga i talet på studiestader kan sjåast i samanheng med ein overordna tendens til større institusjonar. Samanslåingar og oppkjøp av fagskular har òg bidrege til denne utviklinga. I mange tilfelle vert eksisterande studiestader vidareførte etter at institusjonar er slått saman, noko som fører til færre, men større fagskular med eit meir utstrekt nettverk av studiestader.

Utviklinga kan òg sjåast i samanheng med eit politisk mål om å gi god tilgang til høgare yrkesfagleg utdanning i heile landet. Fleire fagskular nyttar studiestader som verkemiddel for å sikre geografisk tilgjenge for studentar og nærleik til arbeidslivet, òg utanfor dei mest sentrale områda.

Tabell 4.3 Tal fagskular etter tal studiestader, 2017, 2021 og 2025

Tal studiestader	2017	2021	2025
1	60	36	37
2–5	15	17	15
6–10	4	6	4
Over 10	0	2	5


Vedlegg: [T4.3](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Figur 4.6 viser utviklinga i talet på studiestader fordelt etter storleik, målt i talet på studentar hausten 2017, 2021 og 2025. Figuren synleggjer korleis studiestadstrukturen i fagskulesektoren over tid har blitt større i omfang og meir differensiert. Totalt har det vore ein jamn auke frå 141 studiestader i 2017 til 188 studiestader i 2025.

Eit tydeleg hovudtrekk er auken i talet på små studiestader. Talet på studiestader med færre enn 50 studentar har auka frå 71 i 2017 til 94 i 2025. Dette viser at fagskulane i aukande grad legg til rette for tilbod på fleire og meir desentraliserte studiestader, trass lågare studenttal per stad. Utviklinga kan sjåast i samanheng med kapittel 4.3.3 som viser at ein i 2025 har ein god geografisk spreining av desentraliserte studiestader, særleg ved dei største fagskulane.

Samtidig har talet på større studiestader òg auka. Gruppa mellom 101 og 500 studentar har vokse frå 32 studiestader i 2017 til 48 i 2025. Endå meir markant er utviklinga blant dei aller største studiestadene. I 2017 var det ein studiestad med over 1 000 studentar, mens taler i 2021 hadde auka til sju. I 2025 er det registrert ti studiestader med over 1 000 studentar.

Figur 4.6 Studiestader etter storleik målt i talet på studentar, haust 2017, 2021 og 2025

Merknad: Tabellvedlegget inneheld ein tidsserie for åra 2017–2025.

Vedlegg: [F4.6](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Utviklinga viser at veksten i talet på studiestader ikkje berre skjer gjennom fleire små einingar, men òg gjennom ein auke i talet på store studiestader med mange studentar. Dette tyder på ein sektor der studiestadane vert meir samansett. Fagskulane kombinerer i aukande grad små, desentraliserte studiestader med større studiestader som samlar mange studentar. Dette heng tett saman med utviklinga i institusjonsstorleik og organisering, og speglar både behovet for geografisk tilgjenge til utdanningstilbod og ønsket om robuste faglege miljø ved større institusjonar.

4.3 Fagskular og studiestader i dei ulike fylka

Fagskulesektoren er i utvikling, med større institusjonar, fleire studiestader og ei breiare geografisk utbreiing. Studiestadene vert i aukande grad nytta for å sikre auka geografisk tilgjenge og nærleik for studentar og arbeidsliv. Offentlege fagskular er jamt spreidde over heile landet, medan private fagskular i større grad er lokalisert med hovudkontor i større byar. Samstundes har òg private fagskular studiestader i alle fylke.

Det er tydelege skilnader i korleis fagskular av ulik storleik er fordelte geografisk. Dei største fagskulane har studiestader i både sentrale og mindre sentrale område, medan mindre fagskular i større grad er konsentrerte til sentrale strøk. Samstundes er det i dei fleste fylke fleirtal av studentar knytte til studiestader ved offentlege

fagskular, medan nokre fylke, særleg Oslo og delar av Sør-Austlandet, har ein høgare del studentar ved private fagskular.

I dette kapittelet ser vi nærare på korleis fagskular og studiestader er fordelte mellom fylka, og korleis både offentlege og private aktørar bidreg til geografisk tilgjenge til høgare yrkesfagleg utdanning. Vidare ser vi kor studentane er knytte til studiestader i dei ulike fylka, og korleis studiestader ved fagskular av ulik storleik er fordelte geografisk.

4.3.1 Både offentlege og private fagskular har studiestader på tvers av fylke

Tabell 4.4 gir ei oversikt over fagskular og studiestader fordelte på fylke. Kvar fagskule er plassert i det fylket der institusjonen er registrert, medan studiestad omfattar alle stader der undervisning vert gjennomført av fagskulen. Dette kan vere ordinære skulebygg, men òg studiestader lokalisert i tilknytning til verksemder, studiesenter eller andre lokale til undervisning.

Fleire fagskular, både offentlege og private, har studiestader i fleire fylke. Tabellen viser difor ikkje berre kor mange fagskular som har hovudkontor i det einskilde fylket, men òg kor mange fagskular som har studiestad i fylket.

Tabell 4.4 Fagskular og studiestader per fylke, haust 2025

Fylke	Fagskular med hovudkontor i fylket	Fagskular med studiestad i fylket	Studiestader i fylket
Agder	4	9	13
Akershus	2	7	10
Buskerud	1	4	8
Finnmark	1	4	5
Innlandet	4	7	18
Møre og Romsdal	3	8	9
Nordland	3	8	18
Oslo	18	23	25
Rogaland	4	9	12
Telemark	1	5	7
Troms	1	5	7
Trøndelag	5	13	18
Vestfold	8	10	10
Vestland	4	11	22
Østfold	2	5	6

Vedlegg: [T4.4](#)


Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Tala for 2025 viser at Oslo framleis er fylket der flest fagskular har hovudkontor, og samstundes fylket der flest fagskular har studiestad. Samstundes er det fleire fylke som har få fagskular med hovudkontor, men som likevel har mange studiestader. Mellom anna har Vestland fylke fire fagskular med hovudkontor, men heile 22 studiestader, medan Trøndelag med fem fagskular har 18 studiestader. Òg Innlandet og Nordland har eit høgt tal studiestader samanlikna med talet på fagskular.

Dette understrekar at studiestad spelar ei sentral rolle for å sikre geografisk tilgang til fagskuleutdanning. Fylke med spreidd busetnad eller store avstandar har ofte relativt fleire studiestader, noko som bidreg til å gjere utdanningstilboda meir tilgjengelege for studentar i ulike delar av fylket.

Figur 4.7 viser den geografiske plasseringa av offentlege (blå) og private (gule) fagskular i 2025, medan figur 4.8 viser tilsvarande for fagskulane sine studiestader. Figuren indikerer at offentlege fagskular er jamt spreidde over heile landet, medan private fagskular i større grad er konsentrerte til byar og bynære område, særleg på Austlandet. Samstundes viser biletet at private aktørar òg har studiestader i alle fylke.


Figur 4.7 Geografisk plassering av offentlege og private fagskular, 2025



Merknad: Storleiken på ringane indikerer talet på fagskular i den einssilde kommune. For interaktivt kart sjå: https://dbh.hkdir.no/static/files/dokumenter/fagskole/2026/fagskule_kart.html

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Figur 4.8 Geografisk plassering av studiestader ved offentlege og private fagskular, 2025



Merknad: Storleiken på ringane indikerer talet på studiestader i den einskilde kommune. For interaktivt kart sjå: https://dbh.hkdir.no/static/files/dokumenter/fagskole/2026/studiestad_kart.html
Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

4.3.2 Studiestader ved offentlege skular har flest studentar i dei fleste fylka

I mange fylke er fleirtalet av studentane knytte til studiestader ved offentlege fagskular (sjå figur 3.5.) Dette gjeld særleg i Innlandet, Vestland, Rogaland, Buskerud, Troms, Nordland, Telemark og Østfold. I fleire av desse fylka er skilnaden stor, til dømes i Innlandet, der det store fleirtalet av studentane er knytt til studiestader ved offentlege fagskular. Dette reflekterer at offentlege fagskular i mange delar av landet er hovudtilbydar av stadbaserte og samlingsbaserte utdanningar.

Oslo har ein annan studentprofil enn resten av landet. Her er fleirtalet av studentane knytt til studiestader ved private fagskular. Av dei 4 000 studentane som tar utdanning knytt til studiestader i Oslo i 2025, er om lag tre firedelar registrerte ved private fagskular. Dette heng saman med at dei private fagskulane i Oslo i større grad enn i andre fylke tilbyr både stadbaserte og reine nettbaserte utdanningar. Dersom vi ser på kva studiestad studentar på reine nettbaserte utdanningar er knytte til, gjeld dette i stor grad òg fylka Agder, Akershus og Vestfold. Her er ein betydeleg del av studentane knytte til studiestader i fylka der fagskular som Noroff, NKI og Gokstad akademiet tilbyr reine nettbaserte utdanningar. Sjå [fylkesvedlegget](#) for nærare informasjon om kva studiestad studentane er knytte til i dei ulike fylka.

4.3.3 Geografisk spreiding av studiestader ved fagskular av ulik storleik


I figur 4.9 får vi eit overblikk over korleis studiestader ved fagskular av ulik storleik fordeler seg etter sentralitetsklasse.¹² Studiestadene er plasserte i sentralitetsklassar basert på SSB si sentralitetsindeks, og fagskulane er kategoriserte etter samla studenttal. Figuren gir eit bilete av kor sentralt eller desentralisert fagskular av ulik storleik gjennomfører høgare yrkesfagleg utdanning gjennom sine studiestader.

Eit hovudtrekk er at dei største fagskulane, med over 1 000 studentar, har studiestader i alle sentralitetsklassar. Desse fagskulane er særleg tydeleg representerte i dei mest sentrale områda, men har òg ei betydeleg utbreiing i mindre sentrale delar av landet. Dette kan tyde på at dei største fagskulane i stor grad kombinerer sentral lokalisering med desentraliserte utdanningstilbod.

Fagskular med mellom 501 og 1 000 studentar har og studiestader i fleire sentralitetsklassar, men spreidd over meir sentrale område. Dei mindre fagskulane, særleg dei med færre enn 50 studentar, er i større grad konsentrerte til dei mest sentrale områda.

¹² Standard for sentralitet er utvikla av SSB og er basert på nærleik til arbeidsplassar og servicefunksjonar. Sentralitetsklasse 1 tydar høg sentralitet. Sentralitetsindeks finn du her <https://www.ssb.no/klass/klassifikasjoner/128>

Figur 4.9 Talet på studiestader ved fagskular etter sentralitetsklasse og fagskulestorleik, haust 2025



Merknad: Standard for sentralitet er utvikla av SSB og er basert på nærleik til arbeidsplassar og servicefunksjonar. Sentralitetsklasse 1 tydar høg sentralitet. Sentralitetsindeks finn du her <https://www.ssb.no/klass/klassifikasjoner/128>

Vedlegg: [F4.9](#)

Kjelde: SSB, HK-dir/DBH-HYU

Figuren viser at storleiken på fagskulane heng saman med kor geografisk spreidde studiestadene er. Medan mindre fagskular oftare har verksemda si samla i sentrale område, har dei største fagskulane ei breiare geografisk fordeling av studiestader, òg i mindre sentrale deler av landet.

4.4 Fagområdeakkreditering

Fagområdeakkreditering er ein sentral indikator på kvalitet i fagskulesektoren. Ei slik akkreditering inneber at NOKUT har vurdert og godkjent at fagskulen har tilstrekkeleg kvalitet i både kvalitetssystem og fagmiljø til sjølv å opprette og gjere vesentlege endringar i utdanningstilbod innanfor det akkrediterte fagområdet. Fagområdet må omfatte eitt eller fleire utdanningstilbod, vere tydeleg avgrensa og ha ein klar tilknytning til eitt eller fleire yrkesfelt. Samstundes vert det stilt tydelege krav til den samla kompetansen og kapasiteten ved fagskulen for å kunne ivareta ansvaret som følgjer med akkrediteringa.

4.4.1 Fleire fagområdeakkrediteringar og større fullmakter for fagskulane

Fagområdeakkreditering gir fagskulane høve til å etablere nye utdanningar utan førehandsgodkjenning frå NOKUT. Dette bidreg til å redusere tida frå utvikling av tilbod til uteksamining av kandidatar innanfor det aktuelle fagområdet. Ordninga legg slik til rette for auka omstillingsevne og betre tilpassing til endra kompetansebehov i arbeidslivet.

I 2025 hadde 17 fagskular akkreditering på eitt eller fleire fagområde. Jamfør tabell 4.5 var det totalt 38 fagområdeakkrediteringar i 2025. Dette er ein auke på om lag ni fagskular og 24 fagområdeakkrediteringar sidan 2021.

Til saman har desse 17 fagskulane omlag 25 200 studentar, noko som utgjer nesten 70 prosent av alle studentane i høgare yrkesfagleg utdanning i 2025.

Tabell 4.5 Oversikt over fagområdeakkrediteringar, 2025

Fagskule	Fagområde	Tal fagområdeakkrediteringar
Fagskolen Aldring og helse	Helsefag	1
Fagskolen Diakonova	Helsefag Økonomi, administrasjon og logistikk	2
Fagskolen i Agder	Maritim Teknisk Helsefag	3
Fagskolen i Nord	Verkstadtekniske fag	1
Fagskolen i Viken	Helse Teknisk Økonomi, administrasjon, logistikk og reiseliv	3
Fagskolen Innlandet	Teknologifag Helsefag Landbruksfag Bygg- og anleggsteknikk Økonomi, administrasjon og leiding	5
Fagskolen Kristiania	Helse og oppvekst Design, kommunikasjon og teknologi Kommersiell scenekunst – tolking og formidling Økonomi og administrasjon	4
Fagskolen Møre og Romsdal	Teknisk	1
Fagskolen Oslo	Tekniske fag Helsefag	2
Fagskolen Rogaland	Helse og oppvekst Økonomi og administrasjon Teknisk Maritim	4

(tabellen fortset på neste side)

Fagskule	Fagområde	Tal fagområdeakkrediteringar
Fagskolen Vestfold og Telemark	Helse Tekniske fag	2
Fagskulen Vestlandet	Tekniske fag Helsefag	2
MedLearn AS	Helse og oppvekst	1
Nordland fagskole	Elektro Helsefag	2
Norges grønne fagskole – Veia	Grøne design og miljøfag	1
Noroff	Design og digitale medier IT og digitalisering	2
Tirna	Helse og oppvekst Økonomi og administrasjon	2

Vedlegg: [T4.5](#)

Kjelde: NOKUT, HK-dir/DBH-HYU

Det er eit mål at fleire fagskular skal oppnå fagområdeakkreditering, men det er òg opna for større fullmakter. I mars 2024 opna Stortinget for at fagskular òg kan verte institusjonsakkreditert, og med det få større fullmakter til å opprette og endre utdanningar innan alle fagområda (Innst. 290 L (2023–2024)). Endringa har som mål å forbetre fagskulane sin fleksibilitet og omstillingsevne. I mai 2026 har NOKUT identifisert fire fagskular, Fagskulen Viken, Fagskulen Innlandet, Fagskulen Vestland og Noregs grønne fagskule Veia, som vil inngå i første runde av tilsyn med kvalitetsarbeid for å undersøke om dei møter vilkåra for å få institusjonsakkreditering. Utvalet av fagskular er gjort på ei samla vurdering tufta på kriterium som tidspunktet for første fagområdeakkreditering, at det ikkje går føre seg organisatoriske endringar som fusjon eller fisjon og at det ikkje er i gang anna tilsynsarbeid (NOKUT, 2026).

4.5 Utdanningstilboda

Den tette koplinga til arbeidslivet er eit grunnleggjande kjenneteikn ved sektoren, og høgare yrkesfagleg utdanning vert ofte omtalt som arbeidslivet sin skule. For å svare på kompetansebehov på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå vert det tilbydd ei brei samling utdanningstilbod innan ulike fagområde. Tilboda vert utvikla og vidareutvikla i samspel med arbeidslivet. I dette kapittelet ser vi nærare på omfanget og innretninga av utdanningstilboda, og på korleis tilbodsstrukturen varierer mellom dei ulike fagområda.

4.5.1 Over 450 unike utdanningstilbod med mange variantar som gir breidde i tilbodet

I tabell 4.6 er talet på unike utdanningstilbod og samla tal på utdanningstilbod med ulike variantar fordelte på fagområde. Hausten 2025 vart det registrert om lag 2 132 utdanningstilbod. Det er ein liten auke på 25 tilbod samanlikna med talet på utdanningstilbod registrert hausten 2024.

I desse tala er alle variantar av utdanningane inkluderte. Det inneber at det som innhaldsmessig er same utdanning, kan vere talt fleire gonger dersom ho vert tilbydd i ulike former. Til dømes kan ei utdanning vere tilbydd som både heiltids- og deltidsutdanning, eller vere tilbydd med ulike utdanningsformer. Ei og same utdanning som vert tilbydd på fleire studiestader, kan òg bli talte fleire gonger.

Utdanningstilbodet vert registrert for kvar variant fagskulen har akkreditering for, òg der det er ikkje er aktive studentar i rapporteringssemesteret, men der fagskulen anten har hatt eller planlegg studentaktivitet. Dei ulike variasjonane er viktige for å synleggjere breidda i det samla tilbodet i høgare yrkesfagleg utdanning, og dei bidreg samla sett til å gjere utdanningane meir tilgjengelege for studentane.

Når ein ser på unike utdanningstilbod, altså når alle variantane innanfor kvar utdanning er slått saman, var det totalt 456 utdanningstilbod hausten 2025. Desse 456 unike utdanningane vert dermed tilbydde i 2 132 ulike variantar. Dette er ein auke frå 2024, då det var 419 unike utdanningstilbod som var tilbydde i 2 107 variantar.

Tabell 4.6 Utdanningstilbod i høgare yrkesfagleg utdanning, haust 2025

Fagområde	Unike utdanningstilbod	Talet på utdanningstilbod med ulike variasjonar
Helse og velferd	109	608
IT	39	220
Kreativ	42	120
Samferdsel	7	48
Teknisk	103	585
ØkAdm	99	466
Anna	57	85
Totalt	456	2 132

Vedlegg: [T4.6](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Fordelt på fagområde er det flest unike utdanningstilbod innan helse- og velferdsfag, tekniske fag og økonomi- og administrasjonsfag, med høvesvis 109, 103 og 99 unike tilbod. Det er òg disse fagområda som har flest studentar (sjå kapittel 3.2.1). Når ein

ser på det samla talet på variantar, er helse- og velferdsfag det største fagområdet med 608 utdanningstilbod, etterfølgt av tekniske fag med 585 og økonomi- og administrasjonsfag med 466 tilbod. Resterande fagområde har færre tilbod i både absolutte og relative tal.

Innan helse- og velferdsfag omfattar oppvekstfag ein viktig del av utdanningstilboda i sektoren. Utviklinga i talet på studentar innan oppvekstfag er nærare omtala i kapittel 3.2.3. Helse- og velferdsutdanningar utgjer den største delen av utdanningstilboda innan fagområdet. I 2025 er det 65 unike utdanningstilbod innan helse, fordelt på 21 fagskular. Oppvekstfag vert tilbydde av til saman elleve fagskular, med totalt 31 unike utdanningstilbod. Av desse står fagskulen Din Kompetanse for åtte utdanningstilbod, medan dei resterande 23 tilboda er fordelt på ti andre fagskular. Dette viser at sjølv om éin aktør har hatt ein dominerande del av studentane i oppvekstfag på teljepunktet 2025, finst det eit breitt tilfang av utdanningstilbod og institusjonar innan fagområdet. Ei slik breidde i tilbydarar er viktig for å sikre både kapasitet, geografisk tilgjenge og fagleg mangfald i utdanningar innan oppvekstfeltet.

4.5.2 Utvikling i tal på utdanningstilbod varierer mellom fagområde

I figur 4.10 ser vi korleis talet på registrerte utdanningstilbod innan dei ulike fagområda har utvikla seg i perioden 2021–2025. Figuren viser at utviklinga varierer betydeleg mellom fagområda, både når det gjeld omfang, vekst og stabilitet over tid.


For enkelte fagområde har talet på utdanningstilbod vore relativt stabilt gjennom perioden. Dette gjeld særleg samferdselsfag og kreative fag, der talet ligg på om lag same nivå i 2025 som i 2021. Desse fagområda verkar å vere meir stabile og med mindre strukturell endring frå år til år.

Samstundes har fleire andre fagområde hatt vekst i utdanningstilboda. Helse- og velferdsfag hadde ein markant auke i tilboda fram mot 2022, før ein viss nedgang dei påfølgjande åra. Det siste året har utviklinga snudd, og med 608 tilbod i 2025 ligg nivået klart over 2021. Tekniske fag viser og ein markant vekst over tid, med ein særleg sterk vekst fram mot 2024, før talet går noko ned att til 585 utdanningstilbod i 2025.

Med IT-fag som ny, eigen kategori viser figuren at fagområdet har hatt stor vekst i perioden frå 2021 til 2025. Talet på 220 utdanningstilbod i 2025 har auka jamt kvart år sidan 2021. Den største typen utdanning blant IT-faga ligg innan IT-drift og infrastruktur og Utvikling og programmering, med høvesvis 102 og 90 utdanningstilbod. Samstundes ser vi framvekst av utdanningar innan design og brukaroppleving, samt dataanalyse og kunstig intelligens, sjølv om desse førebels utgjer ein mindre del av det samla tilbodet for fagområdet.

Økonomi- og administrasjonsfag viser òg ein jamn og relativt sterk vekst i talet på utdanningstilbod gjennom heile perioden. Aukem kjem i særleg grad frå ei utvikling innan leiingsfag, som har vorte ein stadig større del av fagområdet. Dette samsvarer med eit vedvarande behov for kompetanse innan leiing, økonomi, administrasjon og drift, og med ei utvikling der fleire fagskular tilbyr modulerte og fleksible utdanningar retta mot yrkesaktive.

Figur 4.10 Utdanningstilbod etter fagområde, haust 2021–2025



Merknad: Utdanningstilbod med uoppgitt fagfelt vert ikkje vist i figuren. Sjå vedlegg for tal på desse tilboda. Tabellvedlegget inneheld ein tidsserie for åra 2017–2025.

Vedlegg: [F4.10](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Utviklinga i talet på utdanningstilbod må òg sjåast i lys av ein fagskulepolitikk med styrkt vekt på samarbeid med arbeidslivet og på utvikling av utdanningar som svarar på nye og framveksande kompetansebehov. Kompetansepolitiske verkemiddel som Industrifagskulen, Treparts bransjeprogram for kompetanseutvikling og utviklingsmidlar til fagskular har bidrege til både utvikling av nye tilbod og til vekst i deltaking. Les meir om tilskotsordningane i mellom anna kap. 3.5.5 og 5.6, samt om vekst gjennom tildeling av nye studieplassar i kapittel 5.7.4.

4.6 Gradar og omfang av studiepoeng


Utdanningstilboda i fagskulesektoren varierer både i omfang og struktur. Dei lengste utdanningane er toårige løp på minst 120 studiepoeng, og gir høgare fagskulegrad. Utdanningar på mellom 60 og 90 studiepoeng gir fagskulegrad. I tillegg har kortare studietilbod på under 30 studiepoeng vorte ei vanleg tilbodsform, oftast på mellom fem og ti studiepoeng. Desse tilboda vaks fram frå 2019, først som følgje av ei mellombels unntaksføresegn i lovverket, og frå 2021 som ei permanent utviding av tilbodsstrukturen i høgare yrkesfagleg utdanning. Samanlikna med 2024 ser vi ein auke i delen slike korte tilbod. Mellom dei korte og dei gradgivande utdanningane finn vi òg utdanningar på mellom 30 og 59 studiepoeng.

Dei fleste utdanningstilboda er organiserte som deltidsløp. Dette inneber at studieaktiviteten i mange tilfelle vert fordelte over lengre tid enn det studiepoengomfanget åleine skulle tilseie. I dette kapitlet ser vi nærare på omfanget av utdanningstilboda, før vi i kapittel 4.7 går vidare til korleis tilboda er organiserte.

4.6.1 Variantar av utdanningstilbod, studiepoeng og gradar

Figur 4.11 viser den prosentvise fordelinga av utdanningstilbod etter omfang målt i studiepoeng, fordelte på kategoriane høgare fagskulegrad, fagskulegrad, kortare utdanningstilbod mellom 30 og 59 studiepoeng og kortare studietilbod på under 30 studiepoeng.

Av dei samla tilboda i 2025 gav 36 prosent fagskulegrad, medan 22 prosent gav høgare fagskulegrad. Dei kortare studietilboda under 30 studiepoeng utgjorde 29 prosent av tilboda, medan korte utdanningstilbod med eit omfang på 30–59 studiepoeng stod for 13 prosent.

Figur 4.11 Fordelinga av studie- og utdanningstilbod etter omfang målt i studiepoeng, haust 2025

Vedlegg: [F4.11](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Samanlikna med 2024 ser vi ein vidare auke i delen kortare studietilbod under 30 studiepoeng. Samstundes har delen utdanningstilbod som gir fagskulegrad gått noko ned, medan delen høgare fagskulegrad held seg relativt stabil. Dette stadfestar ei utvikling som har vore synleg over fleire år, der kortare og fleksible tilbod utgjer ein stadig større del av den samla tilbodsstrukturen i høgare yrkesfagleg utdanning.

4.6.2 Utdanningstilbod etter fagområde og omfang


Figur 4.12 viser korleis utdanningstilbod av ulik omfang, målt i studiepoeng, fordeler seg på dei ulike fagområda hausten 2025. Figuren gir eit bilete av kva for fagområde som i hovudsak består av korte tilbod, og kva for område der gradsutdanningar framleis dominerer.

Eit tydeleg hovudtrekk er at samferdselsfaga i hovudsak består av utdanningar som gir høgare fagskulegrad. Av dei registrerte tilboda innan samferdsel er nesten alle høgare fagskulegradar, medan det ikkje er registrert kortare tilbod på under 30 studiepoeng i dette fagområdet. Òg innan kreative fag er det ei overvekt av høgare fagskulegradar, som utgjer ein stor del av utdanningstilboda.

Dei tekniske faga har ei meir samansett fordeling. Her finn vi både ein betydeleg del høgare fagskulegradar og ei stor mengd kortare studietilbod under 30 studiepoeng. Dei tekniske faga har ei lang tradisjon for toårige gradsutdanningar, samstundes som korte og fleksible tilbod har vorte ein stadig viktigare del av fagområdet dei siste åra. Dette speglar både endra kompetansebehov i arbeidslivet og utviklinga av meir modulbaserte utdanningar.

I helse- og velferdsfaga er utdanningstilboda i hovudsak knytte til fagskulegrad på 60–119 studiepoeng. Dette gjeld både helse- og velferdsutdanningar og oppvekstutdanningar, der om lag 70 prosent av tilboda ligg i dette omfanget. Samstundes utgjør kortare tilbod under 30 studiepoeng ein større del innan helse- og velferdsutdanningar (21 prosent) enn innan oppvekstutdanningar (åtte prosent), medan oppvekstutdanningar i større grad har tilbod på mellom 30 og 59 studiepoeng. Dette samsvarer med tidlegare års mønster, sjølv om det i sektoren finst eksempel på at høgare gradsutdanningar innan fagområdet er under utvikling.

IT-fag viser stor variasjon i omfang. Her finn vi både kortare studietilbod på under 30 studiepoeng, utdanningar på mellom 30 og 59 studiepoeng, fagskulegradar og høgare fagskulegradar. Òg innan økonomi- og administrasjonsfag er tilboda fordelte på fleire omfangskategoriar, men med ei overvekt av utdanningar som gir fagskulegrad. Samstundes er det eit stort innslag av kortare studietilbod på under 30 studiepoeng og utdanningar på mellom 30 og 59 studiepoeng. Dette har mellom anna samanheng med utviklinga innan leiingsfag og andre fleksible utdanningar retta mot yrkesaktive.

Figur 4.12 Utdanningstilbod etter fagområde og omfang, haust 2025

Vedlegg: [F4.12](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

4.6.3 Flest korte tilbod innan tekniske fag

Korte tilbod utgjør ein vesentleg del av den samla tilbodsstrukturen i høgare yrkesfagleg utdanning (jf. figur 4.12). I analysane skil vi mellom kortare utdanningstilbod på mellom 30 og 59 studiepoeng og kortare studietilbod på under 30 studiepoeng. Desse to kategoriane fyller ulike funksjonar i sektoren, men har til felles at dei er utforma for å vere fleksible og lettare å kombinere med arbeid. Det er til saman 886 tilbod innan desse to kategoriane, og 70 prosent av tilboda er under 30 studiepoeng.

Korte utdanningstilbod mellom 30 og 59 studiepoeng finn vi i størst grad innan økonomi- og administrasjonsfag, der denne typen utdanning utgjør ein betydeleg del av tilboda. òg helse- og velferdsfag har eit relativt stort innslag av utdanningar i dette omfanget. I desse fagområda fungerer utdanningar på mellom 30 og 59 studiepoeng ofte som meir avgrensa, retta kompetansetilbod, samstundes som dei kan inngå i lengre utdanningsløp.

Kortare studietilbod under 30 studiepoeng har spesielt stor utbreiing innan tekniske fag. Her utgjør dei korte tilboda ein betydeleg del av det samla talet på utdanningstilbod, og står for ein stor del av veksten i tekniske fag dei seinare åra. Denne utviklinga må sjåast i samanheng med målretta verkemiddel i

kompetansepolitikken, mellom anna gjennom treparts bransjeprogram og Industrifagskulen, der det er krav om at tilboda har eit omfang på inntil 30 studiepoeng.

Øg innan økonomi- og administrasjonsfag er dei kortare studietilboda under 30 studiepoeng stadig ein større del av tilbodsstrukturen. Her kjem veksten delvis som følgje av offentlege tilskotsordningar. Utviklinga er òg driven av enkeltaktørar som har utvikla og finansierte slike tilbod utanfor dei statlege ordningane, ofte retta mot yrkesaktive med behov for avgrensa og spesialisert kompetansepåfyll.


Sjå kapittel 3.5.5 for omtale av studentane på kortare studietilbod og korleis dei fordelar seg på fagområda.

4.7 Utdanningstilbod på heiltid og deltid

Deltidsutdanningar utgjer ein stor del av utdanningstilboda i høgare yrkesfagleg utdanning, og er eit sentralt verkemiddel for å leggje til rette for utdanning ved sida av arbeid. Figur 4.13 viser korleis tilboda på heiltid og deltid fordelar seg ulikt mellom fagområda. Dette samsvarar i stor grad med korleis studentane fordelar seg (kapittel 3.5.1).

Helse- og velferdsutdanningar vert i all hovudsak tilbydde som deltidstudier. Òg innan tekniske fag og økonomi- og administrasjonsfag dominerer deltidsløp, sjølv om desse fagområda har eit større innslag av heiltidstilbod enn helse- og velferdsfaga. Dette speglar både faglege tradisjonar og behovet for å leggje til rette for yrkesaktive studentar. IT-fag skil seg noko frå dette biletet, ved at fordelinga mellom heiltids- og deltidstudier er jamnare, med ein svak overvekt av utdanningstilbod på heiltid.

I samferdselsfag og kreative fag er biletet motsett, med ei klar overvekt av heiltidsutdanningar. Samstundes ser vi teikn til endring innan delar av samferdselsfaga. I 2024 starta tre fagskular opp maritime gradsutdanningar på deltid, noko som bryt med etablerte faglege tradisjonar. Dersom desse tilboda viser seg å fungere godt, kan dette bidra til ei vidare utvikling i retning av meir fleksible utdanningar òg innan maritime fag, til dømes ved å gjere tilboda meir tilgjengelege for eldre studentar og studentar i arbeid.

Figur 4.13 Utdanningstilbod på heiltid og deltid etter fagområde, haust 2025

Vedlegg: [F4.13](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Den høge delen deltidsutdanningar kan vere ein medverkande forklaring på at snittalderen i høgare yrkesfagleg utdanning er 34 år, som omtalt i kapittel 3.4. Deltidsutdanningane gjer det mogleg for personar som står i arbeid å ta utdanning ved sida av jobb. Som vist i kapittel 3.4 om kjønn og alder varierer dette mellom fagområda. Til dømes er halvparten av studentane innan helse- og velferdsfag over 40 år og 82 prosent er over 30 år. Dette heng truleg saman med at mange tek desse utdanningane på deltid.

4.8 Utdanningstilbod etter utdanningsform

Utdanningstilbod i høgare yrkesfagleg utdanning vert tilbydde i tre ulike utdanningsformer: nettbaserte tilbod, nettbaserte tilbod med fysiske samlingar (her omtala som samlingsbaserte), og stadbaserte tilbod. Det er vanleg at eitt og same utdanningstilbod vert tilbydd i fleire utdanningsformer, avhengig av etterspurnad og lokale tilpassingar.

4.8.1 Auke i samlingsbaserte tilbod og nedgang i stadbaserte


Den store delen samlingsbaserte tilbod, særleg innan helse- og velferdsfag og tekniske fag, reflekterer ei tilpassing til praksisnære læringsformer og arbeidslivets

kompetansebehov, samstundes som ein tek omsyn til studentane sitt behov for fleksibilitet.

I 2025 er samlingsbaserte utdanningar den mest utbreidde utdanningsforma i høgare yrkesfagleg utdanning. Av 2 132 utdanningstilbod totalt var 999 samlingsbaserte, noko som utgjer 47 prosent av tilboda. Som vi såg i kap. 3.5.3 er det òg her vi finn 48 prosent av studentmassen. Vidare var 580 tilbod stadbaserte, tilsvarande 27 prosent, medan 553 var reine nettbaserte tilbod, med ein del på 26 prosent. Ser vi på studenttala, er delen som tar reine stadbaserte tilbod ein del lågare enn delen som tar nettbasert utdanning (kapittel 3.5.3). Det vil seie at det i snitt er fleire studentar på dei nettbaserte tilboda, enn på dei stadbaserte.

Figur 4.14 viser at denne fordelinga er resultat av ei tydeleg utvikling over tid. Det har vore ein jamn vekst i både samlingsbaserte og nettbaserte utdanningar, samstundes som delen stadbaserte tilbod har gått ned. Utviklinga peikar i retning av meir fleksible utdanningsformer, der samlingsbaserte og nettbaserte tilbod i aukande grad erstattar reine stadbaserte løp. I tillegg bidreg bruken av fleire utdanningsformer for same utdanningstilbod at fagskulane har større handlingsrom til å tilpasse tilboda etter etterspurnad, målgrupper og regionale føresetnader.

Figur 4.14 Utdanningstilbod etter utdanningsformer, haust 2021–2025



Merknad: Tabellvedlegget inneheld ein tidsserie for åra 2017–2025.

Vedlegg: [F.4.14](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Kombinasjonen av nettundervisning og fysiske samlingar gjer det mogleg å sameine fleksibilitet med opplæring som krev fysisk oppmøte, til dømes bruk av laboratorium, simulatorar eller anna utstyr som ikkje kan gjennomførast fullt ut digitalt. Fleire

fagskular peikar òg på at samlingsbaserte løp kan gi betre oppfølging av studentane og bidra til høgare gjennomføring, samanlikna med reine nettbaserte tilbod.

4.8.2 Samlingsbaserte tilbod er utbreidd i helse- og velferdsfag og tekniske fag


Figur 4.15 viser fordelinga av utdanningstilbod etter utdanningsform og fagområde i 2025. Det går fram at samlingsbaserte tilbod er særleg utbreidde innan helse- og velferdsfag og tekniske fag, men òg har ein betydeleg del innan økonomi- og administrasjonsfag. Tala viser ein tydeleg endring i den prosentvise fordelinga over tid. Tidsserie 2017–2025 finst i vedlegg til figuren ([F4.15](#)).

Innan helse- og velferdsfag har delen stadbaserte tilbod gått ned frå 75 prosent i 2021 til 22 prosent i 2025, medan samlingsbaserte tilbod har auka frå 16 til 64 prosent. Ei liknande utvikling finn vi innan tekniske fag, der samlingsbaserte tilbod har gått frå 45 til 63 prosent, medan stadbaserte tilbod er reduserte frå 45 til 23 prosent. Innan økonomi- og administrasjonsfag har utviklinga vore meir delt, med ein betydeleg auke i reine nettbaserte tilbod, frå 37 prosent i 2021 til 47 prosent i 2025, samstundes som samlingsbaserte tilbod òg har auka.

Dei aller fleste reine nettbaserte tilboda innanfor økonomi- og administrasjonsfag er knytte til private fagskular, medan nokre få er ved offentlege fagskular. Ved dei offentlege fagskulane er tilboda i fagområdet i større grad samlingsbaserte.

Eit liknande mønster ser vi innan IT-fag, der dei fleste tilboda er reinte nettbaserte og i all hovudsak knytte til private fagskular. Stadbaserte tilbod utgjer ein mindre del, medan samlingsbaserte tilbod utgjer ein enda mindre del.

Dette tyder på ei tydeleg forskyving frå stadbaserte til meir fleksible utdanningsformer i fleire fagområde blant utdanningstilboda som vert tilbydd. Denne utviklinga samsvarer med utviklinga i studenttalet, der delen studentar på nettbaserte utdanningar med samlingar òg har auka (sjå kapittel 3.5.3).

Figur 4.15 Utdanningstilbod innan ulike utdanningsformer etter fagområde, haust 2025

Merknad: Tabellvedlegget inneheld ein tidsserie for åra 2017–2025.

Vedlegg: [F4.15](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Innanfor helse- og velferdsfaga utgjer nettbaserte tilbod med samlingar om lag to tredelar av tilboda i både helseutdanningane og oppvekstutdanningane. Stadbaserte tilbod utgjer ein noko større del innan helsefaga, medan reine nettbaserte tilbod er litt meir utbreidde innan oppvekstutdanningane.

Utviklinga i utdanningsformene peikar mot større variasjon, der tilboda i aukande grad vert tilpassa studentbehov og kompetansebehova i arbeidslivet, men òg at det vert teke omsyn til fagleg eigenart. Nokre utdanningar er i hovudsak teoribaserte, medan andre stiller større krav til praksis, ferdigheitstrening og handtering av utstyr. Innan helsefaga er det til dømes vanleg med praksis og rettleiing knytt til eigen arbeidsplass, kombinert med nettundervisning og fysiske samlingar. Den høge delen samlingsbaserte tilbod, særleg innan helse- og velferdsfag og tekniske fag, viser ei utvikling mot utdanningsformer som kombinerer fleksibilitet med tett fagleg oppfølging og praksisnær opplæring.

5 Finansiering av høgare yrkesfagleg utdanning

I 2025 vart det nytta om lag tre milliardar kroner til høgare yrkesfagleg utdanning, ein auke på om lag 270 millionar frå 2024. Finansieringa av høgare yrkesfagleg utdanning er samansett og byggjer på fleire kjelder som til saman legg grunnlaget for tilbodet til både offentlege og private fagskular.

Stortingsmeldinga *Fagfolk for ei ny tid* (Meld. St. 11 (2024–2025)) peikar på behovet for vidare utvikling av finansieringa av høgare yrkesfagleg utdanning. Meldinga løfter særleg fram at fylkeskommunane i tildelinga av driftsmidlar skal bidra til solide fagskular med tilstrekkeleg sterke faglege og administrative miljø, og gi fagskulane større handlingsrom gjennom rammetildeling med overordna føringar. Meldinga legg òg opp til ei styrking av den resultatbaserte uttellinga i det statlege driftstilskotet.

Dei siste åra har det vore ein tydeleg auke i offentleg finansiering i fagskulesektoren. Auken kjem særleg gjennom det statlege driftstilskotet som fylkeskommunane forvaltar. Samstundes har det vore tydeleg vekst i statlege prosjektmidlar, særleg gjennom treparts bransjeprogram for kompetanse, der tildelingane til fagskulane er meir enn dobla frå 2024 til 2025. Auka løyvingar til nye studieplassar har òg bidrege til vekst i kapasiteten, særleg innanfor statleg prioriterte fagområde.

Utviklinga i studenttala peiker mot ei forskyving mellom finansieringsformene. Talet på studentar på delvis og fullt offentleg finansierte tilbod aukar, medan talet på studentar på fullt skulepengefinansierte tilbod har gått ned etter fleire år med vekst. Dette kan sjåast i samanheng med auka rammer for offentleg finansiering.

Kapittelet viser òg tydelege skilnader i korleis utdanningstilboda er organiserte. Offentleg finansierte tilbod er i hovudsak deltids- og samlingsbaserte, med ein høg del studentar med yrkesfagleg bakgrunn. Skulepengefinansierte tilbod er i større grad heiltids- og nettbaserte, og rekrutterer i hovudsak studentar med generell studiekompetanse.

Eit anna hovudtrekk er at fullføringa gjennomgåande er høgare i dei offentleg finansierte tilboda enn i dei skulepengefinansierte. Samla gir dette eit bilete av ein sektor der offentleg finansiering i aukande grad legg rammene for utvikling i både kapasitet, organisering og gjennomføring av utdanningane. I resten av kapittelet ser vi nærare på korleis finansieringa av høgare yrkesfagleg utdanning er sett saman, og i kapittel 5.7 vert utviklinga i finansieringsformene analysert meir i detalj.

5.1 Samansetjing av finansieringskjelder

Den offentlege finansieringa har blitt styrkt frå 2024 til 2025. Finansieringa kan i hovudsak delast i to delar: offentlig finansiering og skulepengefinansiering. Figur 5.1 gir eit oversyn over korleis dei ulike finansieringskjeldene bidreg til den samla finansieringa av høgare yrkesfagleg utdanning i 2025.¹³


Det statlege driftstilskotet forvalta av fylkeskommunane er den klart største finansieringskjelda. I 2025 utgjorde dette tilskotet om lag 1,6 milliardar kroner, ein markant auke frå om lag 1,4 milliardar kroner i 2025. Òg tilskot frå fylkeskommunane sine frie inntekter har auka, frå om lag 170 millionar kroner i 2024 til 215 millionar kroner i 2025.

Skulepengar utgjer framleis ein stor del av finansieringa i 2025. Samla utgjorde skulepengar om lag 859 millionar kroner, der 830 millionar kroner var knytt til private fagskular. Nivået på skulepengar har vore relativt stabilt samanlikna med 2024, noko som tyder på at veksten i den samla finansieringa i hovudsak kjem gjennom auka offentlege løyvingar. Vi ser nærare på skulepengar i kapittel 5.4.

Nokre fagskular er finansierte direkte over statsbudsjettet. Dette gjeld dei statlege fagskulane, som er nærare omtalt i kapittel 5.5.

Vidare viser figur 5.1 at statlege prosjektmidlar utgjer ein mindre del av den samla finansieringa i 2025, med 147 millionar kroner. Samstundes har prosjektmidlane hatt ein tydeleg auke frå 2024, då tilsvarande nivå var om lag 118 millionar kroner. Prosjektmidlane fungerer slik som eit supplement til driftstilskotet, særleg retta mot utviklings- og fornyingsarbeid. Ei nærare omtale av dei statlege prosjektmidlane er gitt i kapittel 5.6.

¹³ Tala som er oppgitt i rapporten er basert på budsjettvedtak av statlege tilskot, og vedtak om tildelingar i ulike tilskotsordningar. Tala på skulepengar og fylkeskommunale frie inntekter er basert på innrapporteringar til DBH-HYU frå høvesvis fagskular og fylkeskommunar. Nokre fylkeskommunar gir indirekte tilskot til fagskular i form av gratis husleige og diverse tenester som ikkje blir rapportert til DBH-HYU, og derfor ikkje rekna med her. Tilskot til dei statlege fagskulane er basert på innrapporteringar frå dei statlege fagskulane det er innhenta opplysningar frå.

Figur 5.1 Finansieringskjelder 2025

Merknad: Tilskot til statlege fagskular omfattar tal for finansiering for tre av fem statlege fagskular. Tilskot til dykkarutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet er ikkje inkludert i 2025, slik det har vore i tidlegare år, då vi ikkje har tilgang til opplysningar om driftsmidlar for dette året. Tilskot til Sjøforsvarets fagskule er ikkje inkludert i 2025 eller tidlegare år.

Vedlegg: [F5.1](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

5.2 Statleg tilskot til drift av fagskular

Fylkeskommunane spelar ei sentral rolle i forvaltinga av det statlege driftstilskotet til sektoren. Gjennom forvaltinga av det statlege driftstilskotet skal dei leggje til rette for utdanningstilbod i samsvar med behovet for kompetanse lokalt, regionalt og nasjonalt, jf. fagskolelova §3.

I 2025 løyvde Stortinget om lag 1,6 milliardar kroner til drift av fagskular over Kunnskapsdepartementet sitt budsjett, som er ein auke på om lag 200 millionar kroner sidan 2024. Dette er den klart største enkeltstående finansieringskjelda i fagskulesektoren, og ho aukar meir enn andre finansieringskjelder. Dette inneber at det statlege driftstilskotet utgjer ein noko større del av den samla finansieringa enn

tidlegare år. Det er i hovudsak gjennom tilskot til nye studieplassar at tilskotet til drift aukar. I statsbudsjettet for 2025 vart det løyvd midlar til 900 nye studieplassar, gjennom ordninga for driftstilskot, og 100 nye studieplassar gjennom ordninga Industrifagskulen.

5.2.1 Fylkeskommunane forvaltar det meste av driftstilskotet

Ordninga for driftstilskot er organisert slik at HK-dir fordeler midlane til fylkeskommunane, som igjen forvaltar og tildeler tilskot til fagskular med utdanningstilbod i sine fylke. I denne rolla skal fylkeskommunane dimensjonere utdanningstilbod og fordele midlar basert på vurderingar av kompetansebehov i arbeidslivet og gjere prioriteringar ut frå kvar behovet er størst.

I samband med behandlinga av statsbudsjettet fastsett Stortinget dei overordna måla for høgare yrkesfagleg utdanning som tilskotet til drift skal medverke til:

- høg kvalitet i høgare yrkesfagleg utdanning
- relevant høgare yrkesfagleg utdanning som svarer på kompetansebehova i arbeidslivet
- god tilgang til høgare yrkesfagleg utdanning i heile landet
- effektiv og veldreven fagskulesektor

Ein mindre del av det statlege driftstilskotet er øyremerkt spesifikke formål. Dette gjeld mellom anna tilskot til tolv private fagskular¹⁴ som samla fekk om lag 82,5 millionar kroner i 2025. Desse fagskulane er omfatta av same tilskotsordning som andre fagskular, og midlane vert utbetalte via fylkeskommunane.

I tillegg var om lag 52,9 millionar kroner av det statlege driftstilskotet i 2025 øyremerkt ordninga Industrifagskulen. Industrifagskulen er ei ordning for kortare utdanningstilbod retta mot industri- og byggrelaterte fag, og midlane vert fordelte til fagskular av HK-dir etter søknad.

Av totalt 1,6 milliardar kroner løyvd til drift av fagskular vart altså om lag 135 millionar kroner øyremerkte ulike formål og derfor ikkje underlagt fylkeskommunane sine prioriteringar. I kapittel 5.7 ser vi nærare på heiltidsekvivalentar og

¹⁴ Følgjande tolv private fagskular er omfatta av ordninga: Asker kunsthøgskule, Designinstituttet, Det tverrfaglege kunstinstitutt, Einar Granum kunsthøgskule, Fagskolen Essens, Fagskolen Kristiania (Bårdar Akademiet), Fagskolen for bokbransjen, Frelsesarmeens offiseresskole, Hald internasjonale skole, Kunsthøgskolen i Bergen, Kunsthøgskolen i Stavanger og Ytre kunsthøgskule. I 2025 vil Hald internasjonale skole avvike sin fagskuledrift og ikkje lenger vere omfatta av det øyremerkte tilskotet.

studiepoengproduksjon fordelt på finansieringskjelder. Sjå òg [fylkesvedlegget](#) for nærare informasjon om fordeling av midlar og aktivitet i det enkelte fylket.

5.2.2 Private fagskular mottar ein tredel av det offentlege driftstilskotet

Det statlege tilskotet til offentlege og private fagskular er vist i tabell 5.1. Beløpa inkluderer òg tilskot gjennom Industrifagskulen, som vert utbetalt via fylkeskommunane. I vedlegget til tabellen ([T5.1](#)) er tilskotet fordelt per institusjon. Medan dei offentlege fagskulane mottek om lag 1,05 milliardar kroner i statleg driftstilskot frå fylkeskommunar i 2025, mottek dei private fagskulane om lag 512 millionar kroner. Fordelinga er dermed om lag to tredelar til dei offentlege og ein tredel til dei private fagskulane.

Tilskotet er fordelt på 14 offentlege og 28 private fagskular, inkludert dei tolv private fagskulane som mottar øyremerkte midlar som omtala over. [Fylkesvedlegget](#) gir nærare informasjon om korleis fylkeskommunane fordeler det statlege tilskotet mellom offentlege og private fagskular.

Det er store variasjonar i tilskotsnivået mellom dei private fagskulane. Nokre få større fagskular mottar relativt høge tilskot, med beløp på over 50 millionar kroner, medan fleire mindre fagskular mottar tilskot på under fem millionar kroner. Dei største tilskotsmottakarane blant dei private er Din Kompetanse fagskole, Fagskolen Diakonova, Fagskolen Kristiania, Fagskolen Tirna, Gokstad akademiet og MedLearn, som alle har tilskot på kring 50–70 millionar kroner.

Òg blant dei offentlege fagskulane er det store skilnader i det statlege tilskotet frå fylkeskommunane. Nokre fagskular mottar tilskot på kring 125–175 millionar, medan dei fleste ligg på eit nivå mellom 50–100 millionar. Samstundes er det nokre fagskular som har tilskot på under ti millionar frå det statlege tilskotet som fylkeskommunane forvaltar. Dei største tilskotsmottakarane blant dei offentlege fagskulane er Fagskolen Innlandet, Fagskolen Viken og Fagskulen Vestland. Tilskotet til dei fylkeskommunale fagskulane må òg sjåast i samanheng med midlar frå fylkeskommunane sine frie inntekter for å gi eit meir fullstendig bilete av den samla finansieringa.

Tabell 5.1 Oversikt over statleg tilskot frå fylkeskommunar til offentlege og private fagskular, 2025

Fagskular	Statleg driftstilskot til fagskular	Andel av tilskot
Offentlege fagskular	1 045 099 000	67 %
Private fagskular	512 490 000	33 %
Totalt	1 557 589 000	100 %

Merknad: Med statleg driftstilskot meiner vi her tilskot frå Kunnskapsdepartementet sitt budsjett kapittel 240, post 60 som vert forvalta av fylkeskommunane. Tabellvedlegget inneheld ei oversikt over statleg tilskot frå fylkeskommunane til den enkelte fagskulen.

Vedlegg: [T5.1](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

5.3 Fylkeskommunane sine frie inntekter

Fylkeskommunane kan bruke sine egne frie inntekter til finansiering av fagskular. Med frie inntekter meiner vi her overføringar frå Kommunal- og distriktsdepartementet sitt budsjett som ikkje er øyremerkte høgare yrkesfagleg utdanning. Fylkeskommunane rapporterer årleg til DBH-HYU kor mykje midlar dei tildeler fagskulane utover det statlege driftstilskotet.

Bruken av frie inntekter til finansiering av fagskular varierer. Mange fylkeskommunar har hatt ei relativt stabil tildeling over tid, men det er òg variasjonar mellom år og mellom fylke. Dette inneber at tala for fylkeskommunane sitt tilskot frå frie inntekter i avgrensa grad eignar seg for samanlikning mellom fylke. Tala gir eit betre grunnlag for å følgje utvikling over tid, både for den enkelte fylkeskommune og for sektoren samla sett.

Det er òg ulik praksis for kva som vert rekna som tilskot. Dette gjeld både direkte bidrag, som til dømes driftstilskot eller dekning av husleige, og meir indirekte støtte, som gratis lokale eller administrative tenester. Slik indirekte støtte vert i mindre grad fanga opp i rapporteringa til DBH-HYU. Tala er derfor ikkje egna til å gjere samanlikningar i tilskotsnivå mellom fylkeskommunar.

Tabell 5.2 viser at det samla tilskotet frå fylkeskommunane sine frie inntekter har auka frå om lag 170 millionar i 2024 til om lag 215 millionar i 2025. Samanlikna med 2019, då nivået var om lag 99 millionar kroner, viser dette ein tydeleg auke i bruken av frie inntekter til fagskular over tid.

Tala for 2019 er inkluderte for å gi eit lengre tidsperspektiv. Desse er berekna ved å slå saman tidlegare fylke i tråd med fylkesstrukturen etter 2020. Tala viser at fleire

fylkeskommunar har auka tilskota frå frie inntekter sidan 2019. Samstundes er det variasjonar i rapporteringa. Nokre fylkeskommunar rapporterer om tilskot i 2025, men ikkje i 2019, medan andre rapporterte tidlegare, men ikkje i 2025. Dei fleste fylkeskommunane rapporterer likevel tilskot både i 2019 og 2025, og for mange av desse har nivået på tilskota auka over tid.

Sjølv om det er noko usikkerheit til rapporteringa, gir tala ein god indikasjon på at fylkeskommunane over tid har styrkt tilskota til fagskulane gjennom eigne frie inntekter.

Tabell 5.2 Tilskot til fagskular frå fylkeskommunane sine frie inntekter rapportert til DBH-HYU, 2019, 2024 og 2025

Fylkeskommune	2019	2024	2025
Agder fylkeskommune	0	11 785 000	16 793 000
Akershus fylkeskommune	3 961 000	5 073 000	6 706 000
Buskerud fylkeskommune	0	21 607 000	21 818 000
Finnmark fylkeskommune	4 174 000	0	15 257 000
Innlandet fylkeskommune	0	0	3 472 000
Møre og Romsdal fylkeskommune	14 089 000	33 900 000	35 522 000
Nordland fylkeskommune	10 956 000	20 882 000	21 332 000
Oslo fylkeskommune	0	0	0
Rogaland fylkeskommune	1 476 000	668 000	716 000
Telemark fylkeskommune	1 067 000	0	0
Troms fylkeskommune	14 150 000	30 983 000	42 253 000
Trøndelag fylkeskommune	9 584 000	23 520 000	25 538 000
Vestfold fylkeskommune	3 500 000	0	0
Vestland fylkeskommune	20 625 000	21 213 000	0
Østfold fylkeskommune	15 291 000	0	25 400 000
Totalt	98 873 000	169 631 000	214 807 000

Merknad: Fylkeskommunane har ulik praksis for om og korleis dei gir økonomisk støtte til eigne fagskular, til dømes i form av husleige og administrative tenester. Dette påverkar kva som vert rapportert til DBH-HYU, og tala er derfor ikkje eigna til samanlikning på tvers av fylke.

Vedlegg: [T5.2](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU


5.4 Skulepengar

I 2025 utgjorde skulepengar¹⁵ samla om lag 859 millionar kroner, det svarar til 27 prosent av samla finansiering av høgare yrkesfagleg utdanning. Dette er ein auke på om lag 13 millionar kroner samanlikna med 2024, jamfør figur 5.2. Auken kjem frå vekst

¹⁵ Med skulepengar meiner vi betaling for sjølve utdanningstilbodet, og ikkje semesteravgift, læremateriale, samskipnadsavgift eller liknande.

i utdanningstilbod som er fullfinansierte gjennom skulepengar. Samstundes har det vore ein nedgang i delen utdanningstilbod som er delvis offentleg finansierte.

Figur 5.2 Skulepengar etter finansieringsform, 2022–2025



Merknad: Sjå vedleggstabellen for fordelinga av skulepengar på tilbod på 30 studiepoeng eller meir og tilbod under 30 studiepoeng. Skulepengar er rekna ut med utgangspunkt i rapportert studentbetaling per student per semester for tilbod på 30 studiepoeng eller meir. For tilbod på under 30 studiepoeng er utgangspunktet betalinga for heile utdanningstilbodet per oppmelding. På grunn av omfanget av feilrapporteringar viser vi ikkje tal frå åra før 2022. Sjå merknad til vedleggstabellen for nærare opplysningar om berekninga og korrigerering av feilrapportering i tidsserien.

Vedlegg: [F5.2](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

I 2025 var om lag 92 prosent av skulepengane knytt til utdanningstilbod som er fullfinansierte gjennom skulepengar. Ser ein på omfanget av utdanningstilboda, var den klart største delen (98 prosent) knytt til utdanningstilbod på 30 studiepoeng eller meir (sjå vedleggstabell [F5.2](#)). Dette heng mellom anna saman med at utdanningar med større omfang gir høgare samla skulepengar, men òg at ein stor del av dei kortare tilboda er fullfinansierte gjennom offentlege ordningar. Sjå blant anna omtale av treparts bransjeprogram i kapittel 5.6.3 og Industrifagskolen i kapittel 5.2.1.

5.4.1 Fleire studentar på lengre utdanningar som er delvis offentleg finansiert

Utviklinga over tid viser at både talet på studentar og omfanget av skulepengar på utdanningstilbod på 30 studiepoeng og over har auka sidan 2022 (sjå tabell 5.3). Hausten 2025 var det om lag 14 200 studentar som betalte skulepengar for slike

tilbod, ein moderat auke frå 2024. Auken det siste året er knytt til studentar på delvis offentleg finansierte tilbod, medan talet på studentar på fullt skulepengefinansierte tilbod har gått ned. Nedgangen i talet på studentar på fullt skulepengefinansierte tilbod har i hovudsak kome hausten 2025, og effekten på den samla studentbetalinga for heile året er difor mindre synleg enn dersom ein ser på haustsemesteret isolert. Samanlikna med hausten 2024, var det ein nedgang i det samla skulepengebeløpet hausten 2025, medan det for heile året var ein auke.

Tabell 5.3 Antal studentar og gjennomsnittleg betaling per student etter finansieringsform. Utdanningstilbod på 30 studiepoeng eller meir, haust 2022–2025

Årstal	Delvis offentleg finansiert / andre midlar		Fullfinansiert vha skulepengar / andre eksterne tilskot	
	Antal studentar	Snitt skulepengar	Antal studentar	Snitt skulepengar
2022	4 782	8 100	7 317	47 400
2023	4 032	9 100	7 643	47 600
2024	5 959	6 000	7 935	49 600
2025	7 273	5 000	6 939	54 700

Merknad: Tabellen viser tal på studentar og gjennomsnittleg betaling for haustsemesteret. Skulepengar er rekna ut med utgangspunkt i rapportert studentbetaling per student per semester for tilbod på 30 studiepoeng eller meir. Grunna omfanget av feilrapporteringa viser vi ikkje tal frå åra før 2022. Sjå merknad til vedleggstabellen for nærare opplysningar om berekninga og korrigering av feilrapportering i tidsserien.

Vedlegg: [T5.3](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Utviklinga kan sjåast i samanheng med at det er fleire heiltidsekvivalentar knytte til utdanningar som er offentleg finansierte (sjå kapittel 5.7.1). Dette inneber at fleire studentar går på fullt eller delvis offentleg finansierte tilbod. Samstundes har talet på studentar på fullt skulepengefinansierte tilbod gått ned frå 2024 til 2025, etter ein auke i perioden frå 2022 til 2024. Nedgangen, på om lag 1 000 studentar, må òg sjåast i samanheng med reduksjon i studenttal ved dei største skulepengefinansierte fagskulane (sjå kapittel 5.7 om utviklinga mellom offentleg finansierte og skulepengefinansierte tilbod).

Om lag 6 900 av studentane som betalte skulepengar i 2025 gjekk på utdanningstilbod som var fullfinansierte gjennom skulepengar eller andre tilskot. Dette er ein nedgang frå 2024, etter fleire år med vekst. Nedgangen kjem særleg innan IT-fag og kreative fag, der ein stor del av studentmassen er konsentrert hos nokre få, store private fagskular (til dømes Noroff og Fagskolen Kristiania). Endringar i studenttalet ved desse aktørane får dermed stor innverknad på den samla utviklinga i skulepengefinansierte tilbod (sjå kapittel 3.2.1 og [vedlegg 33](#)).

Talet på studentar på delvis offentleg finansierte utdanningstilbod på 30 studiepoeng og over auka til om lag 7 300 hausten 2025. Dette inneber ein tydeleg vekst for andre år på rad, frå om lag 6 000 studentar hausten 2024 og 4 000 hausten 2023. Veksten kjem særleg innan tekniske fag, som står for den største delen av studentane på delvis offentleg finansierte tilbod på 30 studiepoeng og over. Det er òg ein viss auke innan helse- og velferdsfag og økonomi- og administrasjonsfag (sjå [vedlegg 33](#)). Veksten er størst i tal ved offentlege fagskular.

Kombinasjonen av offentleg tilskot og skulepengar er ein måte for fagskulane å kunne auke kapasiteten i utdanningstilbod der etterspurnaden er større enn det som kan finansierast gjennom offentlege midlar åleine. Eit døme på dette er ei avgjerd i Rogaland fylkeskommune, som har opna for at fagskular med utdanningstilbod i fylket, kan ta ein avgrensa studieavgift på inntil 5 000 kroner per semester for offentleg finansierte utdanningstilbod.

For tilbod som er fullfinansiert av skulepengar gjekk dei samla inntektene frå skulepengar ned frå om lag 394 millionar kroner hausten 2024 til om lag 380 millionar kroner hausten 2025.¹⁶ Gjennomsnittleg betaling per student gjekk opp frå 49 700 kr hausten 2024, til 54 700 kr hausten 2025. Dette er inkludert dei kostnadskrevjande luftfartsfaga,¹⁷ som trekkjer gjennomsnittet opp. Utan luftfartsfaga var gjennomsnittleg betaling per student 37 700 kr hausten 2025, ein auke på berre 700 kr frå hausten 2024.

5.4.2 Auke i skulepengefinansierte utdanningar på under 30 studiepoeng

I 2025 vart det betalt om lag 18,2 millionar kroner i skulepengar for kortare studietilbod. Dette er ein auke frå 2024, og ei vidareføring av den veksten ein har sett sidan 2022. Samstundes har talet på oppmeldingar auka til om lag 1 370, mot rundt 1 150 året før, som vist i

tabell 5.4. For desse tilboda vert studentane ofte registrerte med fleire oppmeldingar i løpet av eit år, slik at tala må tolkast som omfang av deltaking heller enn tal på unike studentar. Over halvparten av oppmeldingane er knytt til éin fagskule, NKI Fagskoler AS.

¹⁶ Sjå vedleggstabell [F5.2](#) for tal for heile året.

¹⁷ Pilot Flight Academy vart slått konkurs i januar 2026. Fagskulen hadde studentar hausten 2025 og er derfor inkludert i tala for dette året. Eventuelle konsekvensar av konkursen vil først bli synlege i statistikken for 2026.

Tabell 5.4 Antal oppmeldingar og gjennomsnittleg betaling per oppmelding etter finansieringsform på tilbod på under 30 studiepoeng, 2022–2025

Årstal	Delvis offentlig finansiert / andre midlar		Fullfinansiert vha skulepengar / andre eksterne tilskot	
	Antal oppmeldingar	Snitt skulepengar	Antal oppmeldingar	Snitt skulepengar
2022	32	1 000	787	8 300
2023	203	1 500	1 020	9 300
2024	119	4 600	1 036	15 400
2025	57	5 000	1 310	13 700

Merknad: Tabellen viser tal på oppmeldingar og gjennomsnittleg betaling for heile året.

Skulepengar er rekna ut med utgangspunkt i rapportert studentbetaling for heile utdanningstilbodet per oppmelding for tilbod på under 30 studiepoeng. Grunna omfanget av feilrapporteringa viser vi ikkje tal frå åra før 2022.

Vedlegg: [T5.4](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Skulepengar knytt til utdanningstilbod under 30 studiepoeng utgjer ein avgrensa, men veksande del av finansieringa i fagskulesektoren. Tabell 5.4 viser at gjennomsnittleg betaling per oppmelding for tilbod fullfinansiert av skulepengar er på om lag 13 700 kroner i 2025, noko lågare enn i 2024. For delvis offentlig finansierte tilbod ligg snittbetalinga på om lag 5 000 kroner.

Det aller meste av skulepengane er knytt til utdanningstilbod som er fullfinansierte gjennom skulepengar. Desse tilboda står for nesten 96 prosent av alle oppmeldingar og 98 prosent av skulepengane. Dei delvis offentlig finansierte tilboda utgjer ein svært liten del av denne delen av sektoren, både i omfang og økonomisk. Samstundes er dei fleste slike korte tilbod gratis og finansierte gjennom offentlege ordningar, som treparts bransjeprogram og Industrifagskulen (sjå kapittel 5.6 og 5.2.1).

5.5 Dei statlege fagskulane

I 2025 var det fem statlege fagskular: Brann- og redningsfagskulen, Dykkarutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet, Noregs grønne fagskule – Veia, Norsk fagskule for lokomotivførarar og Sjøforsvarets fagskule.

Sjøforsvarets fagskule er organisert som ei forsøksordning knytt til Forsvaret sine fag- og funksjonsutdanningar, med eit avgrensa tal utdanningstilbod og studentar. Fagskulen vert finansierte over budsjettet til Forsvarsdepartementet. Regjeringa har varsla ei vidare satsing på å akkreditere fleire av Forsvaret sine utdanningar, mellom anna for å styrkje synlegheita til utdanningane og gi betre karrieremoglegheiter for

forsvarspersonell (Forsvarsdepartementet, 2025). Dette kan på sikt bidra til at fleire utdanningstilbod vert organiserte som fagskuleutdanning, og at både talet på statlege institusjonar og fagskulestudentar i forsvaret aukar.

Brann- og redningsskulen vert finansiert over budsjettet til Justis- og beredskapsdepartementet med om lag 178 millionar kroner til drift av fagskuleverksemda i 2025. Norsk fagskule for lokomotivførarar vert finansiert over budsjettet til Samferdselsdepartementet, og hadde eit driftsbudsjett på om lag 72 millionar kroner i 2025. Dette er noko lågare enn i 2024, noko som heng saman med mindre kull i utdanninga, ifølgje opplysningar frå fagskulen. Sjå nærare omtale av studentane i lokførarutdanninga i kapittel 3.2.6 og 3.4.2.

Dei to statlege fagskulane Noregs grønne fagskule – Veia og Dykkarutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet vert finansierte over budsjettet til Kunnskapsdepartementet. Veia fekk om lag 36 millionar kroner. Tilskotet til Dykkarutdanninga er ein del av det samla tilskotet til Høgskulen på Vestlandet.

5.6 Statlege prosjektmidlar

Kvart år vert det lyst ut og tildelt midlar til ulike prosjekt innan høgare yrkesfagleg utdanning gjennom ulike tilskotsordningar. I 2025 vart det tildelt om lag 147 millionar kroner til fagskular gjennom dei ulike ordningane vi har samla inn tal på. I tabell 5.5 får vi ei oversikt over kva ordningar som inngår i dette talet.

Tabell 5.5 Statlege prosjektmidlar tildelt fagskular i 2024 og 2025

Ordning	2024	2025
Utviklingsmidlar til høgare yrkesfagleg utdanning	86 539 000	77 771 000
Treparts bransjeprogram for kompetanse	21 942 000	50 416 000
Erasmus+	12 206 000	12 865 000
Senter for framifrå høgare yrkesfagleg utdanning	6 000 000	6 000 000
Totalt	126 687 000	147 052 000

Merknad: For Erasmus+ vert tilskot tildelt i Euro. Beløp er omrekna til norske kroner basert på DNB sitt årsgjennomsnitt for valutakursar for dei aktuelle åra.

Vedlegg: [T5.5](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

5.6.1 Tilskotsordning for utviklingsmidlar til fagskular

Utviklingsmidlar til høgare yrkesfagleg utdanning skal bidra til å styrkje både kvaliteten og utviklingskapasiteten i fagskulesektoren. Ordninga har sidan oppstarten i 2017 fungert som eit viktig verkemiddel for målretta kvalitetsarbeid, og prosessen

med å identifisere utviklingsbehov og utarbeide søknader kan i seg sjølv ha ein positiv effekt på fagskulane sitt strategiske arbeid (Deloitte, 2022).

I 2025 vart det tildelt 77,8 millionar kroner til 55 prosjekt ved 18 fagskular. Fagskulane har nytta ordninga til å utvikle og revidere utdanningar i samarbeid med arbeidslivet, investere i utstyr og læringsarenaer som støttar praksisnær opplæring, og gjennomføre kompetanseheving for lærarar for å sikre undervisning av høg kvalitet. Tiltaka skal samla sett styrke relevansen i utdanningane og gjere dei betre tilpassa arbeidslivet sine behov.

Tal for perioden 2017–2025 viser ein tydeleg vekst i både søknadsvolum og økonomisk omfang for utviklingsmidlane. I 2017 vart det lyst ut 35 millionar kroner¹⁸, mot om lag 80 millionar kroner i 2025. Samstundes har talet på søknader auka frå 74 i 2017 til 109 i 2025, medan det samla beløpet det vert søkt om har stige frå om lag 80 millionar kroner til over 190 millionar kroner. Dette inneber at det årleg vert søkt om meir enn dobbelt så mykje som den disponible ramma. I 2024 vart det lyst ut og tildelt om lag 77,8 millionar kroner, men ordninga vart tilført om lag 8,8 millionar kroner gjennom revidert nasjonalbudsjett. Dette var eit ekstraordinært tiltak det eine året.

I 2025 har fleire prosjekt vore retta mot å byggje kapasitet ved institusjonane gjennom systematisk kvalitets- og utviklingsarbeid, etablering av profesjonelle læringsfellesskap og vidareutvikling av fagmiljø. Vidare har midlane bidrege til å styrkje fagskulane sitt internasjonaliseringsarbeid, særleg gjennom førebuande aktivitetar som nettverksbygging.

Trass i at internasjonalisering framleis utgjer ein mindre del av den samla tildelinga, er intensjonen at midlane skal byggje kapasitet og leggje grunnlag for vidare deltaking i Erasmus+-programmet. Eventuelle effektar av dette, til dømes i form av fleire søknader og tildelingar, vil først vise seg over tid.

I prosjektkatalogen til HK-dir (HK-dir, 2026b) kan du lese om dei einskilte prosjekta som har fått tildeling dei ulike åra.

5.6.2 Svak auke i tildeling gjennom Erasmus+

Erasmus+ er EU sitt utdanningsprogram for internasjonalt samarbeid og mobilitet, og gir mellom anna tilskot til prosjekt der fagskular samarbeider med utdanningsinstitusjonar og bransjeaktørar i Europa. I Stortingsmeldinga *Fagfolk for ei ny tid* (Meld. St. 11 (2024–2025)) vert det lagt vekt på at internasjonalt samarbeid,

¹⁸ Beløpet er i 2017-kroner, og er ikkje prisjustert.

snarare enn mobilitet åleine, bør vere ei viktig retning for vidare utvikling av fagskulesektoren.

Tildelingane til fagskulesektoren har auka noko frå 2024 til 2025, frå 12,2 til 12,9 millionar kroner. I 2025 har åtte fagskular fått støtte til både mobilitetstiltak og samarbeidsprosjekt med partnarar i fleire europeiske land. Midlane vert nytta til ei rekkje utviklings- og samarbeidsprosjekt, mellom anna innan internasjonalisering og fagleg utvikling av utdanningstilbod.

5.6.3 Ei dobling av tildelingar gjennom treparts bransjeprogram for kompetanse

Treparts bransjeprogram for kompetanse rettar seg mot utvikling av korte og fleksible utdanningstilbod i tett samarbeid med partane i arbeidslivet, og omfattar fleire ulike bransjar. Tildelingane som har gått til fagskular frå ordninga har meir enn dobla seg det siste året, frå om lag 21,9 millionar kroner til fagskular i 2024 til 50,4 millionar kroner i 2025. I 2025 vart midlane fordelte til ni fagskular.

Tildelingane varierer mellom år, og er i stor grad knytt til prioriterte bransjar og behov som vert definerte gjennom politiske satsingar. I 2025 var totalt 974 studentar melde opp til utdanningstilbod finansierte gjennom treparts bransjeprogram, der 71 av desse tok tilbod på 30 studiepoeng. Midlane var fordelte på utdanningar innan helse- og omsorgstenester, industri- og byggenæringa, informasjonssikkerheit og IKT, og solkraftbransjen.

5.6.4 Sentra for framifrå utdanning mottar framleis støtte.

Senter for framifrå høgare yrkesfagleg utdanning er ei forsøksordning som vart etablert i 2023. To sentre, Senter for erfaringsbasert læring (SEL) og Senter for nyskapande utdanningar (SNU) vart tildelt senterstatus, og tolv millionar kroner kvar fordelt på fire år. Formålet med sentra er å heve kvaliteten og statusen til høgare yrkesfagleg utdanning. Ordninga skal gi framifrå fagskular ressursar til å arbeide langsiktig og systematisk med kvalitetsutvikling og innovasjon i utdanningane. Sjå tekstboks 4 for meir informasjon om sentra og SFY-ordninga.

Tekstboks 4 Senter for framifrå høgare yrkesfagleg utdanning (SFY)

Senter for framifrå høgare yrkesfagleg utdanning (SFY) vart etablert som ei pilotordning for å teste ut om ei senterordning er riktig verkemiddel for å styrkje kvalitet og status i høgare yrkesfagleg utdanning. Dei to sentra, Senter for erfaringsbasert læring og Senter for nyskapande utdanningar, har mottatt tolv millionar kroner kvar over ein periode på fire år (2023–2026).

Senter for erfaringsbasert læring (SEL) har i pilotperioden prioritert utvikling av pedagogisk kompetanse i høgare yrkesfagleg utdanning og har etablert fleire tilbod for fagskulelærarar. Blant anna praktisk-pedagogisk innføringskurs for nyttilsette, arbeidsverkstader, og kurs i hybrid læringsarbeid og bruk av kunstig intelligens. SEL har og gjennomført ei landsdekkande kartlegging av pedagogisk praksis og etablert møteplassen Fagskolepedagogisk forum. Forumet er eit tilbod retta mot fagmiljøa i heile sektoren.

Senter for nyskapande utdanningar (SNU) har på si side prioritert simuleringsmetodikk, metalæring og internasjonalisering i pilotperioden. Senteret har vidareutvikla og systematisert vertsinstitusjonen sin kompetanse innan simulering og ferdigheitstrening. Dette har blant anna resultert i eit nytt studiepoenggivande tilbod i simuleringspedagogikk. SNU har også eit utviklingsprosjekt innan metalæring, der studentane sine læringsstrategiar og utdanningsformer vert analysert med sikte på auka læringsmedvit og meistring. SNU har gjennomført to internasjonaliseringsseminar med mål om erfaringsdeling og auka kunnskap om internasjonalt samarbeid i høgare yrkesfagleg utdanning.

I pilotperioden er det gjennomført ei følgjeevaluering som peiker på at sentra har satt i gang relevante tiltak. Eit fellestrekk ved begge sentra er at oppstarts- og etableringsfasen har teke lang tid og prioriteringar har vorte justert undervegs i pilotperioden. Evaluatorane vurderer dette som i tråd med en pilotlogikk, der det skal være rom for å teste ut tiltak og justere kurs. Følgjeevalueringa gir eit godt grunnlag for vidare vurderingar om ei senterordning er eit riktig verkemiddel for å styrkje kvalitet og status i høgare yrkesfagleg utdanning.

Rapporten frå følgjeevalueringa kan du lese her: [Spydspiss eller katalysator? Evaluering av Senter for fremragende høyere yrkesfaglig utdanning \(SFY\)](#)

Kjelde: HK-dir

5.7 Heiltidsekvivalentar og studiepoengproduksjon etter finansieringskjelder

I starten av kapittel 5 har vi omtala dei ulike finansieringskjeldene i sektoren og omfanget av desse målt i kroner. Vi skal no sjå nærare på korleis aktiviteten i både den offentlege og skulepengebaserte finansieringa fordeler seg.

For å bruke eit meir samanliknbart tal på utdanningsaktivitet, brukar vi gjennomgåande heiltidsekvivalentar som mål. Som vi òg omtalar i kapittel 3.1, var det 36 100 studentar i høgare yrkesfagleg utdanning i 2025, og desse svara til 22 249 heiltidsekvivalentar.¹⁹

5.7.1 Offentleg finansierte tilbod utgjer tre fjerdedelar av aktiviteten

I 2025 var 55 prosent av heiltidsekvivalentane, knytt til fullstendig offentleg finansierte utdanningstilbod. Vidare var 20 prosent av heiltidsekvivalentane knytte til delvis offentleg finansierte tilbod. Dei resterande 25 prosentane var knytt til tilbod som er fullfinansierte gjennom skulepengar eller andre eksterne tilskot. Eksterne tilskot kan til dømes vere finansiering frå arbeidsgjevarar, som kjøper studieplassar for tilsette eller dekkjer skulepengar for enkeltpersonar.

I figur 5.3 kan ein sjå korleis heiltidsekvivalentane fordelar seg på dei ulike finansieringsformene i perioden 2021–2025. I denne perioden har det samla talet på heiltidsekvivalentar auka frå 18 647 til 22 249, ein vekst på om lag 19 prosent. Frå 2024 til 2025 auka talet med om lag 590 heiltidsekvivalentar, tilsvarande om lag tre prosent. Som omtala i kapittel 3.1.1 er auken i heiltidsekvivalentar lågare enn auken i studenttalet, fordi mange studentar tar utdanning på deltid eller gjennom kortare løp.


Auken i heiltidsekvivalentar har i hovudsak kome innan heilt og delvis offentleg finansierte utdanningstilbod, med ein samla vekst på 35 prosent. Ved fullstendig offentleg finansierte tilbod auka talet frå 10 323 i 2021, til 12 177 i 2025, det svarar til ein 18 prosent auke. Samstundes har dei delvis offentleg finansierte tilboda hatt ein særleg sterk vekst i perioden, frå 2 419 til 4 505 heiltidsekvivalentar (86 prosent). Dette inneber at heilt og delvis offentleg finansierte tilbod stod for 16 682 heiltidsekvivalentar i 2025, tilsvarande 75 prosent av alle heiltidsekvivalentar i sektoren. I 2021 var den tilsvarande delen 68 prosent.

¹⁹ Ein heiltidsekvivalent svarar til éin student som er meldt opp til eit utdanningsløp på 60 studiepoeng per år, det vil seie éin fulltidsstudent. Fleire deltidsstudentar vil inngå i ein heiltidsekvivalent.

Heiltidsekvivalentar på tilbod som er fullfinansierte av skulepengar eller andre eksterne tilskot har hatt ein jamn auke fram til 2024, men med ein tydeleg nedgang det siste året. Talet var 5 905 i 2021 og auka til 6 353 i 2024, før det fall til 5 567 i 2025. Dette utgjer ein nedgang det siste året på 786 heiltidsekvivalentar. Utviklinga kan mellom anna sjåast i samanheng med ei mogleg forskyving frå skulepengefinansierte tilbod, etter kvart som det offentlege tilskotet har auka og fleire tilbydarar har fått driftstilskot.

Nedgangen i skulepengefinansierte heiltidsekvivalentar er i hovudsak knytt til enkelte fagområde og tilbydarar. Dette gjeld særleg IT-fag og kreative fag ved Noroff, og i nokon grad kreative fag ved Kristiania, der talet på skulepengefinansierte heiltidsekvivalentar har gått ned. Samstundes heng nedgangen innan økonomi- og administrasjonsfag ved Gokstad Akademiet saman med ei endring i finansieringa. Her har talet på heiltidsekvivalentar på skulepengefinansierte tilbod innan økonomi- og administrasjonsfag gått ned, medan talet på heiltidsekvivalentar på offentlig finansierte tilbod innan same fagområde har auka ved fagskulen.

Figur 5.3 Tal på heiltidsekvivalentar etter finansieringsform per år. 2021–2025



Merknad: Ein heiltidsekvivalent vil seie ein student som tar 60 studiepoeng per år, altså ein fulltidsstudent. Fordi det er mange deltidsstudentar og studentar som tek kortare utdanningar er det fleire studentar per heiltidsekvivalent. Grunna ein feil i utrekninga er talet på heiltidsekvivalentar blitt justert samanlikna med førre rapport. Sjå kapittel 2.7 for nærare omtale. Tabellvedlegget inneheld ein tidsserie for åra 2017–2025.


Vedlegg: [F5.3](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

5.7.2 Tekniske fag og helse- og velferdsfag er i størst grad offentlig finansiert

Figur 5.4 viser utviklinga i talet på heiltidsekvivalentar på heilt og delvis offentlig finansierte utdanningstilbod frå 2021 til 2025, fordelt på fagområde. I 2025 er det framleis dei tekniske faga som utgjer den største delen av heiltidsekvivalentane, med 6 619 heiltidsekvivalentar, tilsvarande 40 prosent av totalen. Sjølv om tekniske fag har hatt ein klar vekst sidan 2021 (21 prosent), har det vore større vekst i fleire andre fagområde i perioden. Særleg innan IT-fag, der det i 2021 var 342 heiltidsekvivalentar på heilt og delvis offentlig finansierte IT-utdanningar. I 2025 har det auka til 1 286 heiltidsekvivalentar, som utgjer ein auke på 276 prosent sidan 2021.

Figur 5.4 Heiltidsekvivalentar per fagområde i 2021–2025, heilt og delvis offentlig finansiert



Merknad: Ein heiltidsekvivalent vil seie ein student som er meldt opp til eit utdanningstilbod på totalt 60 studiepoeng per år, altså ein fulltidsstudent. Fordi det er mange deltidsstudentar i høgare yrkesfagleg utdanning, og stadig fleire som tek kortare utdanningar på færre enn 30 studiepoeng totalt, vert det fleire studentar per heiltidsekvivalent. Grunna ein feil i utrekninga er talet på heiltidsekvivalentar blitt justert samanlikna med førre rapport. Sjå kapittel 2.7 for nærare omtale. Tabellvedlegget inneheld ein tidsserie for åra 2017–2025. Uoppgitt fagområde vert ikkje vist i figuren. Sjå vedlegg for tal på desse.

Vedlegg: [F5.4](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Talet på heiltidsekvivalentar innan helse- og velferdsfag på heilt og delvis offentleg finansierte tilbod har auka frå 2 976 i 2021 til 4 559 i 2025, det svarar til om lag 53 prosent auke. I 2025 utgjer helse- og velferdsfaga 27 prosent av alle heiltidsekvivalentar på heilt og delvis offentleg finansierte utdanningstilbod. Av dei 4 559 heiltidsekvivalentane innan helse- og velferdsfaga i 2025 er 2 624 knytte til helseutdanningar, noko som svarar til om lag 57 prosent. Oppvekstutdanningar utgjer 1 635 heiltidsekvivalentar, tilsvarande om lag 36 prosent, medan andre utdanningar innan fagområdet står for om lag 300 heiltidsekvivalentar, eller om lag sju prosent.

I økonomi- og administrasjonsfaga har det òg vore ein oppgang frå 2021 til 2025, med ein auke frå 1 656 til 2 008 heiltidsekvivalentar på heilt og delvis offentleg finansierte utdanningstilbod. Etter ein særleg sterk vekst frå 2017 fram mot 2021 har talet på heiltidsekvivalentar stabilisert seg noko dei siste åra, før det igjen auka i 2025. I 2025 var tolv prosent av heiltidsekvivalentane på utdanningstilbod innan økonomi- og administrasjonsfag, eitt prosentpoeng meir enn i 2024. Samstundes har det vore ein nedgang i skulepengefinansierte tilbod innan same fagområde frå 2024 til 2025. Dette kan tyde på ei viss forskyving frå skulepengefinansierte til heilt eller delvis offentleg finansierte utdanningstilbod, heller enn ein rein vekst i fagområdet.

Heiltidsekvivalentar på utdanningstilbod i samferdselsfag, kreative fag og i fagområdet anna har gjennom perioden hatt relativt stabile nivå, og utgjer dermed ein mindre del av dei samla heiltidsekvivalentane på heilt og delvis offentleg finansierte utdanningstilbod enn tidlegare.

5.7.3 Mest deltidsløp og yrkesfagleg rekruttering i offentleg finansierte tilbod

Når vi ser på fordelinga av heiltidsekvivalentar etter andre kjenneteikn enn fagområde, kjem det fram tydelege forskjellar i korleis utdanningstilboda er organiserte. Dei offentleg finansierte tilboda er i stor grad knytte til ulike typar fleksibilitet i utdanningane. Ein slik fleksibel form er deltidsutdanningar, og 69 prosent av heiltidsekvivalentane er knytte til deltidsløp, medan 31 prosent er knytte til heiltidsutdanningar. Dette er noko lågare enn delen studentar som tek utdanning på deltid samla sett. Dette kan sjåast i samanheng med at samferdselsfaga i stor grad er offentleg finansierte og vert tekne på heiltid. Sjå nærare omtale i kapittel 3.5.1.

Utdanningsforma i dei offentleg finansierte tilboda er i aukande grad prega av andre typar fleksible løysingar i tillegg, og særleg nettbaserte utdanningar med samlingar. I 2025 er 55 prosent av heiltidsekvivalentane knytte til nettbaserte utdanningar med samlingar, medan 14 prosent er knytte til reine nettbaserte tilbod. Samla utgjer desse to utdanningsformene nesten 70 prosent av dei offentleg finansierte utdanningstilboda. Samstundes utgjer stadbaserte utdanningar om lag 31 prosent av heiltidsekvivalentane. Dette viser ei tydeleg dreining mot meir fleksible

utdanningsformer innan den offentleg finansierte delen av sektoren. Ser ein på alle studentar samla, er delen som tek reine nettbaserte utdanningar dobbelt så høg (sjå kapittel 3.5.3). Denne typen utdanning er langt meir utbreidd i den skulepengefinansierte delen av sektoren (sjå kapittel 5.7.8).


Yrkesfagleg kompetanse er det største opptaksgrunnlaget for dei offentleg finansierte studieplassane, og står for heile 67 prosent av heiltidsekvivalentane i 2025. Studentar som vert tekne opp på grunnlag av realkompetanse eller generell studiekompetanse utgjer ein vesentleg mindre del av opptaket. Sjå kapittel 3.6 for meir om utviklinga i opptaksgrunnlag.

5.7.4 Vekst gjennom nye studieplassar

Stortingsmeldinga *Fagfolk for en ny tid – med høyere yrkesfaglig utdanning* (Meld. St. 11 (2024–2025)) viser at frå 2018 til 2025 er det statlege tilskotet til drift av fagskular som fylkeskommunane forvaltar auka med om lag 705 millionar kroner, noko som svarar til ein realvekst på om lag 82 prosent. Auka kjem først og fremst av løyvingar til nye studieplassar til fagskulane.

Stortinget har løyvd midlar til 4 138 nye toårige studieplassar i høgare yrkesfagleg utdanning i perioden 2018 til 2025; 638 plassar i 2018, 1 600 i 2020, 500 i 2023, 500 plassar i 2024 og 900 plassar i 2025.²⁰ I tillegg kom det 498 eittårige studieplassar til ordninga Industrifagskulen i 2021, og 100 studieplassar i 2025. Som ein ser av figur 5.5 har det totalt kome 4 736 nye studieplassar i heile perioden. Dei toårige studieplassane inngår i det statlege driftstilskotet som fylkeskommunane forvaltar, medan dei eittårige studieplassane er øyremerkte Industrifagskulen, som vert forvalta av HK-dir.

²⁰ I 2026 kom tilskot til ytterlegare 900 nye studieplassar. Desse er ikkje med i oversikta sidan rapporten berre omhandlar utviklinga i sektoren til og med 2025.

Figur 5.5 Nye studieplassar 2018–2025

Merknad: Dei toårige studieplassane inngår i det statlege driftstilskotet som fylkeskommunane forvaltar, medan dei eittårige studieplassane er øyremerkte Industrifagskulen, som vert forvalta av HK-dir.

Vedlegg: [F5.5](#)


Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Toårige studieplassar inneber at tilskotet til fylkeskommunane i snitt skal gi økonomisk grunnlag for å finansiere eitt kull med studentar som startar opp haustsemesteret, og eitt ytterlegare nytt kull året etter, slik at midlane dekkjer toårige utdanningsløp over tid. Sjølv om ein studieplass vert finansiert som ein fulltids toårig studieplass, vert tilskotet i stor grad brukt til å finansiere fleire studentar på deltidstilbod og kortare tilbod, noko som betyr at talet på studentar aukar meir enn talet på studieplassar det er tildelt midlar til.

Utviklinga i talet på studieplassar viser at statlege løyvingar over fleire år har bidrege til å auke kapasiteten i sektoren og samstundes styre utviklinga mot prioriterte kompetanseområde. Som vist i figur 5.4 har enkelte fagområde hatt ein større vekst i heiltidsekvivalentar enn andre. Dette gjeld særleg tekniske fag, IT-fag og helse- og velferdsfag, som alle har hatt sterk vekst og samsvarar godt med prioriteringane i tildelingane av nye studieplassar (Meld. St. 11 (2024–2025)). Sjå òg kapittel 4.5.2 for utviklinga i talet på utdanningstilbod innan desse fagområda.

For å analysere effekten av dei nye studieplassane kan vi sjå på samanhengen mellom forventa vekst i heiltidsekvivalentar ut frå auke i driftstilskot og den faktiske utviklinga i heiltidsekvivalentar ved utdanningstilbod som er heilt eller delvis offentleg finansierte. Figur 5.6 viser forventa vekst som følgje av nye studieplassar (blå linje) og den faktiske utviklinga ved fagskulane (raud linje). Utviklinga tydar på at fagskulane klarer å rekruttere studentar og auke studieaktiviteten i takt med, og i nokre tilfelle noko over, det nivået dei nye studieplassane legg til rette for.

Figur 5.6 Forventa og faktisk vekst i heiltidsekvivalentar i utdanningstilbod finansierte av driftstilskotet frå Kunnskapsdepartementet og fylka sine frie inntekter, 2021–2025



Merknad: Tala viser utviklinga i rapporterte heiltidsekvivalentar for utdanningstilbod som er finansierte med det statlege tilskotet som fylkeskommunane forvaltar. Tabellvedlegget inneheld ein tidsserie for åra 2017–2025.

Vedlegg: [F5.6](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU


5.7.5 Auka studiepoengproduksjon med nye studieplassar

Figur 5.7 viser den forventa utviklinga i studiepoengeiningar (SPE), basert på auka finansiering (blå linje), og den faktiske utviklinga i avlagde SPE (raud linje) i delvis og fullt offentleg finansierte utdanningar. Dette kan tyde på at effekten av nye studieplassar ikkje berre kjem til syne i talet på heiltidsekvivalentar, men òg i studiepoengproduksjon.

Tala viser at produksjonen har auka jamt frå 2021 til 2025, frå om lag 8 340 til 11 917 SPE. Utviklinga tyder på at fagskulane i stor grad omset auka finansiering i høgare studieaktivitet og at produksjonen av studiepoeng i stor grad følgjer den forventa veksten.

Nivået på SPE ligg likevel på om lag 1 000 SPE lågare enn det forventa nivået i 2025. Skilnadene mellom forventa og faktisk nivå kan sjåast i lys av fleire ting. For det fyrste tek det tid før nye studieplassar gir fullt utslag i studiepoengproduksjon. Det kan òg skuldast at utdanningane kostar meir enn det som vert lagt til grunn når ein set forventningar til eit visst tal SPE, eller at fagskulane har for lite bruk av «overbooking» for å ta høgde for naturleg fråfall. Tal frå figur 5.6 kan tyde på at fagskulane i aukande grad tek opp fleire heiltidsekvivalentar enn det som ligg til grunn i tildelinga av studieplassar. Dei siste åra overstig rapporterte heiltidsekvivalentar i større grad det venta nivået, noko som kan indikere ei viss «overbooking» for å handtere etterspurnad og naturleg fråfall.

Figur 5.7 Studiepoengeiningar i offentleg finansierte utdanningstilbod, 2021–2025



Merknad: Ei studiepoengeining er 60 studiepoeng, tilsvarande eitt års studiar på full tid. Offentleg finansierte utdanningar med unntak av dei statlege fagskulane som får tilskot direkte over statsbudsjettet. Tabellvedlegget inneheld ein tidsserie for åra 2017–2025.

Vedlegg: [F5.7](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

5.7.6 Høg gjennomføring i dei offentleg finansierte utdanningane

Fullføring i høgare yrkesfagleg utdanning vert i denne rapporten målt som produserte studiepoengeiningar (SPE) i prosent av forventa produksjon, basert på studentane sine oppmeldingar kvart studieår. I dette delkapittelet ser vi nærare på dei offentleg finansierte utdanningstilboda, og korleis fullføringa har utvikla seg over tid.

Tabell 5.6 viser at fullføringa i dei offentleg finansierte utdanningane har vore gjennomgåande høg og stabil i perioden 2021–2025. I denne perioden vart over 80 prosent av dei forventa studiepoengeiningane produserte kvart år. Fullføringa ligg relativt stabilt på om lag 81–83 prosent, og i 2025 vart 83 prosent av dei forventa studiepoenga avlagde.

Samanlikna med sektoren samla sett ligg fullføringa i dei offentleg finansierte utdanningane gjennomgåande nokre prosentpoeng høgare. Det er krevjande å peike på éi eintydig forklaring på desse skilnadene, då det er mange moment som kan spele inn som til dømes fagleg innretning, organisering av utdanningstilboda og motivasjon hos studentane.

Utviklinga over tid peikar på høg gjennomføringsgrad og relativt små årlege svingingar i dei offentleg finansierte utdanningstilboda. Dette skil dei offentleg finansierte utdanningane frå dei skulepengefinansierte tilboda, der fullføringa varierer meir og ligg på eit lågare nivå, jf. omtale i kapittel 5.7.9.

Tabell 5.6 Forventa og produserte studiepoengeiningar, studieåra 2021/22–2024/25, offentleg finansierte tilbod

Studieår	Forventa studiepoengeiningar	Produserte studiepoengeiningar	Andel av forventa
Studieåret 21–22	11 577	9 380	81 %
Studieåret 22–23	11 964	9 982	83 %
Studieåret 23–24	13 455	11 006	82 %
Studieåret 24–25	14 665	12 129	83 %

Merknad: Ei studiepoengeining er 60 studiepoeng, tilsvarande eitt års studiar på full tid.

Tabellvedlegget inneheld ein tidsserie for studieåra 2017/18–2024/25.

Vedlegg: [T5.6](#)


Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

5.7.7 Nedgang i den skulepengefinansierte aktiviteten

Talet på heiltidsekvivalentar i den skulepengefinansierte delen av sektoren har gått ned frå 5 905 i 2021 til 5 567 i 2025. Dette svarar til ein nedgang på om lag seks prosent i perioden. Nedgangen er særleg markant frå 2024 til 2025, med tolv prosent, frå 6 353 til 5 567 heiltidsekvivalentar. Nedgangen kan skyldast fleire ting, mellom anna endra betalingsvilje eller at det er ein auke i offentleg finansierte tilbod i same kategori.

Figur 5.8 viser utviklinga i talet på heiltidsekvivalentar på skulepengefinansierte utdanningstilbod frå 2021 til 2025, fordelt på fagområde. I 2021 var ein stor del av heiltidsekvivalentane knytte til kreative utdanningar. I 2025 utgjer kreative utdanningar framleis ein betydeleg del av dei skulepengefinansierte heiltidsekvivalentane, men talet har gått ned frå 1 514 i 2021 til 1 217 i 2025. Samstundes har talet på heiltidsekvivalentar auka innan IT-fag og økonomi- og administrasjonsfag. IT-faga har hatt ein auke frå 1 595 heiltidsekvivalentar i 2021 til 1 785 i 2025, medan økonomi- og administrasjonsfag har hatt ein vekst frå 1 371 til 1 589 heiltidsekvivalentar i same periode.

Figur 5.8 Heiltidsekvivalentar per fagområde i 2021–2025, skulepengefinansiert



Merknad: Ein heiltidsekvivalent vil seie ein student som er meldt opp til eit utdanningstilbod på totalt 60 studiepoeng per år, altså ein fulltidsstudent. Fordi det er mange deltidsstudentar i høgare yrkesfagleg utdanning, og stadig fleire som tek kortare utdanningar på færre enn 30 studiepoeng totalt, vert det fleire studentar per heiltidsekvivalent. Grunna ein feil i utrekninga er talet på heiltidsekvivalentar blitt justert samanlikna med førre rapport. Sjå kapittel 2.7 for nærare omtale. Tabellvedlegget inneheld ein tidsserie for åra 2017–2025.

Vedlegg: [F5.8](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

For samferdselsfaga er veksten i hovudsak knytt til luftfartsutdanningane.²¹ Dei tekniske faga og helse- og velferdsfaga utgjør ein relativt liten del av dei skulepengefinansierte tilboda. Desse skil seg noko frå den offentleg finansierte delen av sektoren, der desse fagområda over tid har hatt den største veksten og utgjør den største delen av heiltidsekvivalentane.

5.7.8 Mest heiltids- og nettbasert undervisning på skulepengefinansierte tilbod

Når vi ser på fordelinga av heiltidsekvivalentar etter heiltid og deltid, skil dei skulepengefinansierte tilboda seg frå dei offentleg finansierte. I 2025 var 69 prosent av heiltidsekvivalentane innanfor dei skulepengefinansierte tilboda knytt til heiltidsutdanningar, medan 31 prosent var knytt til deltidsløp. Tala for dei offentleg finansierte tilboda viser om lag det motsette (sjå kap. 5.7.3).

Det er nettbasert undervisning som dominerer dei skulepengefinansierte tilboda. I 2025 var 64 prosent av heiltidsekvivalentane knytt til reine nettbaserte tilbod, medan tre prosent var knytt til nettbaserte utdanningar med samlingar. Stadbaserte utdanningar utgjør om lag 33 prosent.

Dette skil seg frå dei offentleg finansierte tilboda, der nettbaserte utdanningar med samlingar utgjør den største delen, medan reine nettbaserte tilbod spelar ei mindre rolle. Dette ser vi særleg innan fagområda IT-fag og økonomi- og administrasjonsfag, der nettbaserte utdanningar er den mest utbreidde utdanningsforma (sjå kapittel 4.8.2). I desse fagområda er dei skulepengefinansierte tilboda i hovudsak nettbaserte, medan dei offentleg finansierte tilboda i større grad er organiserte som nettbasert med fysiske samlingar.

Når vi ser på opptaksgrunnlaget for dei skulepengefinansierte tilboda, er generell studiekompetanse det klart største grunnlaget. I 2025 var 55 prosent av heiltidsekvivalentane knytte til generell studiekompetanse, medan realkompetansevurdering og yrkesfagleg kompetanse utgjør høvesvis 28 og tolv prosent. Denne fordelinga er på same nivå som dei siste åra. Sjå kapittel 3.6.4 for nærare omtale av utviklinga i opptak av studentar på grunnlag av realkompetanse.

²¹ Pilot Flight Academy vart slått konkurs i januar 2026. Fagskulen hadde studentar hausten 2025 og er derfor inkludert i tala for dette året. Eventuelle konsekvensar av konkursen vil først bli synlege i statistikken for 2026.

5.7.9 Meir variabel gjennomføring i dei skulepengefinansierte utdanningane

Tabell 5.7 viser utviklinga i fullføring i skulepengefinansierte utdanningstilbod frå studieåret 2021/22 til 2024/25. Fullføringa er målt som produserte studiepoengeiningar (SPE) i prosent av forventa studiepoengproduksjon.

I denne perioden har mellom 76 og 81 prosent av dei forventa studiepoenga vorte produserte i skulepengefinansierte utdanningstilbod. Etter eit høgare nivå i åra 2021–2023 har fullføringa dei siste åra vore på om lag 76 prosent av dei forventa studiepoenga produserte.

Samanlikna med dei offentleg finansierte utdanningane er fullføringa i dei skulepengefinansierte tilboda både lågare og meir variabel frå år til år. Dette kan mellom anna ha samanheng med skilnader i fagområde og organiseringa av utdanningane, samt endringar i studenttal ved nokre av dei største tilbydarane. Det er likevel krevjande å peike på éi eintydig forklaring på desse skilnadene.

Det er tydelege skilnader mellom fagområda. I IT-fag vert ein høgare del av dei forventa studiepoenga produserte, med fullføring på 79 prosent. Fullføringa er lågare i økonomi- og administrasjonsfag, der om lag to tredelar av dei forventa studiepoenga vert produserte, og endå lågare i fagområdet anna, der fullføringa ligg rundt 60 prosent. Dei kreative utdanningane har ein produksjon på heile 88 prosent av forventa produksjon. Desse skilnadene samsvarar med ulik organisering av utdanningane og forskjellar i studentgrunnlag og studietakt, slik det er omtalt nærare i kapittel 3.2 og 3.5.

Tabell 5.7 Forventa og produserte studiepoengeiningar, studieåra 2021/22–2024/25, skulepengefinansierte tilbod

Studieår	Forventa studiepoengeiningar	Produserte studiepoengeiningar	Andel av forventa
Studieåret 21–22	5 792	4 642	80 %
Studieåret 22–23	5 897	4 753	81 %
Studieåret 23–24	6 165	4 699	76 %
Studieåret 24–25	6 107	4 618	76 %

Merknad: Ein studiepoengeining er 60 studiepoeng, tilsvarande eitt års studiar på full tid.

Tabellvedlegget inneheld ein tidsserie for studieåra 2017/18–2024/25.

Vedlegg: [T5.7](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Vil du fordjupe deg i statistikken?

[Datagrunnlaget for alle figurar og tabellar](#)²² i tilstandsrapporten er tilgjengeleg som vedlegg på nett. Vedlegga omfattar både grunnlagsdata for figurane i rapporten, lengre tidsseriar og supplerande tabellar som ikkje er viste i hovudteksten.

I tillegg er det utarbeidd egne [fylkesoversikter](#)²³ som gir eit samla sektorbilete for kvart fylke. Desse oversiktene inneheld utvalde nøkkeltal og korte omtalar av høgare yrkesfagleg utdanning ved studiestadene i dei einskilde fylka, og er meinte å støtte regional forvaltning, planlegging og analyse.

²² <https://vedlegg.hkdir.no/TRHYU/2026>

²³ <https://cdn.sanity.io/files/dc7vqrwe/production/e12947e07735deb18a5f4695162dff8f291c3c5e.pdf>

Figurliste

Figur 3.1 Studentar og heiltidsekvivalentar etter eigarskap, 2021–2025	25
Figur 3.2 Studentar fordelt på utdanningsomfang, 2021–2025	26
Figur 3.3 Studentar per fagområde, 2021–2025	29
Figur 3.4 Studentar på utdanningar innanfor IT-fag, 2017–2025	34
Figur 3.5 Studentar etter studiefylke og eigarskap, 2025	36
Figur 3.6 Andel studentar etter registrert bustadfylke og utdanningsform, 2025	38
Figur 3.7 Andel studentar, fordelt på fagområde og studiefylke, 2025	39
Figur 3.8 Andel studentar etter fagområde og alder, 2025	41
Figur 3.9 Kjønnssfordeling etter fagområde, 2025	42
Figur 3.10 Studentar på heiltid og deltid etter fagområde, 2025	45
Figur 3.11 Studentar etter utdanningsform, 2021–2025	48
Figur 3.12 Andel studentar etter utdanningsform og fagområde, 2025	50
Figur 3.13 Nye studentar etter opptaksgrunnlag, haust 2021–2025	55
Figur 3.14 Nye studentar etter opptaksgrunnlag per fagområde, hausten 2025	56
Figur 3.15 Andel nye studentar tatt opp på grunnlag av realkompetanse per fagområde, 2021–2025	59
Figur 3.16 Uteksaminerte studentar per fagområde, 2021–2025	62
Figur 3.17 Andel uteksaminerte studentar frå kortare studietilbod, korte utdanningstilbod og fagskulegrad per fagområde, 2025	64
Figur 3.18 Nye studentar ved fagskular som tidlegare har vore registrerte som student ved eit universitet eller høgskule, 2021–2025	69
Figur 4.1 Fagskular etter eigarskap, haust 2021–2025	75
Figur 4.2 Studiestader etter eigarskap, haust 2021–2025	76
Figur 4.3 Fagskular etter fagområde og eigarskap, haust 2025	77
Figur 4.4 Studiestader etter fagområde og eigarskap, haust 2025	78
Figur 4.5 Fagskular etter storleik målt i talet på studentar, haust 2017, 2021 og 2025	83
Figur 4.6 Studiestader etter storleik målt i talet på studentar, haust 2017, 2021 og 2025	85
Figur 4.7 Geografisk plassering av offentlege og private fagskular, 2025	88
Figur 4.8 Geografisk plassering av studiestader ved offentlege og private fagskular, 2025	89
Figur 4.9 Talet på studiestader ved fagskular etter sentralitetsklasse og fagskulestorleik, haust 2025	91
Figur 4.10 Utdanningstilbod etter fagområde, haust 2021–2025	96
Figur 4.11 Fordelinga av studie- og utdanningstilbod etter omfang målt i studiepoeng, haust 2025	98
Figur 4.12 Utdanningstilbod etter fagområde og omfang, haust 2025	100
Figur 4.13 Utdanningstilbod på heiltid og deltid etter fagområde, haust 2025	102
Figur 4.14 Utdanningstilbod etter utdanningsformer, haust 2021–2025	103
Figur 4.15 Utdanningstilbod innan ulike utdanningsformer etter fagområde, haust 2025	105
Figur 5.1 Finansieringskjelder 2025	108
Figur 5.2 Skulepengar etter finansieringsform, 2022–2025	113
Figur 5.3 Tal på heiltidsekvivalentar etter finansieringsform per år. 2021–2025	122
Figur 5.4 Heiltidsekvivalentar per fagområde i 2021–2025, heilt og delvis offentleg finansierte	123
Figur 5.5 Nye studieplassar 2018–2025	126
Figur 5.6 Forventa og faktisk vekst i heiltidsekvivalentar i utdanningstilbod finansierte av driftstilskotet frå Kunnskapsdepartementet og fylka sine frie inntekter, 2021–2025	127
Figur 5.7 Studiepoengeiningar i offentleg finansierte utdanningstilbod, 2021–2025	128
Figur 5.8 Heiltidsekvivalentar per fagområde i 2021–2025, skulepengefinansiert	130

Tabelliste

Tabell 3.1 Studentar på kortare studietilbod, korte utdanningstilbod og fagskulegradar etter eigarskap, 2021 og 2025.....	27
Tabell 3.2 Studentar på heiltid og deltid etter alder, 2025.....	47
Tabell 3.3 Oppmeldingar til kortare studietilbod under 30 studiepoeng fordelt på fagområde, 2021–2025.....	53
Tabell 3.4 Forventa og produserte studiepoengeiningar, studieåra 2021/22–2024/25.....	65
Tabell 3.5 Forventa og produserte studiepoengeiningar etter fagområde, studieåret 2024/2025.....	66
Tabell 3.6 Forventa og produserte studiepoengeiningar etter utdanningsform, studieåret 2024/2025.....	67
Tabell 3.7 Andel forventa og avlagde studiepoengeiningar etter heiltids- og deltidsutdanningar, studieåret 2024/25.....	68
Tabell 3.8 Fagskulekandidatar med fullført utdanningstilbod over 30 studiepoeng, seinare registrerte ved UH-institusjon, 2021–2025.....	71
Tabell 3.9 Fagskulekandidatar med fullført utdanningstilbod over 30 studiepoeng, seinare registrerte ved UH-institusjon, fordelt på fagområde for fagskuleutdanninga. 2025.....	72
Tabell 4.1 Endringar i institusjonsbilete i 2025.....	74
Tabell 4.2 Dei ti største fagskulane målt etter studenttal hausten 2025, med opplysningar om eigarskap, heiltidsekvivalentar og studiestader.....	80
Tabell 4.3 Tal fagskular etter tal studiestader, 2017, 2021 og 2025.....	84
Tabell 4.4 Fagskular og studiestader per fylke, haust 2025.....	86
Tabell 4.5 Oversikt over fagområdeakkrediteringar, 2025.....	92
Tabell 4.6 Utdanningstilbod i høgare yrkesfagleg utdanning, haust 2025.....	94
Tabell 5.1 Oversikt over statleg tilskot frå fylkeskommunar til offentlege og private fagskular, 2025.....	111
Tabell 5.2 Tilskot til fagskular frå fylkeskommunane sine frie inntekter rapportert til DBH-HYU, 2019, 2024 og 2025.....	112
Tabell 5.3 Antal studentar og gjennomsnittleg betaling per student etter finansieringsform. Utdanningstilbod på 30 studiepoeng eller meir, haust 2022–2025.....	114
Tabell 5.4 Antal oppmeldingar og gjennomsnittleg betaling per oppmelding etter finansieringsform på tilbod på under 30 studiepoeng, 2022–2025.....	115
Tabell 5.5 Statlege prosjektmidlar tildelt fagskular i 2024 og 2025.....	117
Tabell 5.6 Forventa og produserte studiepoengeiningar, studieåra 2021/22–2024/25, offentleg finansierte tilbod.....	129
Tabell 5.7 Forventa og produserte studiepoengeiningar, studieåra 2021/22–2024/25, skulepengefinansierte tilbod.....	132

Tekstboksar

Tekstboks 1 Høgare yrkesfagleg utdanning på nivå 6 og 7 i nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk.....	17
Tekstboks 2 Studentombodet sitt arbeid i høgare yrkesfagleg utdanning	23
Tekstboks 3 Realkompetansevurdering.....	60
Tekstboks 4 Senter for framifrå høgare yrkesfagleg utdanning (SFY)	120

Vedlegg: Datagrunnlag for figurar og tabellar

Datagrunnlag for alle figurar og tabellar kan bli lasta ned frå <https://vedlegg.hkdir.no/TRHYU/2026>

Under er ei liste med lenker til fleire tabellar og tidsseriar som er i vedlegget men som ikkje er viste i sjølve rapporten.

vedlegg 1	Studentar og heiltidsekvivalentar etter eigarskap og finansieringsform, 2017–2025
vedlegg 2	Studentar, heiltidsekvivalentar og studiepoengeiningar ved offentlege og private fagskular, 2017–2025
vedlegg 3	Studentar og heiltidsekvivalentar ved offentlege og private fagskular, fordelt på institusjonar, 2017–2025
vedlegg 4	Studiepoengeiningar ved offentlege og private fagskular, fordelt på institusjonar, 2017–2025
vedlegg 5	Studentar fordelt på fagområde og eigarskap, 2017–2025
vedlegg 6	Studiepoengeiningar etter eigarskap og fagområde, 2017–2025
vedlegg 7	Studentar per studiefylke i offentlege og private fagskular 2017–2025
vedlegg 8	Studentar etter studiefylke og finansieringsform, 2017–2025
vedlegg 9	Studentar etter bustadfylke, studiefylke og utdanningsform, 2025
vedlegg 10	Studentar etter studiefylke og utdanningsform, 2017–2025
vedlegg 11	Studentar etter utdanningstilbod og alder, 2017–2025
vedlegg 12	Studentar etter utdanningsform, heiltid, deltid og alder, 2025
vedlegg 13	Studentar på heiltid og deltid etter fagområde, 2017–2025
vedlegg 14	Andel studentar på tekniske fag etter kjønn og alder, 2017–2025
vedlegg 15	Andel studentar på helse og velferd etter kjønn og alder, 2017–2025
vedlegg 16	Nye studentar etter fagområde og opptaksgrunnlag, 2017–2025
vedlegg 17	Studentar med bestått utdanningstilbod etter fagområde og alder, vår 2017–2025
vedlegg 18	Studentar med bestått utdanningstilbod etter fagområde, utdanningsomfang og alder, vår 2025
vedlegg 19	Avsluttande vurdering av emne, fordelt på eigarskap. Strykprosent og absolutte tal, vår 2017–2025
vedlegg 20	Strykprosent i avsluttande vurdering av emnar fordelt på fagområde og eigarskap, 2017–2025
vedlegg 21	Studentar etter statsborgarskap, 2017–2025
vedlegg 22	Fagskular etter utdanningskategori og storleik, 2017–2025
vedlegg 23	Fagskular etter fylke og eigarforhold, 2017–2025
vedlegg 24	Studietilbod etter fagområde og utdanningsform, 2017–2025
vedlegg 25	Studietilbod etter fagområde og omfang, haust 2025
vedlegg 26	Utdanningstilbod etter fagområde og omfang, haust 2017–2025
vedlegg 27	Heiltidsekvivalentar per fagområde og fag, 2017–2025, heilt og delvis offentlig finansiert
vedlegg 28	Heiltidsekvivalentar fordelt på finansieringsform og utdanningsform
vedlegg 29	Heiltidsekvivalentar fordelt på finansieringsform og heiltid/deltid
vedlegg 30	Nye studentar etter opptaksgrunnlag og alder, haust 2017–2025
vedlegg 31	Studentar etter kjønn og alder, 2017–2025
vedlegg 32	Gjennomsnittsalder etter kjønn og fagområde, 2017–2025
vedlegg 33	Skulepengesnitt etter fagområde og finansieringsform for tilbod på 30 studiepoeng eller meir, hausten 2022–2025
vedlegg 34	Studentar som starta på helse- og velferdsutdanning i HYU hausten 2025, med fullført utdanning frå eit universitet eller høgskule frå tidlegare

- [vedlegg 35](#) Studentar per fagområde og fagtype, 2017–2025
- [vedlegg 36](#) Utdanningstilbod etter utdanningsform og eigarskap, 2017–2025
- [vedlegg 37](#) Nøkkeltal for private fagskular som får offentleg tilskot, 2024

Vedlegg: Fylkesoversikter

I dette vedlegget presenterer vi eit utval av statistikk om høgare yrkesfagleg utdanning i kvar enkelt fylkeskommune. Vedlegget er ein vidareføring av fylkesoversiktene som vart laga i tilstandsrapporten for 2025, og gir oppdaterte tal og utviklingstrekk for dei siste åra. I årets rapport er mellom anna dei fylkesvise sektorbileta som tidlegare låg i hovudrapporten, samla og vidareutvikla i dette vedlegget.

Formålet med oversiktene er å gi eit overordna bilete av utviklinga i sektoren i det einskilde fylke, med hovudvekt på dei siste åra. Det vert gitt korte kommentarar til statistikken per fylke, men ikkje inngåande analyser. Oversikta er meint å gi fylkeskommunar, fagskular og andre interessentar eit betre grunnlag for å forstå utviklinga av høgare yrkesfagleg utdanning i eigen region, og kan nyttast i kompetansepolitisk arbeid og forvaltinga av høgare yrkesfagleg utdanning.

Sjå og last ned fylkesoversikta som PDF: [Fylkesoversikter, vedlegg til Tilstandsrapport for høgare yrkesfagleg utdanning 2026](#)

Referansar

- Andresen, S. & Breines, M. R. (2024). *Fagskoler i en brytningstid Muligheter og begrensninger ved nettbaserte utdanningstilbud* (Fafo-rapport 2024:46). Fafo. <https://www.fafo.no/publikasjoner/fafo-rapporter/fagskoler-i-en-brytningstid>
- Breines, M. R., Andresen, S. & Fedoryshyn, N. (2026). *Videreutdanning uten gevinst? Fagskoleutdanning for helsefagarbeidere* (Fafo-rapport 2026:03). Fafo. <https://www.fafo.no/publikasjoner/fafo-rapporter/videreutdanning-uten-gevinst>
- Deloitte. (2022). *Evaluering av fagskolemeldingen. Andre delrapport – finansieringssystemet*. <https://nor.deloitte.com/rs/712-CNF-326/images/Fagskolemeldingenandre-delrapport-finansieringssystemet.pdf>
- Fafo. (2025, 13. oktober). *Påfyll av kunnskap «på hvert nes»*. <https://www.fafo.no/om-fafo/nyheter/pafyll-av-kunnskap-pa-hvert-nes>
- Forsvarsdepartementet. (2025). *Høringsnotat – Forslag til forskrift om unntak og tilpasninger til fagskoleloven for Forsvarets fagskoler* [Høring]. Forsvarsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/forslag-til-forskrift-om-unntak-og-tilpasninger-til-fagskoleloven-for-forsvarets-fagskoler/id3141740/?expand=horingsnotater>
- Furholt, J., de Besche, T. & Børing, P. (2026). *NHOs kompetansebarometer 2025. Kompetanseheving som tiltak og strategi* (NIFU-rapport 2026:4). Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU). <https://www.nho.no/tema/kompetanse-og-utdanning/kompetansebarometer/>
- Grafill. (2025). *Rapport: Er dette den nye normalen?* <https://www.grafill.no/nyheter/rapport-designbransjen-fortsatt-i-hardt-vaer>
- Haug, K., Sundt, S. E., Khosravi, A. & Jakobsen, E. W. (2025). *Maritim Verdiskapingsrapport 2026* (Menon-publikasjon Nr. 1/2026). Menon Economics. <https://static1.squarespace.com/static/64354f7d51d8e47d995127a1/t/698342392686e421c2f8c296/1770209849057/2026-01+Maritim+verdiskapingsrapport+2026.pdf>
- HK-dir. (2024). *Framtidige kompetansebehov Kunnskapsgrunnlag for kompetansepolitikken 2023* (03/2024). Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse. <https://hkdir.no/rapporter-undersokelser-og-statistikk/framtidige-kompetansebehov-kunnskapsgrunnlag-for-kompetansepolitikken-2023>
- HK-dir. (2025). *Tilstandsrapport for høgare yrkesfagleg utdanning 2025* (07/2025). Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse. <https://hkdir.no/rapporter-undersokelser-og-statistikk/tilstandsrapport-for-hogare-yrkesfagleg-utdanning-2025>

- HK-dir. (2026a). *Kvalitet i realkompetansevurdering*. <https://hkdir.no/kvalitet-i-realkompetansevurdering>
- HK-dir. (2026b). *Prosjektkatalog*. <https://espresso.projects.hkdir.no/>
- HK-dir. (2026c). *Søkertall for universitet og høyskoler i Samordna opptak 2026* | HK-dir. Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse (HK-dir). <https://hkdir.no/rapporter-undersokelser-og-statistikk/sokertall-for-universitet-og-hogskoler-i-samordna-opptak-2026>
- Høst, H., Furholt, J. & Lyckander, R. H. (2024). *Hvordan samarbeider fagskolene med arbeidslivet om utdanningene?* (NIFU-rapport; 2024:7). Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU). <https://www.nifu.no/rapporter/hvordan-samarbeider-fagskolene-med-arbeidslivet-om-utdanningene/>
- Høst, H., Furholt, J. & Lyckander, R. H. (2025). *Hvordan samarbeider fagskolene med arbeidslivet om utdanningene? Del 2: Helse- og oppvekstutdanninger* (NIFU-rapport; 2025:6). Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning. <https://www.nifu.no/rapporter/hvordan-samarbeider-fagskolene-med-arbeidslivet-om-utdanningene-del-2-helse-og-oppvekstutdanninger/>
- Høst, H., Lyby, L. & Schwach, V. (2019). *Fagskoleutdanningens kunnskapsbase* (NIFU-rapport 2019:22). Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning. <https://nifu.brage.unit.no/nifu-xmlui/handle/11250/2631167>
- Innst. 290 L (2023–2024). *Innstilling fra utdannings- og forskningskomiteen om Endringer i fagskoleloven (institusjonsakkreditering for fagskoler mv.)*. <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Innstillinger/Stortinget/2023-2024/inns-202324-290I/>
- Jensen, K. E. (2023, 24. august). *Kvotering kan gi flere kvinnelige lokførere*. Lokførerskolen. <https://lokforerskolen.no/nyheter/kvotering/>
- Kompetansebehovsutvalget. (2022). *Fremtidige kompetansebehov. Høyere yrkesfaglig utdanning for et arbeidsliv i endring* (Temarapport). <https://kompetansebehovsutvalget.no/wp-content/uploads/2022/06/KBU-temarapport-2022.pdf>
- Kompetansebehovsutvalget. (2025). *Fremtidige kompetansebehov. Hvilken kompetanse trenger Norge for å lykkes med digital omstilling?* https://www.kompetansebehovsutvalget.no/uploads/ryOXlyAG/Kompetansebehovsutvalget_rapport_digitalversjon.pdf
- Kultur- og likestillingsdepartementet. (2024). *Strategi for likestilling mellom kvinner og menn 2025–2030* [Strategi]. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/strategi-for-likestilling-mellom-kvinner-og-menn-2025-2030/id3077968/>
- Kunnskapsdepartementet. (2025). *System for kompetanse- og karriereutvikling for ansatte i barnehage og skole* [Strategi].

- <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/system-for-kompetanse-og-karriereutvikling-for-ansatte-i-barnehage-og-skole/id3098922/>
- Lyckander, R. H., Lillebø, O. S., Furholt, J., Alne, R. H. & de Besche, T. (2026). *Fagskolekandidatene: Stabilitet og endring i yrkestilpasning og studentsammensetning. Resultater fra kandidatundersøkelsen for høyere yrkesfaglig utdanning, avgangskullene 2021–2024* (NIFU-rapport 2025:25). NIFU Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning. <https://nva.sikt.no/registration/019b93b32bad-7ac7c066-9821-4866-abe4-23ad40fa3b45>
- Meld. St. 6 (2019–2020). *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*. Kunnskapsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-6-20192020/id2677025/>
- Meld. St. 9 (2016–2017). *Fagfolk for fremtiden—Fagskoleutdanning*. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-9-20162017/id2522412/>
- Meld. St. 9 (2024–2025). *Totalberedskapsmeldingen Forberedt på kriser og krig*. Justis- og beredskapsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-9-20242025/id3082364/>
- Meld. St. 11 (2024–2025). *Fagfolk for en ny tid—Med høyere yrkesfaglig utdanning*. Kunnskapsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-11-20242025/id3091513/>
- Meld. St. 14 (2022–2023). (2023). *Utsyn over kompetansebehovet i Norge*. Kunnskapsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-14-20222023/id2967608/>
- NOKUT. (2024). *Studiebarometeret for fagskolestudenter 2024: Hovedtendenser* (Rapport 6/2024). https://www.nokut.no/globalassets/studiebarometeret/2024/fagskole/studiebarometeret_for_fagskoler_2024_hovedtendenser_6-2024.pdf
- NOKUT. (2026). *Fire fagskoler plukket ut for tilsyn med kvalitetsarbeid*. NOKUT. <https://www.nokut.no/nyheter/fire-fagskoler-plukket-ut-for-tilsyn-med-kvalitetsarbeid/>
- NOU 2023:4. *Tid for handling Personellet i en bærekraftig helse- og omsorgstjeneste*. Helse- og omsorgsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2023-4/id2961552/>
- NOU 2023:7. *Nå er det alvor. Rustet for en usikker fremtid*. Justis- og beredskapsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2023-17/id2982767/>
- Nærings- og fiskeridepartementet. (2026, 2. mars). *Regjeringen vil ruste den maritime politikken for en ny tid* [Pressemelding]. Regjeringen. <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/regjeringen-vil-ruste-den-maritime-politikken-for-en-ny-tid/id3150645/>

- Skjøstad, O. & Danielsen, M. (2026). *Navs bedriftsundersøkelse 2026: Vedvarende mangel på helsepersonell* (Nav-rapport 2026: 2). Nav.
<https://doi.org/10.60847/NAV.6225>
- Skjøstad, O., Sørbø, J. & Myklathun, K. H. (2025). *Navs bedriftsundersøkelse 2025: Stor mangel på folk med fagbrev* (4/2025). <https://www.nav.no/no/nav-og-samfunn/kunnskap/analyser-fra-nav/arbeid-og-velferd/arbeid-og-velferd/bedriftsundersokelsen>
- SSB. (2025). *Kjønnskillnader. Kvinner og menn har ofte ulike arbeidsoppgåver*. <https://www.ssb.no/ssb-skole/undervisningsopplegg/den-norske-arbeidsmarknaden/kjonnskillnader-kvinner-og-menn-har-ofte-ulike-arbeidsoppgaver>
- Syversen, T. L., Myklebø, S., Wedum, G., Lervik, M., Hermanrud, I., Madsbu, J. P. & Hole, Å. S. (2026). *Hvordan designe gode læringsprosesser for heltidsstudenter og deltidsstudenter? Erfaringer fra Covid-19-pandemie* (1; Högre utbildning 16, s. 1–18). Universitetet i Innlandet.
<https://hogreutbildning.se/index.php/hu/article/view/6381/12077>

